

**MILJØDIREKTORATET SI TILRÅDING TIL KLIMA- OG
MILJØDEPARTEMENTET OM ETABLERING AV
TRE MARINE VERNEOMRÅDE:**

**Krossfjorden i Hordaland fylke
Ytre Hardangerfjorden i Hordaland fylke
Lurefjorden og Lindåsosane i Hordaland fylke**

Juni 2019

1. FRAMLEGG

Miljødirektoratet tilrår at tre marine verneområde vert oppretta med heimel i Lov om forvaltning av naturens mangfold:

- Krossfjorden marine verneområde, Sund, Austevoll, Os og Bergen kommunar, Hordaland fylke (om lag 192,8 km² sjøareal).
- Ytre Hardangerfjorden marine verneområde, Tysnes, Stord, og Kvinnherad kommunar, Hordaland fylke (om lag 67,8 km² sjøareal).
- Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde, Lindås, Radøy og Austrheim kommunar, Hordaland fylke (om lag 71 km² sjøareal).

Dei føreslegne marine verneområda omfattar til saman et sjøareal på 331,6 km². Nytt verneareal utgjer 331 km².

Øvre avgrensing av områda er føreslege til to meter under sjøkartnull (referansenivået i alle norske sjøkart) eller djupare, og det inneber at privat grunn ikkje er omfatta.

1.1 Heimelsgrunnlag og grunngjeving for verneforslaga

Områda vert foreslått verna som marine verneområde med heimel i naturmangfaldlova § 39. Det er tidlegare oppretta seks marine verneområde med heimel i denne paragrafen: Framvaren, Tauterryggen, Saltstraumen, Jærkysten, Gaulosen og Rødberget.

Det går fram av § 39 at det kan opprettast verneområde i sjø for å beskytte marine verneverdiar, medrekna naturverdiar som er økologiske føresetnader for landlevande artar.

Dei føreslegne områda Krossfjorden, Ytre Hardangerfjorden og Lurefjorden og Lindåsosane, tilfredsstiller vilkåra i § 39 bokstavane b, c, og f:

- b) inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur,
- c) representerer ein bestemt type natur,
- f) har særskilt naturvitskapleg verdi,

Områda Ytre Hardangerfjorden og Lurefjorden og Lindåsosane tilfredsstiller i tillegg vilkåra i bokstav g):

- g) har særskilt betydning som økologisk funksjonsområde for ein eller fleire nærmare bestemte artar.

Området Ytre Hardangerfjorden tilfredsstiller i tillegg vilkåra i bokstav e:

- e) utgjer ein spesiell geologisk førekomst.

Området Lurefjorden og Lindåsosane tilfredsstiller i tillegg bokstav a:

- e) inneheld særeigne eller representative økosystem og som er utan tyngre naturinngrep.

Det føreslegne verneområda skal bidra til å nå dei lovfesta måla for områdevern i naturmangfaldlova § 33. Dei mest aktuelle måla i den samanheng, er at vern av område skal bidra til bevaring av:

- a) variasjonsbreidda av naturtypar og landskap,
- b) artar og genetisk mangfald,
- h) referanseområde for å følgje utviklinga i naturen.

Måla heng saman med dei nasjonale måla for områdevern. Vern av dei føreslegne områda bidreg til å oppfylle nasjonale mål og internasjonale forpliktingar i:

- Fleire stortingsmeldingar, medrekna St.meld. nr. 37 (2008-2009) *Helhetlig forvaltning av det marine miljø i Norskehavet (forvaltningsplan)*, jf. Innst. S. nr. 362 (2008-2009), Meld. St. 14 (2015-2016) *Natur for livet. Norsk handlingsplan for naturmangfold* (i det følgjande omtalt som naturmangfaldmeldinga), jf. Innst. 294 S (2015-2016) og Meld. St. 35 (2016) *Oppdatering av forvaltningsplanen for Norskehavet*, jf. Innst. 455 S (2016-2017).
- Prop. 1 S (2018-2019) for Klima- og miljødepartementet.
- Konvensjonen om biologisk mangfald (CBD).
- Verdas naturvernunion (IUCN).
- FN sine berekraftmål, medrekna mål 14.

Vern av områda vil bidra til å oppfylle følgjande nasjonale mål under resultatområdet Naturmangfald, jf. Prop. 1 S (2018-2019) for Klima- og miljødepartementet: "Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for kommande generasjonar".

I naturmangfaldmeldinga vert det peika på at dette handlar om å bevare eit utval av naturområde som viser variasjonsbreidda i norsk natur, det vil seie eit representativt utval. Vern vil også bidra til dei nasjonale måla om bevaring av økosystem og artar og naturtypar.

Det går fram av naturmangfaldmeldinga at tverrsektorielt marint vern etter naturmangfaldlova § 39, framleis skal bidra til at et utval av representative, særegne, sårbare eller trua marine undersjøiske naturtypar og naturverdiar langs kysten og i territorialfarvatnet blir tatt vare på for framtida. Prop. 1 S (2018-2019) for Klima- og miljødepartementet, legg opp til at det i 2019 vil bli arbeidd vidare med etablering av nye marine verneområde.

CBD er ein global avtale om bevaring og berekraftig bruk av biologisk mangfald. På partsmøtet (COP10) hausten 2010 vart landa einige om nye mål for 2020. No er det eit felles mål (Aichi-mål 11) å sikre eit effektivt og representativt vern av 10 % av verdens kyst- og havområde. FN sine berekraftmål, som vart vedtekne i september 2015, samsvarar også med dette. Av Noregs sjøareal innanfor territorialgrensa på totalt 145 458 km², er 4 566 km² verna. Dette utgjer om lag 3,1 % av sjøarealet. Dei tre føreslegne marine verneområda i Hordaland omfattar til saman eit nytt sjøareal på om lag 331 km². Gjennomføring av vern vil innebere at verna sjøareal aukar til 4897 km², som utgjer om lag 3,4 % av sjøarealet. I tillegg kjem andre område som Miljødirektoratet har oversendt tilråding for.

Dei tre føreslegne verneområda inngår i ei anbefaling om vern av 36 område som til saman er vurdert å gi ei rimeleg god representativ dekning av kystområda og territorialfarvatnet, sjå nærmare omtale under kap. 1.2. Det nasjonale målet legg opp til langsiktig bevaring. Potensielle påverknader og trugsmål mot områda er knytt til ulike sektorar, jf. kap. 1.4. Områdevern etter naturmangfaldlova er, saman med prioriterte artar, det einaste verkemiddelet som gir langsiktig beskyttelse mot påverknader på tvers av sektorar, jf. nærmare vurderingar i kap. 4.1.

Etter vedtatt vern er dei tre områda aktuelle for innmelding i Oslo-Pariskonvensjonen (OSPAR) sitt nettverk av «Marine protected areas».

Vern av området Lurefjorden og Lindåsosane kan dessutan sterkt medverke til å oppfylle krava til regionen Nordhordland som eit UNESCO Man and Biosphere Reserve. Dette er eit initiativ som er sett i verk av kommunane i regionen uavhengig av arbeidet med marint vern, men der det er eit krav om at biosfæreservatet skal byggjast kring eit større, etablert verneområde. Søknad om slik status skal handsamast av den internasjonale MAB-komiteen i juni 2019.

1.2 Naturmangfaldlova kapittel II

Nedanfor følgjer ei vurdering av korleis prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 er tatt omsyn til og vektlagt.

1.2.1 Kunnskapsgrunnlaget

Dei føreslegne marine verneområda er tre av dei 36 områda som det partssamansette Rådgivende utvalg for marin verneplan har anbefalt tatt med i første fase av marin verneplan. Valg av område vart gjort på bakgrunn av m.a. ein analyse av utbreiinga til 2335 av dei best kjende botnlevande marine artane. Etter ein høyringsrunde vart dette materialet utvida til å omfatte informasjon om førekomst og utbreiing av 4370 arter. På bakgrunn av denne informasjonen, vart kysten delt inn i tre biogeografiske regionar. Potensielle område vart delt inn i seks kategoriar. Utvalet la vekt på at det skulle veljast ut område frå kvar av dei seks kategoriene innan kvar av dei tre biogeografiske regionane. Utvalet peikte på at det vil ta mange år før ein har god oversikt over det biologiske mangfaldet i våre marine område, og la til grunn at det er kjent at det er ein samanheng mellom førekomst av plantar og dyr og botnforholda generelt. Ulike organismar finst på mudderbotn, sandbotn, stein- og grusbotten og fjellbotn. Andre fysiske miljøtilhøve, som lys, djupne, saltinnhald og havstraumar, spelar også avgjerande roller for førekomst og utbreiing av artar. Botntopografi og botnforhold er i store trekk kjende i norske kyst- og havområde, sjølv om detaljert kartlegging i mange område ikkje er gjennomført. Ved å vektlegge informasjon om geologi og geomorfologi, kan ein generelt forvente at det indirekte vert tattomsyn til artar og mangfald, sjølv om dette ikkje er spesielt kartlagt. Ved gjennomgangen og prioriteringa av områda innan kvar kategori, vart det gjort kryssreferansar til liknande lokalitetar innan andre kategoriar for å ha best mogleg samla oversikt. Utvalet foreslo på dette grunnlaget at 36 område vert tatt med i første fase av arbeidet med marin verneplan, som har hovudfokus på areal innanfor 12 nautiske mil. Dei 36 områda i utvalet sitt forslag er vurdert som rimeleg dekkjande når det gjeld representativitet for kystområde og territorialfarvatn. Utvalet peikte likevel på suppleringsbehov i form av både konkrete geografiske område og kategoriar av områder frå ulike delar av landet.

Kunnskap om naturtilhøva i desse områda er samanstilt i tilrådingane frå Rådgivende utvalg for marin verneplan frå 2003 og 2004. Dei seinare åra er kunnskapsgrunnlaget vesentleg utvida ved at Fylkesmannen har delfinansiert forskingstokt i regi av Havforskningsinstituttet i Krossfjorden (Brattegard 2014a, Husa mfl. 2015) og Ytre Hardangerfjorden (Brattegard 2015, Kutti & Fosså 2016). I Lurefjorden er det ikkje gjort nye feltundersøkingar, men her har Fylkesmannen initiert ein omfattande litteraturgjennomgang (Todt mfl. 2015) som har tilført viktige perspektiv til ei framtidig forvalting.

Desse nye undersøkingane har resultert i mykje ny og forvaltingsrelevant kunnskap om dei tre føreslegne områda, ikkje minst når det gjeld korallrev (Ytre Hardangerfjorden) og kalkalgar (Krossfjorden). Krossfjorden er i utgangspunktet ein godt undersøkt fjord, som i stor grad har vore nytta til forsking og som ekskursjonslokalitet for studentar. Området ligg nær

Marinbiologisk stasjon på Espegrend og Havforskningsinstituttet. Også Lurefjorden, og då særleg Lindåsosane, har vore ein mykje nytta forskingslokalitet for marinbiologiske problemstillingar opp gjennom åra. Kunnskapsgrunnlaget er nærmare omtalt i Fylkesmannens høyringsdokument.

Det vert elles vist til omtala av verneverdiar, påverknadsfaktorar og trugsmål mot verneverdiane i kapittel 1.3, 1.4 og 7.

Den kunnskapen som ligg føre om naturmangfaldet, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget, er vurdert å vere tilstrekkeleg for å kunne vurdere tiltak og tilrå vern. Det vil vere trong for nærmare kartlegging som grunnlag for ei best mogleg forvaltning av områda.

1.2.2 Effektar av vernet

I alle dei tre kandidatområda er det i dag inngrep og aktivitetar som pregar delar av økosystema. Forsvaret har eit større øvings- og skyteområde i Krossfjorden, og i søre del av Ytre Hardangerfjorden er det industriell aktivitet som inneberer nedsetjing av større konstruksjonar på havbotnen, sjå nærmare omtale i kap. 7.1 og 7.2. Desse verksemdene kan belaste økosystema, og det er gjort avvegingar mellom verneverdiar og andre samfunnsinteresser. Det same gjeld etablert akvakulturverksemd i området Ytre Hardangerfjorden, sjå også kap. 5.2.2. Ut over dette er det i dag i liten grad inngrep og aktivitetar som belastar økosystema, sjå kapittel 1.4 og 1.5. Restriksjonane som følgjer av verneforskriftene er tilpassa verneføremål og dei verneverdiane ein ønsker å ta vare på i det einskilde område.

Når det gjeld framtidig belastning, set verneforskriftene forbod mot tiltak og aktivitetar som er vurdert å kunne ha negativ effekt på naturmangfaldet i områda. Vegetasjonen og dyrelivet er verne mot skade og øydelegging. Vernereglane er til hinder for at det kan gjerast vesentlege inngrep i områda. Det er forbod mot fysiske tiltak som til dømes utfylling, mudring, uttak og deponering av masse, sprenging, boring og plassering av konstruksjonar på sjøbotnen. Gjennom verneforskriftene er det opna for å gi dispensasjon til ulike typar tiltak, til dømes tekniske tiltak som inneberer små inngrep på botnen og som ikkje påverkar dei marine verneverdiane nemneverdig. Det er også opna for å gi dispensasjon til akvakultur som ikkje er i strid med verneføremålet, samt bruk av øvings- og skyteområde i Krossfjorden. Ved handsaming av søknadar om dispensasjon vil påverknad bli vurdert i lys av verneføremål, og det vil kunne settast vilkår av omsyn til dette. Direktoratet vurderer det slik at vernet etter alt å dømme vil føre til en positiv utvikling for økosystema, naturtypene og artane, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

I handsaming av søknader om dispensasjon vil samla belastning bli vurdert, jf. naturmangfaldlova § 10.

Prinsippet i naturmangfaldlova § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar er vektlagt i verneprosessen i samband med fastsetting av forslag til generelle unntak og spesifiserte dispensasjonsreglar. Eksempel på dette er forslaget til verneforskrift for Krossfjorden, kor det er føreslege unntak for fortøying av småbåt, og anlegg av fastfortøying, dragfortøying og oppankring mot land. Fortøyingssmiddel på faste fortøyingar må vere i stein eller anna materiale som ikkje forureinar.

Ut frå dagens kunnskap om arter og naturtypar i områda, er det lite sannsynleg at verksemd/tiltak det opnast for i verneforskriftene vil ha nemneverdig negativ innverknad på verneføremål og verneverdiar.

Gjennom den overvakinga som det leggjast opp til, vil tilstandsutviklinga kunne følgjast. Dette kan gi et betre grunnlag for å vurdere samla belastning ved handsaming av søknadar om dispensasjon, jf. naturmangfaldlova § 10.

Prinsippa i naturmangfaldlova vil også bli vurdert og vektlagt ved handsaming av søknader om dispensasjon frå verneforskriftene og i arbeidet med forvaltingsplanar for områda.

Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11. Vernevedtaket i seg sjølv fører ikkje til miljøforringing. I verneforskriftene er det gjort generelle unntak frå forbod i forskriftene. For enkelte av desse unntaka er det sett vilkår for å hindre miljøforringing, jf. eksempelet ovanfor om fortøyingmiddel. Tiltakshavar må her dekke evt. ekstrakostnader.

Etter direktoratets vurdering vil vernet ha positiv effekt på naturmangfaldet. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 første punktum er difor lite relevant i denne saka.

Gjennom heile verneplanprosessen er det gjort avveingar mellom områda sine verneverdiar og andre viktige samfunnsinteresser, jf. naturmangfaldlova § 14. Det visast til nærmare omtale i kapittel 1.4, 1.5 og 4 og omtale av kvart enkelt område i kapittel 7. Dei føreslegne verneforskriftene opnar for at pågåande aktivitetar i all hovudsak kan vidareførast. Gjennom avgrensing av områda og gjennom generelle (direkte) unntak eller spesifiserte dispensasjonsreglar i verneforskriftene, er det tatt omsyn til næringsmessige interesser som fiske, akvakultur og industriell verksemd.

1.3 Verneverdiar

Dei tre føreslegne marine verneområda har naturverdiar som gjer at dei på en god måte vil bidra til å oppfylle nasjonale og internasjonale mål om vern, jf. kapittel 1.1. Områda dekkjer viktige element i arbeidet med marint vern, som har hovudfokus på representativitet. Norskekysten har store naturfaglege kvalitetar av internasjonal verdi, og dei føreslegne områda medverkar til å understreke dette.

Krossfjorden like sør for Bergen er eitt av dei best dokumenterte marine kystområda i Noreg, med stort dokumentert mangfald av artar. Det kjem av at dette er ein open og uvanleg djup fjord, med mange ulike habitat og tilhøyrande nisjar for levande liv. Det gode kunnskapsgrunnlaget skuldast også nærleiken til viktige forskingsmiljø som Marinbiologisk stasjon på Espegrend og Havforskningsinstituttet, som i mange tiår har nytta området til ekskursjonsføremål.

På nordsida av Austevoll finst interessante og viktige veggrev med korallar, og sund med sjeldne kalkalgar. Den ytre kysten her har store undersjøiske skogar av stortare, som aldri har vore hausta i industriell skala slik det elles har vore langs kysten frå Rogaland til Trøndelag. Dette skuldast ikkje restriksjonar, men at dei undersjøiske topografiske tilhøva er for krevjande for eksisterande haustingsteknikk. Slik tareskog er viktig som oppvekstområde for mange fisk og andre marine artar, men også i klimasamanheng, ved at den hurtigveksande

tareskogen er viktig for CO₂-opptak¹. Krossfjorden er i utgangspunktet eit høgproduktivt område for sild og andre fiskeslag, noko tidlege historiske data fortel om.

Ytre Hardangerfjorden er ikkje berre omgjeven av særprega og vakker natur på land, men ei stor undersjøisk morene som kryssar denne delen av Hardangerfjorden er også særprega. Det knyter seg eit omfattande og særprega dyreliv til denne moreneryggen, som er ein del av Raet som vi elles finn oversjøisk mange andre stader i Sør-Noreg. Innafor moreneryggen er fjorden meir enn 500 meter djup. Fleire av artane ein finn her har i utgangspunktet ei langt meir nordleg utbreiing. Området har fleire store veggrev med korallar. Nokre av dei er nyoppdaga, og fleire kan finnast utan at dei er kartlagde enno.

Lurefjorden og Lindåsosane er ein terskelfjord som lenge har stått i fokus som forskingsområde for norske og utanlandske marinbiologar. Det er eitt av dei mest særprega fjordsystema i verda, der all vassutskifting skjer ved tidevasstraumar i fire tronge sund. Store djup og mørkt vatn er med på å skape særpreget. Vanskelege lystilhøve i sjøen gjer at fjorden ikkje er rik på fisk i dag, men sterkt dominert av kronemaneten *Periphylla periphylla*. Lindåsosane har ei spesiell og vel dokumentert sildestamme.

Det vert elles vist til omtala av særskilde verneverdiar i den områdevise gjennomgangen i kapittel 7.

1.4 Påverknadsfaktorar og trugsmål mot verneverdiane

Det viktigaste trugsmålet mot verneverdiane i dei tre områda er større, fysiske inngrep som påverkar sjøbotnen, vassutskifting og straumtilhøve, til dømes tiltak som medfører utfylling, mudring, uttak og deponering av masse, sprenging, boring og plassering av konstruksjonar på havbotnen. Bruk av botntrål kan også vere eit trugsmål, særleg på eller nær område med hardbotn, men slik verksemd går føre seg i liten grad i områda i dag. For område med dårleg vassutskifting er også eutrofiering ei utfordring.

Når det gjeld akvakultur, medrekna fiskeoppdrett, er trugsmålet i hovudsak knytt til ureining av botnarealet rett under etablerte anlegg og område for ankerfeste. Særleg i terskelfjordar vil også vasskvaliteten kunne bli forringa om omfattande akvakulturverksemd går føre seg over tid. I tillegg kan oppankring av akvakulturanlegg føre med seg fysiske inngrep i sjøbotnen. Sjå også omtale av akvakultur under kapittel 4.1.4 og 5.2.2.

Naturmangfaldet i havet og langs kysten vert også påverka av klimaendringar, forsuring av havet, miljøgifter, framande arter og hausting av marine levenda ressursar.

Krossfjorden er eit mykje brukt kystavsnitt med mange utfordringar, men påverknaden frå dei nemnde aktivitetane er ikkje rekna som spesielt stor i dag. Området har store og viktige førekomstar av stortare, men er ikkje påverka av taretråling ettersom slik verksemd knapt har funne stad her nokon gong. Over tid har det heller ikkje vore store opptak av skjelsand frå havbotnen her. Det er betydeleg akvakulturverksemd i fjorden. Tilrådinga inneber at eksisterande akvakulturverksemd blir halde utanfor verneforslaget. Det ligg ein større dumpingplass for skipsvrak på stor djupne i den indre delen av fjorden. Denne plassen ligg utanfor det føreslegne verneområdet, men langtidspåverknaden ved denne verksemda er

¹ Se mellom anna Gundersen mfl. (2010) "Utredning om CO₂-opptak i marine naturtyper", NIVA-rapport 6070; og Krause-Jensen & Duarte (2016) "Substantial role of macroalgae in marine carbon sequestration", Nature Geoscience, 9, 737.

ukjend. Forsvaret har eit mykje nytta skyte- og øvingsfelt i indre delar av Krossfjorden. Denne verksemda og eventuell ny akvakulturverksemd vil kunne påverke verneverdiane, og den føreslegne verneforskrifta inneber at dette må vurderast i lys av mellom anna verneføremålet dersom det kjem søknadar om dispensasjon. På grunn av den nordgåande kyststraumen frå Skagerrak er området påverka av miljøgifter og næringssalt, men trenden er på retur. Påverknad frå anna langtransportert forureining, drivande søppel og mikroplast er vesentleg også her. Det same gjeld forsuring av storhavet, som over tid kan bli alvorleg for mellom anna korallreva i området. Denne delen av Vestlandet har stor skipstrafikk, og det er fleire døme på omfattande omfang av akutt forureining frå skipsforlis i regionen dei siste tiåra, sjølv om akkurat Krossfjorden har unngått påviseleg påverknad frå desse hendingane.

I Ytre Hardangerfjorden er trugsmåla mykje dei same som i Krossfjorden, men her ligg heile kandidatområdet utanfor dei etablerte sonene for taretråling etter den generelle taretrålingsforskrifta. Denne forma for bruk av botntrål er såleis ukjent her, og annan bruk av botntrål er heller ikkje kjent. Det ligg fleire sjøkablar på botnen gjennom kandidatområdet, og ein ny større kabel på langs av Hardangerfjorden kan bli aktuelt i nær framtid. Eit omfattande tverrsamband med bru- eller tunnelloysing mellom Halsnøy og Huglo er diskutert og kan bli ein realitet i framtida. I så fall må ein finne akseptable miljøfaglege løysingar for eit slikt omfattande prosjekt. Den maritime skipsindustrien i regionen er i ferd med å spesialisere seg på oppdrag som mellom anna inneber nedsetjing av spesielt store konstruksjonar på sjøbotnen, noko som krev tilgang til eigna havområde av ulike djupner. Slike prosjekt kan påverke havbotnen vesentleg. Slik verksemd har føregått og er aktuell sør i det føreslegne verneområdet, og Miljødirektoratet tilrår grenseendring her, sjå kap. 7.2. Den ytre delen av Hardangerfjorden er sterkt fokusert i akvakultursamanheng, og det ligg to anlegg innanfor verneforslaget. Forsuring av storhavet kan gje store framtidskonsekvensar for dei naturfaglege kvalitetane i dette området, særleg for dei viktige korallreva her og i nærområda til kandidatområdet. Samanbrotet i bestanden av fjordbrisling er alvorleg for økosystema i heile Hardangerfjorden, men dette er forhold som ikkje regulerast i føreslegne verneforskrift.

Lurefjorden og Lindåsosane har sine naturlege utfordringar som resipient, der all vassutskifting skjer over fire svært grunne tersklar. Det gjer området dårleg egna for matfiskproduksjon med dagens teknikk, men med andre tekniske løysingar i havbruket kan dette endre seg med tida. Lurefjorden er sterkt dominert av kronemaneten *Periphylla periphylla*, som har uvanleg sterk bestand i fjorden. Dette er eit naturleg fenomen som truleg har påverka mellom anna fiskebestandane i fjorden sterkt. Dette vert her rekna som ein kvalitet meir enn eit problem. Eit større interkommunalt avfallsanlegg drenerer mot Lurefjorden, og sjølv om vilkåra for anlegget er strenge og jamleg vert reviderte, er det vanskeleg å unngå noko avrenning til fjorden sjølv om vilkåra vert etterlevd.

1.5 Andre interesser

Alle dei tre føreslegne områda er mykje nytta til sjøbasert rekreasjon og friluftsliv, med stor tilhøyrande trafikk av småbåtar. Fritidsfiske er svært populært og også viktig for ein del bedrifter som tilbyr utleige av rorbuer og båt for turistar. Fritidsfisket i Lurefjorden har rett nok tapt noko terreng ved at økosystemet har endra karakter og fiskebestandane gått ned. Alle tre kandidatområda er viktige i forskingssamanheng. Dels har det over mange tiår vore samla viktige marinbiologiske data i desse områda, dels har nye forskingsfelt kome i fokus.

Krossfjorden har omfattande båttrafikk, relatert til lasteskip så vel som store turistbåtar, og ein svært stor flåte av fritidsbåtar. Destinasjonane for det aller meste av tungtrafikken ligg utanfor

kandidatområdet, så oppankring i denne sammenhengen er eit lite problem. Både i Sund og særleg i Austevoll er tradisjonane for yrkesfiske lange og store, men i dag skjer lite av dette yrkesfisket i kandidatområda. Det finst to registrerte trålfelt for reke ytst i Krossfjorden som omfattast av verneforslaget, men berre to kystfiskarar nyttar desse felte i dag — då som ei tilleggsnæring til anna yrkesfiske. Det er omfattande akvakulturverksemd i fjorden. I tilrådinga er eksisterande anleggshalde utanfor området, jf. kap. 7.1. Krossfjorden har også store førekomstar av stortare og skjelsand. Det går ikkje føre seg tråling etter tare i Krossfjorden i dag. Det er heller ikkje noverande aktivitet av uttak av skjelsand i området, da det ikkje har blitt gitt konsesjonar for skjelsanduttak sidan 1993. Sjå nærmare omtale under kapittel 5.2.4 og kapittel 7.1. Nærleiken til byen Bergen gjer at det finst mange eldre skipsvrak i området, og også andre marine kulturminne. Krossfjorden vert mykje nytta til ekskursjonsområde for studentar i marinbiologi, og også i mange andre pedagogiske samanhengar. Forsvaret har interesser ettersom den indre delen av verneforslaget for Krossfjorden i stor grad er samanfallande med Forsvarets skyte- og øvingsfelt V11, og forhold knytt til dette vert omtala i kapittel 7.1.

Ytre Hardangerfjorden har også omfattande båttrafikk, mellom anna av båtar som skal til og frå industristaden i Odda med last. Fritidsfiske er omfattande og høgt skatta av folk som bur langsmed fjorden. Yrkesfiske er i dag mindre utbreidd, men fiske etter fjordbrisling går føre seg framleis når ein meiner det kan vere grunnlag for rekningsssvarande fangst. Hardangerfjorden har lange tradisjonar for dette fisket, som i dag er lite grunna låg brislingbestand. Fleire kystfiskarar nyttar kandidatområdet til fangst av sjøkreps med ruse, og ikkje minst teinefiske etter krabbe og hummar. Bestanden av sild i fjorden har teke seg godt opp etter at den var historisk låg på 1970- og 80-talet. Sterk bestand av nise gjennom store delar av året vitnar om dette. Det er i tillegg akvakulturverksemd i området, kor to anlegg ligg innanfor grensa for føreslegne verneområde. I søre del av Ytre Hardangerfjorden er det i tillegg industriell aktivitet, og her tilrådest grenseendring slik at verksemda kan vidareførast, jf. kap. 7.2. Hardangerfjorden vert rekna som ikonisk i landskapssamanheng og også når det gjeld lokal historie, og turistnæringa er i dag særskild viktig. Tilstrøyminga av turistar er sterkt aukande, og det er ofte naturkvalitetane som trekk dei mot Hardanger. Folgefonnsenteret (opna i 2017) har hovudfokus på vatnet sitt kretsloop frå Folgefonna til fjorden, og mykje av utstillingane er relatert til naturmiljøet i Hardangerfjorden. Den marine forskinga i dag er mykje konsentrert kring nyoppdaga og viktige korallrev, men fjorden så vel som isbreen på Folgefonna er også sentral i pågåande klimaforskning.

Lurefjorden er eit skjerma havområde omgjeve av store areal med spreidd busetjing, men også mykje lite påverka landareal. Ei hovudferdselsåre nordover langs kysten går gjennom Lurefjorden, og trafikken med små og mellomstore båtar her er stor året rundt. Lindåsosane er vel kjende for mellom anna ei lokal sildestamme med eigne morfologiske trekk. Over tid er det gjort mykje verdfull forskning både på denne silda og andre førekomstar i Lindåsosane og Lurefjorden, og med dei endringane som skjer naturleg i økosystema her vil området kunne ha eit stort potensial for viktige forskingsoppgåver i framtida.

Når det gjeld forskingsaktivitet i tilknytning til dei tre aktuelle områda, er områda meint å skulle tene som referanseområde for forskning og overvaking, jf. verneføremåla. Samla dekkjer dei eit vidt spekter av referansefunksjonar.

2. SAKSHANDSAMING

Bakgrunnen for verneplanarbeidet er omtalt i kapittel 1.1 og 1.2.1.

På grunnlag av brev 28.03.14 frå Klima- og miljødepartementet, ga Miljødirektoratet ved brev 11.04.14 oppdrag til Fylkesmannen i Hordaland om å vurdere og avklare områdeavgrensingane med direktoratet og så melde oppstart av planarbeidet for dei tre områda.

Melding om oppstart vart kunngjort og sendt lokale og regionale høyringsinstansar frå Fylkesmannen i Hordaland 26.03.15. I meldingsfasen gjennomførte Fylkesmannen møte med mellom anna dei ti involverte kommunane, og inviterte elles til opne informasjonsmøte. I oppstartsmeldinga vart det orientert om at Fylkesmannen ville vere tilgjengeleg for å orientere om prosessen på møte eller arrangement med instansar som bad om det. Det har vore ei rekke slike møte, mellom anna med to regionsråd, ulike oppdrettsfirma/-organisasjonar og framdriftsmøte for arbeidet med *Kystsoneplan i Sunnhordland* i regi av Hordaland fylkeskommune. Oppsummering av innspel frå denne oppstartsmeldinga vart gjort i 2016 og vart eit viktig grunnlag for den etterfølgjande høyringa. Brev med fagleg gjennomgang av verneplanutkast vart sendt frå Miljødirektoratet til Fylkesmannen 14.10.16.

Verneframlegg for Krossfjorden, Ytre Hardangerfjorden og Lurefjorden og Lindåsane marine verneområde vart sendt på felles høyring 13.02.17, med høyringsfrist 02.05.17. Ei rekke instansar fekk utsett frist for at dei skulle få handsame verneplanen politisk eller på styremøte. Tilråding frå Fylkesmannen i Hordaland til Miljødirektoratet vart sendt ved brev 11.10.17.

Arbeidet med føreslegne marine verneområde i Nordland, Troms, Hordaland og Finnmark, samt omgrepsbruk knytt til akvakultur og fiske, vart drøfta i møte mellom Fiskeridirektoratet, Fiskeridirektoratet sine regionkontor, fylkesmennene og Miljødirektoratet 21.02.18.

I forkant av oversending av Miljødirektoratet si tilråding, vart det halde møte mellom kommunane, Fylkesmannen og Miljødirektoratet i Bergen 29.01.19. Kommunane peikte på at det i nokre samanhengar kan vere vanskeleg å tolke verneforskrifter, og særleg korleis dei spesifiserte dispensasjonsreglane skal tolkast. Kommunane ønska at Miljødirektoratet tydeleggjer dette i si oversending til Klima- og miljødepartementet, sjå kap. 5.2.2 og kap. 6. Det kom også fram ønske om at direktoratet ser nærmare på avgrensinga mot land, særleg for området Krossfjorden. Fylkesmannen har i etterkant av si tilråding sendt nye avgrensingsforslag for områda Krossfjorden og Ytre Hardangerfjorden, sjå kap. 3.1, 7.1 og 7.2.

3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER VERNEPLANPROSESSEN

3.1 Avgrensing om arealomfang

Anbefalingane frå Rådgivende utvalg for marin verneplan er i utgangspunktet lagt til grunn. I samråd med Miljødirektoratet justerte Fylkesmannen i Hordland grensene for områda Krossfjorden og Ytre Hardangerfjorden i forkant av oppstart av verneplanprosessen. For Krossfjorden vart arealet redusert frå 350 til 210 km², og for Ytre Hardangerfjorden frå 83 til 78 km².

I si tilråding etter høyring har **Fylkesmannen** føreslege ytterlegare arealreduksjonar på om lag 3 og 1 km² for høvesvis Krossfjorden og Ytre Hardangerfjorden. For området Lurefjorden og Lindåsosane har fylkesmannen ikkje føreslege endringar samanlikna med rådgjevande utval sitt framlegg.

Miljødirektoratet sluttar seg til Fylkesmannen si tilråding om avgrensing av Lurefjorden og Lindåsosane. På grunnlag av nytt avgrensingsforslag frå fylkesmannen tilrår direktoratet at ytterlegare 14,2 km² vert tatt ut av verneforslaget for Krossfjorden, slik at eksisterande akvakulturverksemd blir halde utanfor området, sjå kap. 7.1. På grunnlag av nytt avgrensingsforslag frå Fylkesmannen tilrår direktoratet vidare at ytterlegare 9,2 km² vert tatt ut av verneforslaget for Ytre Hardangerfjorden av omsyn til industriell verksemd, sjå kap. 7.2.

3.2 Verneforskrifter

Eit utgangspunkt for framlegga som vart send på høyring, var innspel i samband med melding om oppstart av planarbeidet og forskriftene for vedtekne marine verneområde.

Fylkesmannen har tilrådd nokre små endringar etter høyring, som er felles for alle områda. Dei er ikkje gjennomgripande og mest av omgrepsteknisk karakter.

Miljødirektoratet tilrår nokre få endringar samanlikna med Fylkesmannen sitt framlegg. Desse er også i hovudsak av omgrepsteknisk karakter. Direktoratet legg vekt på å utforme likelydande reglar i verneforskriftene på punkt i forskriftsframlegga kor intensjonen i regelen har vore den same, for å unngå fortolkingsproblem på eit seinare tidspunkt.

Sjå elles nærmare omtale i den områdevis gjennomgangen i kap. 7.

3.3 Namnsetjing

Fylkesmannen peiker i si tilråding på at områdenamnet «Korsfjorden» (som var namnet rådgjevande utval nytta) endra namn til «Krossfjorden» etter oppmoding under informasjonsmøte med nokre av kommunane. «Ytre Hardangerfjord» har endra namn til «Ytre Hardangerfjorden» etter framlegg frå Kartverket. «Lindåspollane» er eit kjent omgrep i forskningssamanheng og var namnet som rådgjevande utval nytta, men tilbakemeldingane frå fastbuande i området og kommunen går ut på at «Lindåsosane» er namnet som er mest nytta lokalt. Namnet på heile det føreslegne verneområdet blir dermed «Lurefjorden og Lindåsosane».

Miljødirektoratet sluttar seg til Fylkesmannens framlegg til områdenamn. Fylkesmannen har i etterkant av si tilråding konferert med Stadnamntenesta for Vestlandet, og dei er einige i dei føreslegne områdenamna.

4. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSA

4.1 Samfunnsøkonomiske vurderingar

Dette delkapittelet inneheld samfunnsøkonomiske vurderingar knytt til Miljødirektoratets tilråding for dei tre føreslegne marine verneområda i Hordaland fylke.

Vurderingane ser spesielt på nytte i form av bevaring av viktige naturverdiar og kostnader i form av moglege framtidige avgrensingar på næringsverksemd i områda. Vurderingane byggjer på hovudspørsmåla i utreiingsinstruksen, og er ei forenkla analyse.

4.1.1 Kva er problemet og kva vil vi oppnå?

Norske kyst- og havområde har stor variasjon av naturtypar og levestader for arter. Faktorar som temperatur, saltinnhald, tilgang på lys, forskjellar i tidevatn og botntypar påverkar kva som finst kor. Floraen og faunaen langs kysten vår endrar seg i tillegg etter breiddegrad og til dels lengdegrad, frå den ytre sokkelen, til innerst i fjordbotnen, og frå sjøkanten der tidevatnet fell og flør, til djupe basseng på sokkelen og i fjordar. Døme på spesielle marine verneverdiar er kaldvasskorallrev, som finst både inne i fjordane og ute på sokkelen. Mangfaldet av naturtypar, artar og genar har utvikla seg gjennom lang tid, og å bevare representative område sikrar dette mangfaldet for generasjonar som kjem etter oss. Mangfaldet dannar eit viktig grunnlag for biologisk produksjon og for hausting av levande marine ressursar, som kan nyttast til mat og andre forsynande tenester. Dette mangfaldet vil også vere viktige kjelder til kunnskap og for tilgang til variasjon i genetisk mangfald, noko som er spesielt viktig for tilpassing til eit endra klima. Mange sett pris på bevaring av den norske naturarven, og bevaring av natur gjev også grunnlag for rekreasjon og naturbasert reiseliv. Bevaring bidreg i tillegg til å sikre område av spesiell verdi for plantar og dyr og sårbare og trua naturtypar i område av internasjonal, nasjonal og regional verdi. Dette mangfaldet og desse verdiane finst også i dei tre områda i denne tilrådinga, sjå kap. 1.3 og omtalen av de einskilte område i kap. 7.

Dei største trugsmåla mot det biologiske mangfaldet i Noreg er at leveområde for dyr og plantar blir øydelagde og oppdelt. For nokre økosystem kan det ta sær lang tid å hente seg inn etter forstyrringar frå menneskelege aktivitet, og nokre gongar er det snakk om irreversible verknader. Presset på marine område er aukande. Inngrep som utfyllingar, bygging av hamnar og veger, mudring og dumping, masseuttak, nedslamming og legging av rørleidningar kan medføre skader i det marine miljøet. På havbotnen utanfor kysten har mennesket sett tydelege spor. Det er til dømes vurdert at mellom 33 og 50% av djupvasskorallreva som finst langs Norskekysten er heilt eller delvis øydelagde, hovudsakeleg som følge av botnfisktråling. Petroleumsaktivitet og oppankring av akvakulturanlegg fører med seg fysiske inngrep i sjøbotnen. I framtida kan f.eks. mineralutvinning og uttak av gasshydrat frå havbotnen bli reelle trugsmål. Det vil her kunne vere motstridande politiske målsettingar mellom næringsutvikling både lokalt og nasjonalt på den eine sida og det å ivareta naturmangfaldet slik det er nedfelt i naturmangfaldlova på den andre sida. Naturmangfaldet i havet og langs kysten vert også påverka av klimaendringar, forsuring av havet, forureining, framande arter og hausting av marine levande ressursar. Desse truslane og dette presset finst også i dei tre områda i denne tilrådinga, sjå kap. 1.4.

Bevaring av et **representativt utval** av norsk natur for kommande generasjonar er eit nasjonalt mål, jf. også dei lovfesta måla for områdevern i naturmangfaldlova § 33. Hovudmålet med å opprette verneområde er å sikre eit slikt representativt utval av Noregs naturtypar og landskap. Representativt vern inneber at verneområda skal fange opp variasjonsbreidda i naturmangfaldet, dvs. både det som er typisk eller vanleg og det som er meir sjeldsynt. Dette inneber at det ikkje er tilstrekkeleg å berre auke verneandelen; vernet må også omfatte konkrete geografiske område som bidreg til betre representativitet. I dag er ca. 3,1 % av hav og kystvatn verna, og det er langt igjen til målet om representativ bevaring er

nådd. Det er også knytt internasjonale forpliktingar til effektivt og representativt vern, jf. kap. 1.1. Behovet for ei meir representativ bevaring av marine område gjeld ikkje minst for Hordaland fylke. Eksisterande vern av sjøområde i dette fylket har lite omfang og er i hovudsak knytt til naturreservat som er oppretta av omsyn til hekkelokalitetar for sjøfugl. Det er pr. i dag ikkje oppretta marine verneområde. Dei tre føreslegne områda har **kvar for seg** verneverdiar som gjer at dei bidreg til målet om representativ bevaring, og dette gjer at områda må vurderast enkeltvis.

Målformuleringa som ligg til grunn for denne tilrådinga er ein skal ta vare på eit utval av representative, særleine, sårbare eller trua marine undersjøiske naturtypar, og å ta vare på naturverdiar langs kysten og i territorialfarvatnet for framtida. Det er behov for å sikre at område av spesiell verdi for plantar og dyr og område av internasjonal, nasjonal og regional verdi ikkje går tapt, og at det vert tatt omsyn til desse verdiane ved vurdering av ny aktivitet. Beparing av områda i Hordaland vil også bidra til å oppfylle det nasjonale målet om å ta vare på eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar, jf. kap. 1.4 og 4.1.5.

Nullalternativet inneber dagens situasjon, vedtatt politikk og medrekna gitte konsesjonar og fatta vedtak knytt til dei tre områda. I denne saka inneber det at forvaltning av områda skjer etter dagens lovverk (plan- og bygningslova, akvakulturlova, havressurslova, naturmangfaldlova og anna sektorlovverk) og etter dagens forvaltningspraksis, og at dei tre områda ikkje vernast som marine verneområde etter naturmangfaldlova. For alle vedtak som har tyding for naturmangfald skal dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova kapittel II vurderast.

Antatt utvikling i nullalternativet for akvakultur og andre sentrale interesser og næringar vert omtala i kap. 4.1.4. Nærmare omtale av planstatus og inngrepsstatus for dei tre områda finst i kapittel 7. Det er lagt til grunn at eksisterande vern etter naturmangfaldlova innanfor dei føreslegne områda blir vidareført, både i nullalternativet og i verneforslaget. Hausting av viltlevande marine ressursar, med unntak for hausting av vegetasjon, medrekna tang, tare og andre marine plantar, vil i hovudsak bli regulert av havressurslova og anna gjeldande lovverk, både i verneforslaget og i nullalternativet.

4.1.2 Kva for tiltak er relevante?

Klima- og miljødepartementet har ved oppdrag om arbeid med marint vern lagt til grunn at det er områdevern etter naturmangfaldlova som skal vurderast, og da spesielt naturmangfaldlova § 39 (marine verneområde). Effekt av eit marint vern etter naturmangfaldlova § 39 i dei tre områda er nærmare omtalt i kapittel 1.2.

Skal ein nå det nasjonale målet om å ta vare på eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar, er det ei forutsetning at naturverdiane i dei aktuelle områda får langsiktig beskyttelse. Nullalternativet vil ikkje gje tilstrekkeleg heilskapleg og føreseieleg beskyttelse for å sikre naturverdiane i områda i eit langsiktig perspektiv og vil ikkje bidra til at det nasjonale målet om representativ bevaring blir oppnådd. Miljødirektoratet si vurdering er at representativ bevaring krev ei klarare prioritering av miljøomsyn og verneverdiar og eit nasjonalt blikk, som vil vere vanskeleg å ivareta gjennom sektorregelverk og plan- og bygningslova. Ved avgjerder som har tyding for naturmangfaldet, er det generelt slik at det vert lagt større vekt på omsynet til naturmangfald og verneverdiar i et område som er verna etter naturmangfaldlova, enn i eit område som ikkje har slik status.

Dagens arbeid med marint vern byggjer på råd frå eit breitt samansett rådgjevande utval som har anbefalt 36 område langs kysten, som i sum skal gi et utval av område som femner om varierte fysiske forhold og dermed med rimeleg sikkerheit også ein stor del av det biologiske mangfaldet. Dei tre føreslegne marine verneområda i denne tilrådinga, er mellom dei 36 anbefalte områda, kor siktemålet er å oppnå eit representativt vern.

I naturmangfaldmeldinga vert det peika på også andre moglege verkemiddel enn områdevern for å oppnå eit meir representativt vern, m.a. beskyttelse av korallar etter fiskerilovgivinga (havressurslova § 19). Fiskerilovgivinga er allereie brukt til å beskytte ei rekkje korallrev. Marine område kor beskyttelsen berre gjeld nærmare reglar om utøving av fiske, vert fastsett etter havressurslova, jf. naturmangfaldlova § 39. Bruk av sektorverkemiddel kan vere tilstrekkeleg der trusselen mot naturen i det alt vesentlege skyldast éin type inngrep eller verksemd. I slike tilfelle er det m.a. naudsynt at det gjeld langsiktig beskyttelse mot denne påverknaden. Samstundes framhevar naturmangfaldmeldinga områdevern (i tillegg til prioriterte artar) som det einaste verkemiddelet som gir ei langsiktig bevaring mot påverknader på tvers av sektorar. Reglane om prioriterte artar i naturmangfaldlova er knytt til spesifiserte artar. D kan gis reglar om beskyttelse av økologiske funksjonsområde for artane, men ikkje i sjø.

Som det går fram av kapittel 1.4, kan potensielle påverknadsfaktorar og trugsmål mot verneverdiane i dei tre føreslegne områda relaterast til tiltak eller verksemdar som regulerast av ulike sektorregelverk. Områdevern etter naturmangfaldlova peiker seg dermed ut som det mest egna verkemiddelet i denne saka, og det er § 39 (marine verneområde) som er aktuell vernekategori. Dei tre føreslegne områda omfattar einast sjøareal med øvre avgrensing ved to meter under sjøkartnull eller djupare. Andre vernekategoriar, som f.eks. naturreservat eller nasjonalpark, er aktuelle i tilfelle kor verneforslag omfattar både land- og sjøområde.

Det føreslegne tiltaket for områda Krossfjorden, Ytre Hardangerfjorden og Lurefjorden og Lindåsosane, er etablering av marine verneområde etter naturmangfaldlova § 39. I verneplanprosessen har ein vurdert ulike restriksjonsnivå i forskriftene og ulike avgrensingar av områda. Miljødirektoratets vurdering er at det er gjort gode og konkrete avvegingar undervegs i arbeidet. I denne tilrådinga vert direktoratets sine konkrete forslag til verneforskrifter og geografiske avgrensingar presentert.

Dei føreslegne verneforskriftene opnar for at pågåande aktivitetar i all hovudsak kan vidareførast. For enkelte aktivitetar vil marint vern innebere restriksjonar, slik at naturverdiane får auka beskyttelse. Når det gjelder framtidig belastning, set dei føreslegne verneforskriftene forbod mot tiltak og aktivitetar dersom vurderinga er at dei kan ha negativ effekt på naturmangfaldet i områda. Felles for forslaga til verneforskrift for dei tre områda er forbod mot fysiske tiltak, men samstundes opning for å gi dispensasjon til ulike typar tiltak.

Vern av områda sikrar ikkje naturmangfaldet mot klimaendringar, men kan ved at andre former for påverknad vert redusert eller regulert, gjere områda betre rusta og meir robuste mot uheldige effektar av klimaendringar.

Vern sikrar heller ikkje områda mot tilførsle av næringssalt, søppel og miljøgifter utanfrå. Dette er tilhøve som vert regulert gjennom anna lovverk i den grad det let seg regulere, til dømes forureiningslova. Vassforskrifta er vidare eit verkemiddel for å sikre god miljøtilstand gjennom heilskapleg bruk av sektorverkemiddel basert på felles kunnskapsgrunnlag. Eutrofiering vil som regel skyldast forhold utanfor områda og vert dermed ikkje regulert e av

verneforskriftene, men naturmangfaldlova § 49 (utanforliggende verksemd som kan medføre skade inn i et verneområde) kan vere aktuell. I slike høve skal vedkommande sektormyndede vurdere omsynet til verneverdiane.

4.1.3 Kva for prinsipielle spørsmål reiser tiltaka?

Bruk av områdevern etter naturmangfaldlova som verkemiddel kan reise ulike prinsipielle spørsmål. Gjennomføring av områdevern for å få eit meir representativt vern for framtidige generasjonar, er i tråd med nasjonal politikk, og ei prioritert oppgåve for miljøvernstyresmaktene. Samstundes kan vern medføre avgrensingar for råderetten til grunneigarar og rettshavarar. Dette gjeld i mindre grad for arbeidet med marint vern, da verneforslaga i avgrensa grad omfattar privat grunn. Dei tre føreslegne områda i Hordaland omfattar ikkje privat grunn.

I vernesaker førekjem det motstand mot vern pga. omsyn til framtidig aktivitet og utvikling, sjølv om vern har liten negativ betyding for dagens og planlagt bruk. I nokre tilfelle må dette sjåast på som ein prinsipiell motstand mot vern av område i seg sjølv.

Det skal ifølgje naturmangfaldmeldinga leggst vekt på lokalpolitisk semje som grunnlag for gjennomføring av verneplanprosessar. Dette er det tatt omsyn til i avvegingane som er gjort i tilrådinga og i Miljødirektoratet sitt forslag til avgrensing og verneforskrifter.

4.1.4 Kva er dei positive og negative verknadene, kor varige er dei og kven blir råka?

Viktige verneverdiar i dei tre områda er omtalt i kapittel 1.3, medan aktuelle interessegrupper som verneforslaget kan påverka er omtalt i kapittel 1.5. Verknader som gjeld spesifikt for enkeltområde er nærmare omtalt i kapittel 7.

I vurderinga av verknadar av vern av dei tre områda legg Miljødirektoratet til grunn at områda skal vernast for all framtid. Miljødirektoratet har ikkje føresetnader for å verdsette (økonomisk) positive og negative konsekvensar av eit vern av de tre områda, men det er gjort kvalitative vurderingar og enkelte kvantitative anslag som grunnlag for tilrådinga. Desse vurderingane byggjer mellom anna på tilgjengelege studiar og på høyringsfråsegner og andre innspel som er kome under verneplanprosessen.

Positive verknader

Dei tre utvalde områda har kvar for seg verneverdiar som gjer at dei enkeltvis og samla sett bidreg til det nasjonale og dei internasjonale måla om representativ bevaring, jf. omtale av områda sine verneverdiar i pkt.1.3. Nullalternativet kan potensielt føre til varig tap eller degradering av desse verdiane. Etablering av marine verneområde vil fungere som ein forsikring mot dette, og vil bidra til å ivareta verneverdiane på lang sikt. Dei positive verknadene for individ og samfunn av tiltaket vil derfor spegle samfunnets verdi av å ha ei slik "forsikring".

Økosystemtenestetilnærminga, som vert omtalt mellom anna i NOU 2013:10², er lagt til grunn i vurderinga av dei positive verknadene av å sikre dei aktuelle områda. Utgangspunkt er at økosystema inneheld biofysiske strukturar og prosessar og økologiske funksjonar som gjev eit sett med tenester som bidrar til menneskeleg velferd.

² NOU 2013:10 *Naturens goder- om verdier av økosystemtjenester*.

Dei positive verknadene av marint vern er knytt både til verdier som følgjer av bruk av områda (bruksverdier) og verdier som ikkje kan knytast til eigen bruk (ikkje-bruksverdier). Ikkje-bruksverdi er verdier som ikkje involverer nokon form for bruk av økosystemtenester, men som reflekterer individ sine ønske om å bevare naturen.

Miljødirektoratet støtter seg på aktuell litteratur om verdier i marine verneområde spesielt, (medrekna ein nyare rapport frå OECD³), og om verdsetting og bevaring generelt, medrekna rapportar frå naturpanelet (IPBES)⁴ og Nordisk ministerråd⁵, i vurderinga av dei positive verknadene. Det er også gjort meir spesifikke studiar rundt verdier av bevaring av marint miljø generelt og marine verneområde spesielt, og nokre av desse er basert på ulike former for verdsetting. Det er likevel krevjande å knytte verdier til konkrete marine (verne)område⁶.

Miljødirektoratet vil omtale dei mest sentrale positive verknadene av verneframlegget nedanfor.

Ikkje-bruksverdier

Arveverdi, eksistensverdi og altruistisk verdi

Det er særleg verdien av å bevare naturen for framtidige generasjonar (arveverdi) som vert lagt til grunn for det nasjonale målet om å sikre eit representativt vern av norsk natur, jf. Prop. 1 S (2017-2018) for Klima- og miljødepartementet: *"Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for kommande generasjonar."* Dette speiler økosystemtenesta naturarv (som òg inkluderer kulturarv), som er knytt til verdier menneske kan ha ved at naturen vert tatt godt vare på i dag og for framtidige generasjonar. For mange menneske har det ein verdi å vite at naturen bevarast for framtidige generasjonar (arveverdi), og/eller at andre menneske kan oppleve eller bruke naturområda i dag eller i framtida (altruistisk verdi). Nokre menneske verdsett også det å vite at naturverdiene vert tatt vare på, utan at det er knytt til eigen eller andre sin bruk (eksistensverdi).

Betydinga av å ivareta eit representativt utval av marine område reflekterast i fleire av høyringspartane sineoverordna haldningar til marint vern, også mellom høyringspartar som ikkje nødvendigvis støttar verneframlegget for dei tre utvalde områda i Hordaland, jf. kap.5.

³ OECD (2017) [Marine Protected Areas: Economics, Management and Effective Policy Mixes](#), OECD Publishing, Paris.

⁴ Se mellom anna Diaz mfl. (2015) The IPBES Conceptual Framework — connecting nature and people, *Current Opinion in Environmental Sustainability*, 14: 1-16) og Diaz mfl. (2018) Assessing nature's contribution to people, *Science*, 359: 270-272).

⁵ Se mellom anna Gisselman mfl. (2017) [Economic values from the natural and cultural heritage in the Nordic countries](#).

⁶ For ein oversikt over problemstillingar og referansar til aktuelle studiar kan det visast til OECD (2017), NOU 2013:10 *Naturens goder – om verdier av økosystemtenester* og rapportar fra Nordisk ministerråd (se til dømes Hasler mfl. (2016) [Marine ecosystem services in Nordic marine waters and the Baltic Sea – possibilities for valuation](#) og Gundersen mfl. (2016) [Ecosystem Services in the Coastal Zone of the Nordic Countries](#)). Verdier knytt til naturmangfald og økosystemtenester i dei marine delane av Hordaland er mellom anna omtala i kunnskapsgrunnlaget som er laga for planane for forvaltning for Nordsjøen og Skagerrak. Se til dømes Magnussen mfl. (2012) *Økosystemtenester i Nordsjøen – Skagerrak: – Beskrivelse, vurdering og verdsetting*, SWECO-rapport 146281-1, Magnussen mfl. (2012) *Samfunnsøkonomiske effekter av forringet miljøtilstand i Nordsjøen og Skagerrak*, Vista Analyse Rapport 2012/38, og Bekkby og Eikrem (2012) *Økosystemtenester i Nordsjøen – regulerende og støttende økosystemtenester diskutert gjennom tre naturtyper*, Notat fra Norsk institutt for vannforskning.

Det finst ingen studiar som verdsett ikkje-bruksverdiane forbunde med etableringa av marine verneområda i Noreg, men studiar frå andre land tydar på at ikkje-bruksverdiane forbunde med å beskytte økosystem i kyst- og havområde kan vere betydelege. Ved overføring av denne kunnskapen til norske forhold, må det likevel tas omsyn til at det kan vere store variasjonar frå eit land til eit anna, blant anna som følgje av forskjellar knytt til restriksjonane i vernetiltaka og befolkninga sine preferansar.

Det verkar sannsynleg at ikkje-bruksverdiane er høgare for område med naturkvalitetar som er særleg høgt verdsett av befolkninga, og for område med kvalitetar som det er knappheit på. Ein norsk verdsettingsstudie, utført av Aanesen mfl. (2015)⁷, har funne ein positiv betalingsvilligheit for å auke vernet av kaldvasskorallar i Noreg. Studien visar blant anna at respondentane la vekt på verdien av korallanes rolle som habitat for fisk, ikkje einast på grunn av omsynet til mat, men også med tanke på fiskens ve og vel. Dette kan tyde på at det kan vere betydelege ikkje-bruksverdier forbunde med å auke vernet av kaldvasskorallar langs kysten av Noreg. Det er dokumentert fleire kaldvasskorallrev både i Krossfjorden og Ytre Hardangerfjorden. Andre eksemplar på naturverdier i dei tre områda som kan representere store ikkje-bruksverdier, er tareskogen i Krossfjorden og det særprega fjordsystemet som finst i Lurefjorden og Lindåsane. Det kan også tenkast at deler av befolkninga verdsett det å vite at delar av Hardangerfjorden, som er ein ikonisk fjord som mange har kjennskap til frå kunstuttrykk og media, vernast for framtida.

Aanesen mfl. (2015) trekker sitt utval frå heile Noregs befolkning i deira studie av betalingsviljen for auka vern av kaldvasskorallar. Dette visar at det er mange blant Noregs befolkning som kan verdsette å vite at marine område og naturkvalitetar ivaretakast for framtida. Dei positive verknadene av å verne dei tre aktuelle områda kan derfor vere betydelege.

Bruksverdier

Kunnskapstenester

Det følgjer av naturmangfaldmeldinga at marine verneområde, i tillegg til å beskytte viktig natur mot negativ påverknad, kan vere viktige referanseområde for forskning og overvaking. I deira høyringssvar til Fylkesmannen understrekar Havforskningsinstituttet at vern også er viktig for å ha mindre påverka område som referanse for forskning og overvaking:

"Relativt upåvirkede områder som referanser er viktigere enn noensinne, ikke minst siden den menneskelige påvirkningen stadig øker både i havet og langs kysten, men også siden vi forventer globale endringer i havklima og havkjemi. Global oppvarming og havforsurning i våre områder kan allerede måles, mens eventuelle langtidseffekter er for en stor del uforutsigbare."

Verdien av å bevare eit utval av representative marine område vurderast derfor som stor for framtidig forskning og kunnskapsutvikling. Det verkar sannsynleg at verdien vil auke over tid, som følgje av at det ventast auka knappheit og mindre tilgang til område med lågare menneskeleg påverknad.

Fylkesmannen omtaler alle tre kandidatområda som viktige i forskningssamanheng. Dette skuldast dels at det over mange tiår har vore samla viktige marinbiologiske data i områda, og

⁷ Aanesen mfl. (2015) [Willingness to pay for unfamiliar public goods: Preserving cold-water coral in Norway](#), *Ecological Economics* 112 (2015) 53-67.

dels at nye forskingsfelt har kome i fokus. Dette gir gode historiske data og eit godt samanlikningsgrunnlag for framtida, og gir ein meirverdi utover det som speglast i forskingsverdien av å bevare eit representativt utval av marine område.

Forsynande tenester

Fiskarlaget Vest understrekar i sitt høyringssvar at fiskarar er avhengige av intakte gyte-, oppvekst- og fiskeområde og et reint fjord- og havmiljø. Miljødirektoratet vurderer at etablering av marine verneområde kan gi eit betre grunnlag for fiskerinæringa i verna og nærliggande område på lang sikt, gjennom å bidra til å sikre intakte leveområde for fisk, skaldyr og andre levende marine organismar.

Kulturelle tenester

Ein rapport utarbeidd på oppdrag for miljøavdelinga i EU-kommisjonen i 2016 viser til at etablering av marine verneområde kan bidra til å auke attraktiviteten til et område for naturbasert reiseliv, medrekna for fritidsfiske og dykking, ved at det biologiske mangfaldet vert oppretthalde i slike område.⁸ Rapporten viser her til verdsettingsstudiar utført i mellom anna Storbritannia og Nederland. Det er gjort få studiar på reiseliv og marine økosystemtenester i Noreg, men Vista Analyse (2013) peiker på nokre av dei same samanhengane, at turisme og rekreasjon knytt til hav og kyst i stor grad føreset at det finst ein rein, fin kyst å reise til og ressursar som fisk, fugl og kval, for fiske, jakt og havsafari.⁹

Alle dei tre områda er mykje nytta til sjøbasert rekreasjon og friluftsliv, jf. omtala i pkt.1.5. Fritidsfiske er i dag godt utbreidd i Ytre Hardangerfjorden og Krossfjorden. Eit vern kan bidra til å auka områda sin verdi som friluftsområde, ved å gi nokre område med tilhøyrande naturressursar betre beskyttelse. Gjennom å sikre viktige leveområde, kan vern bidra til noko høgare rekreasjonsverdi frå fritidsfiske samanlikna med nullalternativet på lengre sikt.

Nokon kan også verdsette å vite at områda dei nyttar til rekreasjon er verna. Sidan dei foreslegne verneområda ligg i nærleik til Bergen, er det mange som truleg nyttar seg av områda til rekreasjon i dag eller som kjem til å gjere det i framtida. Til saman bur det nærmare 370 000 i kommunane som omfattast av verneframlegget¹⁰. Samla sett er vurderinga at verneframlegget vil ha ein positiv verknad på områda sin rekreasjonsverdi, men det er usikkerheit knytt til storleiken på denne effekten.

Særleg Krossfjorden og Ytre Hardangerfjorden vert i stor grad nytta av turistar i dag, til dømes til fiske og gjennomfart med store turistbåtar. Som nemnt tidlegare visar fleire rapportar og studiar at etablering av marine verneområde kan bidra til nye moglegheiter for naturbasert reiseliv i områda rundt. Det er likevel vanskeleg å konkludere med i kor stor grad det vil påverke turistar sine reisevanar i Noreg, og dei norske turistane sin opplevde verdi av å besøke områda. Samfunnseffekten av verneframlegget for turisme er derfor vurdert som usikker, men positiv.

Verdien av å ivareta naturmangfaldet for mogleg framtidig bruk (opsjonsverdi)

Verneområde kan ha ukjente verdiar eller verdiar som kan nyttast på ein måte vi ikkje kjenner i dag. Å verne eit representativt utval av marine områder kan gi eit betre grunnlag for at slike

⁸ Russi mfl. (2016) *Socio-Economic Benefits of the EU Marine Protected Areas*. Institute for European Environmental Policy (IEEP).

⁹ Vista Analyse (2013) *Økosystemtenester i Barentshavet-Lofoten: Samfunnsmessige verdier og avveiningar*. Vista Analyse AS rapport nr. 2013/08.

¹⁰ SSB (2017) <http://www.ssb.no/statbank/table/05212>.

verdiar, som ein potensielt ønskjer å nytta i framtida innanfor ramma av verneforskriftene, ikkje går tapt. Dette kan til dømes være utnytting av levande marine ressursar (mellom anna til mat og genetiske ressursar), forskning, friluftslivsområde m v.

Krossfjorden og Ytre Hardangerfjorden har til dømes økosystem som er prega av høgt biologisk mangfald (som korallar og stortareskog), som potensielt kan nyttast på andre måtar i framtida. Til dømes peikar ein rapport frå Nordisk Ministerråd på at tareskog kan ha eit betydeleg potensial når det kjem til framtidig bioprospektering på grunn av det biologiske mangfaldet som finst i desse økosystema¹¹. Det kan også tenkast å vere opsjonsverdiar knytt til å bevare Lurefjorden og Lindåsane som følgje av at det særprega fjordsystemet kan gi grunnlag for unike genetiske ressursar.

Oppsummering – positive verknader

Den samfunnsøkonomiske nytten av marint vern i dei tre føreslegne områda, er summen av verdiane nemnt ovanfor. Miljødirektoratets vurdering er at det er grunnlag for å konkludere med at det vil gi betydeleg samfunnsøkonomisk nytte å bevare verneverdiane i desse områda, og da særleg på lang sikt. Den største nytten i å opprette desse verneområda ligg i verdien av å bevare eit representativt utval av marine område for framtida, og at ein dermed oppnår ein nytteeffekt over lang tid. Samfunnet si interesse for auka marint vern kan seiast å vere reflektert i det nasjonale målet om representativ bevaring for framtidige generasjonar og i politiske målsetjingar om styrka marint vern. I tillegg vil vern av desse tre områda bidra til å ivareta viktige naturkvalitetar som omfattar både bruksverdiar og ikkje-bruksverdiar, og da særleg på lang sikt.

Ikkje-bruksverdiane er vurdert til å vere positive og betydelege. Framtidig utvikling av ikkje-bruksverdiane er usikker, men forventa inntektsauke i samfunnet kombinert med auka knappheit på område med lågare menneskeleg påverknad, trekker i retning av at desse verdiane vil auke over tid. Verneframlegget er også vurdert å ha betydelege positive verknader for framtidig forskning og kunnskapsinnsamling.

Opsjonsverdien av å ivareta naturmangfaldet i dei aktuelle verneområda med tanke på mogleg framtidig bruk er usikker, da det er umogleg å føresjå kva framtida vil bringe. Likevel kan det vere mange i Noreg som verdsett at eit representativt vern av marine område sikrar bevaring av naturmangfald og genetiske ressursar som kan kome til nytte i framtida. Verneframlegget kan potensielt også ha positive verknader for fiske og rekreasjon i dei aktuelle områda.

Negative verknader

Etablering av marine verneområde kan gi negative verknader i form av direkte kostnader ved etablering og forvaltning av et verneområde, kostnader knytt til restriksjonar på dagens bruk og kostnader knytt til avgrensingar av potensiell bruk av området i framtida, sjå til dømes OECD (2017). Det er grunn til å anta at det er kostnadene knytt til innskrenking på potensiell bruk i framtida som har størst samfunnsøkonomisk tyding, og det vert her lagt mest vekt på desse. Moglege meirkostnadar knytt til forvaltning (vern samanlikna med nullalternativet) vil ikkje ha noko praktisk betyding for dei samfunnsøkonomiske vurderingane som gjerast her. Aktuelle forvaltningsrelaterte kostnader og budsjettmessige konsekvensar blir omtalt i kap. 4.2.

¹¹ Gundersen mfl. (2016) [Ecosystem Services in the Coastal Zone of the Nordic Countries](#).

Negative verknader av å verne eit representativt utval av marine område

På generelt grunnlag kan marint vern påverke enkelte framtidige næringsinteresser i dei områda som blir verna – områda kunne potensielt blitt brukt til andre føremål enn det verneforskrifta opnar for. Som nemnd over, opnar likevel dei føreslegne verneforskriftene for at pågåande aktivitetar i all hovudsak kan vidareførast. Det er samstundes lovverk og retningslinjer på plass i dag som regulerer nye tiltak også i nullalternativet. Dei negative verknadene av eit vern vil vere forskjellen mellom dagens regulering og regulering der verneforskrifta sine regler kjem i tillegg. Mange av dei tiltaka som er forbode eller krev dispensasjon frå verneforskriftene, vil også krevje løyve etter dagens lovverk, til dømes plan- og bygningslova og sektorlovgivinga. Naturmangfaldlova gjeld side om side med anna lovverk. Dette betyr at tiltak i verneområde må ha løyve både etter verneforskrifta og etter dei regelverka tiltaket generelt vert regulert etter. Til dømes vil det ved byggjeverksemd vere nødvendig med løyve både etter verneforskrifta og etter plan- og bygningslova. Det vil ofte vere ulike omsyn som vurderast etter dei ulike regelverka. For utanforliggende verksemd som treng løyve etter anna lov og kan medføre skade inn i eit verneområde, gjeld naturmangfaldlova § 49, sjå kapittel 1.4.

Negative verknader av vern av dei tre føreslegne områda i Hordaland

I dei tre områda som er foreslått verna er det fleire interessegrupper som potensielt kan bli påverka. Under vert tilhøve som er felles for dei tre områda, omtala.. Meir særskilte verknadar i dei enkelte områda vert omtala i kapittel 7.

Akvakultur

Nullalternativet, som alle effektar vert vurdert opp mot, inneber dagens situasjon, vedtatt politikk og medrekna gjevne løyve/konsesjonar på området. I nullalternativet må akvakulturtiltak søke løyve etter fire vel etablerte lovverk (plan- og bygningslova, forureiningslova, dyrevelferdslova og akvakulturlova), og miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal vurderast ved kvart av desse løyva. I tråd med forskrift om konsekvensutreiingar (FOR-2017-06-21-854) skal akvakulturtiltak vurderast nærmare og konsekvensutgreiast dersom dei er vurdert å kunne få vesentlege verknader for miljø eller samfunn. I vegleiaren til forskrifta om konsekvensutreiing heiter det det i kapittel 2, at dersom ei plan eller eit tiltak er foreslått lokalisert heilt eller delvis innanfor et eksisterande, føreslege eller mellombels verna område, vil dette normalt utløyse konsekvensutreiing. Det heiter vidare at også inngrep nært opp til eit verneområde kan utløyse konsekvensutreiing dersom tiltaket kjem i konflikt med verneføremålet.

Akvakultur er ei viktig næringsinteresse i områda Krossfjorden og Ytre Hardangerfjorden, og blir rekna for å ha stor regional betyding. Hordaland sto for 13,2 % av det totale lakseoppdrettet i Noreg i 2017 (basert på produsert mengde) og var dermed det fjerde største fylket på lakseoppdrett.¹² Samstundes har Hordaland lenge vore det største fylket i landet på oppdrett av aure, og sto i 2017 for 28 % av aureoppdrettet i landet. Hordaland er det fylket med størst sysselsetting av fylka som driv med oppdrettsnæring (produksjon av laks, regnbogeaure og aure). I 2017 var 1220 personar rapportert sysselsett ved matfiskanlegg i Hordaland, medan 434 personar var sysselsett ved settefiskanlegg.¹³ Akvakulturomgrepet femner ikkje berre om fiskeoppdrett, men også til dømes dyrking av tare, sjå kapittel 5.2.2.

Det er politisk eit ønske om vekst i oppdrettsnæringa i tida framover, både nasjonalt og regionalt i Hordaland. I Meld. St. 16 (2014–2015) "*Forutsigbar og miljømessig berekraftig*

¹² Fiskeridirektoratet (2018) – Nøkkeltall fra norsk havbruksnæring 2017.

¹³ Fiskeridirektoratet (2018) – Nøkkeltall fra norsk havbruksnæring 2017.

vekst i norsk lakse- og ørretoppdrett" framhevar regjeringa eit ønske om vekst i oppdrettsnæringa, og vil leggje til rette for ein mest mogleg effektiv og berekraftig produksjon i et langsiktig perspektiv. Samstundes har regjeringa innført eit trafikklyssystem for moglege kapasitetsjusteringar i lakse- og aureoppdrett.¹⁴ Produksjonsområda i Hordaland har blitt lagt i raud kategori, som kan tyde at høvet til å auke produksjonen i området på kort og mellomlang sikt er noko avgrensa.

I Ytre Hardangerfjorden finst det to oppdrettsanlegg innanfor verneforslaget. For Krossfjorden er det tilrådd ei avgrensing slik at eksisterande anlegg blir halde utanfor verneforslaget. Fylkesmannen mottok våren 2019 søknad om dispensasjon frå kommuneplanen om å flytte eit eksisterande anlegg til ein lokalitet som ligg innanfor avgrensinga som no er tilrådd, sjå kap. 7.1. Etter det Miljødirektoratet er kjend med, er det ikkje gjort vedtak eller gitt løyve/konsesjonar for ny akvakulturverksemd i dei tre føreslegne områda.

Fylkesmannen skriv i si tilråding at Ocean Bergen har lagt fram tankar om eit testanlegg for oppdrett av sekkedyr på vestsida av Tofterøy i Sund (Krossfjorden). Tiltaket må søkjast om på ordinært vis dersom det vert aktuelt. Delar av det påtenkte anlegget er landbasert i ei fiskerihamn som i dag har status som område for akvakultur i kommuneplanen, og grensa for marint vern er noko justert rundt dette området slik at tekniske inngrep i stor grad vil kome utanfor verneområdet. Dermed er det ikkje venta at konsekvensen for eit slikt anlegg vil bli omfattande. Det er og lagt fram tankar om oppdrett av drøbakkråkebolle i Krossfjorden, men det førelegg ingen konkrete planar.

Det er fleire forhold som vil påverke dei potensielle negative effektane på akvakulturnæringa av å innføre marine verneområde. Det første vil vere i kva grad vern etter verneforskrifta vil gi strengare krav til næringa. For eksisterande oppdrettsanlegg kan drift og vedlikehald halde fram som før, jf. § 4 i verneforskriftene. Utsetjing av smolt til matfiskanlegg vert rekna som ordinær drift, og blir dermed ikkje påverka av innføring av vern. For nye anlegg eller utviding og flytting av eksisterande anlegg er det høve til å søke om dispensasjon dersom tiltaka ikkje er i strid med verneføremålet. Ved eventuelle søknader om tiltak, må det gjerast konkrete vurderingar i lys av mellom anna verneføremål. Formuleringa "kan etter søknad gje dispensasjon til", betyr at forvaltningsstyresmakta må gjere ei reell vurdering om tiltaket er i tråd med verneføremålet, og om det dermed er høve til å gi dispensasjon. Utfallet av ein søknad vil såleis kunne avhenge både av kva for ein type tiltak det er snakk om, teknologi, storleik/omfang og lokalisering innanfor eit marint verneområde. Om eit eksisterande anlegg bør flyttast, om ein ønskjer å utvide produksjonskapasiteten eller ser fordel i å endre driftsforma, må ein uansett søke sektorstyresmaktene om dette uavhengig av vernet. Det same gjeld søknader om nyetableringar.

Dersom verneforskrifta skulle legge faktiske avgrensingar på etablering av nye anlegg framover eller utviding av eksisterande verksemd, kan dette utgjere ein samfunnsøkonomisk kostnad. Miljødirektoratet har ikkje føresetnader for å kvantifisere potensielle kostnader knytt til eventuelt andre framtidige anlegg i dei føreslegne verneområda som det i dag ikkje er søkt om konsesjon for. Dette er også potensielle framtidige verdiar som ein vanskeleg kan ta stilling til no.. Med innføring av vern, vil det framleis vere høve til å søke om dispensasjon. Vurdering av ein dispensasjonssøknad gir rom for konkrete avvegingar av kostnader og nytte, og vil uansett måtte gjerast i kvart enkelt tilfelle.

¹⁴ Sjå mellom anna pressemelding frå regjeringa av 30.10.2017 "Regjeringen skur på trafikklyset", <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/regjeringen-skrur-pa-trafikklyset/id2577032/>.

Den samfunnsøkonomiske kostnaden for akvakulturnæringa av å innføre dei marine verneområda vil også avhenge av høve for å legge eventuelle planlagde oppdrettsanlegg til alternative lokalitetar. Dette gjeld både regionalt, men også eventuelle lokalitetar utanfor regionen. Dersom alternative lokalitetar er mogleg, vil den samfunnsøkonomiske kostnaden bli redusert, mens dei lokale/regionale effektane framleis vil vere til stades (fordelingsverknader). Gitt regjeringas sterke satsing på sjømat og ønske om vekst i denne næringa framover, kan det bli press på gode lokalitetar nasjonalt. I så fall vil det vere avgrensa kva alternative lokalitetar som finst. Samstundes vil fjordane si bereevne eller tolegrense ha tyding for kor mange oppdrettsanlegg som kan etablerast i dei enkelte områda. Hordaland skil seg ut når det gjeld produksjon i forhold til sjøarealet (tonn/km²).¹⁵ Dette kan på den eine sida være teikn på effektiv produksjon, men kan og seie noko om kor tett anlegga ligg. Den tilrådde grenseendringa som inneber at eksisterande akvakulturverksemd i Krossfjorden vert halde utanfor verneframlegget, jf. kap. 7.1, kan uansett redusere den samfunnsøkonomiske kostnaden for akvakulturnæringa.

Summert opp er det vanskeleg å gi eit klart anslag for potensielle kostnadar for akvakulturnæringa ved innføring av vern. Innføring av verneområde vil ikkje påvirke drift av eksisterande anlegg, og for nye anlegg eller utviding/flytting av eksisterande anlegg kan det etter søknad gis dispensasjon dersom tiltaka ikkje er i strid med verneføremålet. Utfallet av ein søknad vil kunne avhenge både av kva for ein type tiltak det er snakk om, teknologi, storleikomfang og lokalisering innanfor eit marint verneområde, sjå også kap. 5.2.2. Eventuelle samfunnsøkonomiske kostnader dersom søknaden blir avslått, vil avhenge av høve for å vurdere alternative lokalitetar.

Yrkesfiske/næringsfiske

Det går føre seg yrkesfiske/næringsfiske i dei tre områda. Under nullalternativet antar Miljødirektoratet at fiskeaktivitetane held fram som i dag. Føreslegne verneforskrifter set ikkje nye restriksjonar på tradisjonelt fiske, korkje næringsfiske eller fritidsfiske. Ved vern kan derfor fiske i hovudsak halde fram som i nullalternativet. Bruk av botntrål for fangst av fisk er allereie forbode i norske fjordar etter anna lovverk. Det ligg to felt for reketrålning i Krossfjorden. Desse er nytta av to lokale fiskarar, og då som tilleggsnæring til anna yrkesfiske. Desse samarbeider allereie med Havforskningsinstituttet ved at dei samlar inn forskingsdata under fangsten. Forslaget til verneforskrift inneheld ein spesifisert dispensasjonsregel for dette.

Ifølgje dei føreslegne verneforskriftene, kan Miljødirektoratet av omsyn til korallførekomstar ved forskrift regulere eller forby verksemd i dei marine verneområda. Direktoratet legg til grunn at dette berre vil kunne vere aktuelt å vurdere i tilfelle kor førekomstar er dokumenterte og kartfesta. Sjå kapittel 5.2.3 for nærmare omtale.

Dei samfunnsøkonomiske konsekvensane for fiske er vurdert å være avgrensa. Som nemnt over kan vern også bidra til å sikre grunnlaget for fiskeri også i framtida, mellom anna gjennom bevaring av viktige yngleområde.

Tarehausting

Dei føreslegne verneforskriftene opnar ikkje for tarehausting. Samstundes vil eit forbod mot hausting av tare i liten grad ha negative konsekvensar for dagens næringsverksemd, da det

¹⁵ Havforskningsinstituttet (2016): Næringsutslipp fra havbruk – nasjonale og regionale perspektiv.

ikkje har vore eksisterande aktivitet av hausting av tare ved hjelp av trål i nokre av dei aktuelle kandidatområda i Hordaland dei siste tiåra. FMC Biopolymer AS skriv i sitt høyringsinnspel at ein ikkje kan sjå bort i frå at det i framtida vil kunne vere aktuelt med hausting av stortare ved nye teknologiar. Det er vanskeleg å vurdere verdien av eventuelt næringspotensial i framtida, gitt at teknologien enno ikkje er utvikla. Sjå også omtale av tarehausting i kapittel 5.2.4.

Industri og bygging av infrastruktur

Vern kan leggje visse avgrensingar for bygging av infrastruktur som legging av sjøkablar og etablering av hamneløp innanfor områda. I nullalternativet legg Miljødirektoratet til grunn at dagens infrastruktur blir ståande, og at vedtekne planar om ny infrastruktur vert gjennomført. Ved avgrensing av området og utforming av verneforskrifta er det i stor grad tatt omsyn til eksisterande infrastruktur og transportmønstre. Drift og vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar er tillate i samsvar med forslaga til verneforskrifter. Vidare er det gitt opning for nye tiltak ved at forskrifta inneheld spesifiserte dispensasjonsreglar for navigasjonsinstallasjonar og farleiltak, legging av kablar og røyrleidningar, samt oppgradering og fornying av sjøkablar.

Det ligg fleire sjøkablar på botnen gjennom området Ytre Hardangerfjorden. Drift og vedlikehald av eksisterande kablar vert ikkje påverka av vern. Legging av nye kablar og røyrleidningar må det søkjast om, i tråd med verneforskrifta. I to av områda vert det planlagt legging av sjøkabel; straumkabel på botn gjennom Ytre Hardangerfjorden frå Sima i Eidfjord til Skottland (NorthConnect) og gjennom Lurefjorden og Lindåsosane frå Mongstad til Kolsnes. Mogleg bygging av veg har vore diskutert og kan bli ein realitet i framtida i eit av områda (Ytre Hardangerfjorden), men det føreligg no verken konkrete planar eller finansiering. Miljødirektoratet vurderer det slik at vedtak om vern i liten grad vil påverka vedtekne planer om bygging av infrastruktur. Dei samfunnsøkonomiske konsekvensane vil derfor vere avgrensa. I samsvar med naturmangfaldlova § 48 kan forvaltingsstyresmakta gjere unntak frå eit vernevedtak dersom omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Sjå nærmare omtale under dei særskilte områda i kapittel 7.

Den maritime skipsindustrien i området er i ferd med å spesialisere seg på oppdrag som krev nedsetjing av store konstruksjonar på sjøbotnen. Nokre slike nedsettings- og monteringsoppdrag har vore utført i delar av Ytre Hardangerfjorden, og spesielt i området rundt Klosterfjorden og Hille, kor djup fjord, flat botn, samt faste morenemassar og fjell gjer området særst godt egna til slike føremål. Slike prosjekt kan påverke havbotnen i form av fysiske inngrep på den aktuelle lokaliteten og utslepp av miljøgifter som kan spreie seg til nærliggande område. Kystverket skriv i si høyringsfråsegn at dei sporadisk mottek søknader om oppankring av riggar og andre offshoreinstallasjonar i det aktuelle området, og at dette området er spesielt gunstig med tanke på botnforholda og lokalisering i forhold til sjøtrafikk, då dette ligg skjerna og det er liten kollisjonsfare. Dette gjeld ein bestemt del av området som Kystverket har kartfesta. Dei påpeiker vidare at det er eit stort behov for gode oppankringsplassar i Sunnhordland, og at kapasiteten i dei utpeikte rigg- og oppankringsområda i mange tilfelle er nådd. Det kan derfor vere få andre alternative stader kor slik verksemd eignar seg, både regionalt og nasjonalt.

Det vil vere vanskeleg å akseptere nedsetjing av konstruksjonar, som kan ha stor påverknad på sjøbotn, innanfor eit marint verneområde. Samstundes kan det vere betydelege samfunnskostnader ved å forby eller legge restriksjonar på denne aktiviteten, sidan det er ei næring i vekst og det er få andre lokalitetar som verkar godt egna for slik aktivitet.

Miljødirektoratet har difor sett på om det er mogleg å grense ut dei viktigaste lokalitetane som vert brukt til slik aktivitet frå verneområdet utan at dette gir tap av sentrale verneverdiar.

Kværner har kartfesta fire aktuelle område for nedsetjing av offshore-strukturar, kor eit av områda gjeld framtidige prosjekt. Fylkesmannen sitt nye avgrensingsforslag for Ytre Hardangerfjorden inneber at tre av desse områda, medrekna det nye området, blir liggande utanfor verneforslaget. Når det gjeld det eine området som ligg innanfor forslaget, har Kværner gitt uttrykk for at ein ser at det vil vere utfordrande å ta ut dette da det ligg rett på moreneryggen. Miljødirektoratet forstår Kværner sine merknader slik at ein er tilfreds med den avgrensinga Fylkesmannen no har føreslege. Moreneryggen er en heilt sentral komponent i verneforslaget og inngår i verneføremålet. Direktoratet legg vekt på at moreneryggen, som i naturtypesamanhang er klassifisert som ei israndavsetjing og er vurdert som ein viktig naturtype, framleis blir liggjande innanfor verneforslaget. Det same gjeld spesielle førekomstar som til dømes korallar.

Det nye avgrensingsforslaget tek også omsyn til Kystverket sin merknad, da det nye nedsetjingsområdet ligg i same del av Ytre Hardangerfjorden som oppankringsområdet.

Miljødirektoratet vurderer at Fylkesmannen sitt nye avgrensingsforslag for Ytre Hardangerfjorden vil redusere dei samfunnsøkonomiske kostnadene ved vernet, utan at det får vesentlege konsekvensar for føremålet med vernet. Miljødirektoratet sluttar seg derfor til det nye forslaget. Sidan nedsetjing av konstruksjonar kan medføre utslepp av miljøgifter, er det viktig at moglege verknader på verneverdiane vert vurdert ved framtidige søknader om løyve i nærliggande område, jf. naturmangfaldlova § 49. Ein kan ikkje sjå bort i frå at verneforslaget kan få konsekvensar for den maritime industrien i form av strengare løyve om utslepp i framtida, men denne effekten er svært usikker.

Sjå også omtalen av Ytre Hardangerfjorden i kap. 7.2.

I høyringsfråsegnene er også andre potensielle interesseområde omtalt, som skipstrafikk, båtplassar for forankring, hamnetilløp, moloar og kaianlegg. Mykje av dette gjeld forhold utanfor dei føreslegne verneområda, og desse interessene blir derfor ikkje påverka av det føreslegne vernet. Naturmangfaldlova § 49 (utanforliggende verksemd som kan medføre skade inn i eit verneområde) kan likevel vere aktuell. Vedkommande sektormyndte skal da vurdere omsynet til verneverdiane.

Forsvarets verksemd

Den indre delen av verneforslaget for Krossfjorden er i stor grad samanfallande med Forsvarets skyte- og øvingsfelt V11. Forsvarsbygg peiker på at Vestlandet er eit av dei viktigaste områda for Forsvaret og at feltet blir brukt av fartøy frå Haakonssvern og aktiviteten her skal vidareførast. Forsvarsbygg har bede om at verneplanen vert avgrensa slik at den ikkje kjem i konflikt med skyte- og øvingsfelt V11. Miljødirektoratet finn ikkje å kunne tilrå ei slik endring, da dette i betydeleg grad vil svekke måloppnåinga når det gjeld representativ bevaring av marin natur. Uttalen frå Forsvarsbygg inneheld ikkje nærmare opplysingar om kva for delar av områder som nyttast i samband med undervasssprenging. Vernereglane i forslaget til verneforskrift for Krossfjorden inneheld forbod mot mellom anna sprenging. Forslaget til verneforskrift inneheld generelle unntak for mellom anna militær operativ verksemd og ferdsel med båt eller andre fartøy. For å fange opp eventuelle aktivitetar som ikkje fell inn under unntaka i § 4, tilrår Miljødirektoratet at det vert tatt inn ein spesifisert dispensasjonsregel slik at tiltaka kan vurderast i lys av mellom anna verneføremålet.

Spørsmålet om korleis dette skal handterast i verneforskrifta, bør avklarast i samband med sluttbehandlinga av verneforslaget for Krossfjorden, sjå kap. 7.1.

Friluftsliv, rekreasjon og naturbasert reiseliv

Områda brukast i dag til friluftsliv, rekreasjon og naturbasert reiseliv. I nullalternativet antar Miljødirektoratet at desse aktivitetane held fram som i dag. Ved innføring av verneområde vil i hovudsak de fleste aktivitetane kunne fortsette som i nullalternativet. Dei samfunnsøkonomiske verknadene vil derfor vere avgrensa. Dei føreslegne verneforskriftene inneheld også ein spesifisert dispensasjonsregel for mindre tekniske tiltak, medrekna mellom anna flytebrygger og fortøyingar. Det er også ein spesifisert dispensasjonsregel for tilretteleggingstiltak for friluftsliv.

Avvegingar for å minimere konsekvensane for andre interesser

Mange av interessene nemnt over er tatt omsyn til gjennom avgrensing av områda og gjennom direkte unntak eller dispensasjonsreglar i dei føreslegne verneforskriftene. Dette reduserer moglege negative konsekvensar for andre samfunnsinteresser. Slike avvegingar er ikkje minst gjort frå fylkesmannen undervegs i verneplanprosessen i dialog med spesielt kommunar og ulike næringsinteresser. Konsekvensane for fiskeri og akvakultur har blitt spesielt vurdert i denne samanheng. Det er mellom anna gjort ei rekke tilpassingar med utgrensing av kaier/hamneanlegg og akvakulturanlegg, og med reglar som gir opningar for fiske og akvakultur. Av dei meir spesifikke avvegingane som er gjort, er vurderingar rundt effektar på potensielt uttak av stortare i Krossfjorden, samt potensielt nytt vegsamband og sjøkabel i Ytre Hardangerfjorden. Desse vert nærare omtalt i kapittel 7 under kvart einskilte område.

Oppsummering – negative verknader

Opplysningane som er kome inn og vurderingane som er gjort gjennom verneplanprosessen, tilseier at gjennomføring av vern som føreslege i avgrensa grad vil legge føringar for eksisterande og planlagt bruk. Dei justerte avgrensingane som vert tilrådd av Miljødirektoratet med omsyn til eksisterande akvakulturanlegg i Krossfjorden og til den maritime industriaktiviteten ved Hille i Ytre Hardangerfjorden bidrar òg vesentleg til å redusere dei samfunnsøkonomiske kostnadene ved verneforslaget.

Meirkostnaden av marint vern for de nemnte interessegruppene er derfor vurdert å vere avgrensa relativt til nullalternativet med dagens regulering. For akvakulturnæringa må det søkast om dispensasjon for etablering av nye anlegg og utviding av eksisterande anlegg. Kværner vil miste eit nedsetjingsområde dei nyttar for si verksemd, men til gjengjeld blir eit punkt som er avsett for framtidige prosjekt liggande utanfor verneforslaget med den nye avgrensinga som er føreslege. Eventuelle samfunnsøkonomiske kostnadar som følgje av vernet vil avhenge av utfallet frå sak til sak ved søknad om dispensasjon, og vil og avhenge av mellom anna høve for alternativ lokalisering av desse tiltaka. Gjennom høyringsrunden er det ikkje kome inn konkret talfesting eller verdsetting av de potensielle negative verknadene.

Det er til dels stor usikkerheit knytt til vurderingane rundt negative verknader. Den største usikkerheita er knytt til i kva grad vernet vil avgrense mogleg framtidig næringsverksemd, spesielt for akvakulturnæringa. Det er særleg påverknaden på potensiell framtidig utvikling av verksemd som er usikker, da vernet i liten grad er venta å avgrensa eksisterande eller planlagt verksemd. Verneforskriftene omfattar også dispensasjonsreglar som vil avgrense eventuelle negative verknader, og dermed redusere usikkerheita. Dersom Forsvaret må søkje om dispensasjon for bruk av skyte- og øvingsfeltet i Krossfjorden, kan dette innebere

meirkostnader for Forsvaret. Med dei føreliggjande opplysingar om bruken av feltet, er det likevel vanskeleg å seie noko om i kva for grad det vil være snakk om bruk/tiltak som ikkje fell inn under dei generelle unntaka i § 4 i forslaget til verneforskrift, sjå også kap. 7.1.

4.1.5 Kva for tiltak anbefalast og kvifor?

Samla anbefaling

Miljødirektoratet tilrår etablering av tre marine verneområde som definert innleiingsvis i kapittel 1. Dei tre områda vert foreslått verna i medhald av naturmangfaldlova § 39 (marine verneområde), jf. vurderingane av relevante tiltak og verkemidlar i kap. 4.1.2.

Miljødirektoratets vurdering er at å bevare naturverdiane i dei tre føreslegne områda vil gi betydeleg samfunnsøkonomisk nytte, og at marint vern er det mest hensiktsmessige verkemiddelet for å sikre at dei ulike nytteverdiane vert oppretthalde på lang sikt. Vern av dei tre områda vil bidra til å ivareta viktige naturkvalitetar som omfattar både bruksverdiar og ikkje-bruksverdiar, og da særleg på lang sikt. Dei største nytteeffektane vil gjera seg gjeldande gjennom betydelege ikkje-bruksverdiar på nasjonalt nivå.

Det enkelte av de tre områda har **kvar for seg** verneverdiar som gjer at dei bidreg til målet om representativ bevaring, og dette gjer at områda må vurderast enkeltvis. Samtidig må dei tre områda sjåast som **ein del av ein større heilskap**; Dei inngår mellom dei 36 anbefalte områda, som **samla sett** er vurdert å gi ei rimeleg god dekning i Noregs kystområde og territorialfarvatn med omsyn på representativitet. Vidare ligg dei tre områdene i same biogeografiske region, jf. kap. 1.2. Dersom eitt eller fleire av dei 36 områda ikkje vert verna, vil det resultere i redusert måloppnåing. Vesentleg arealreduksjon av enkeltområde, kan trekkje i same retning. Eit døme på dette er Krossfjorden, kor Forsvarsbygg har bede om at verneplanen avgrensast slik at den ikkje kjem i konflikt med skyte- og øvingsfelt V11. Miljødirektoratet finn ikkje å kunne tilrå ei slik endring, da dette i betydeleg grad vil svekke måloppnåinga når det gjeld representativ bevaring av marin natur.

Det er i verneplanprosessen og i Miljødirektoratet si tilråding tatt omsyn til andre samfunnsinteresser i avgrensing av verneområda, mellom anna der det er vesentlege interesser knytt til eksisterande akvakulturanlegg (Krossfjorden) og maritim industri (Ytre Hardangerfjorden). Vidare er det også foreslått generelle unntak og spesifiserte dispensasjonsreglar i verneforskriftene. Det føreslegne vernet kan legge nokre avgrensingar på framtidig bruk, medrekna framtidige aktivitetar knytt til akvakultur og infrastrukturtiltak. Det er i dei føreslegne forskriftene opna for å gi dispensasjon til akvakultur og nokre infrastrukturtiltak, og ev. søknader om slike tiltak må vurderast i lys av mellom anna verneføremålet. Eventuelle samfunnsøkonomiske kostnader for akvakulturnæringa (nye anlegg og utviding av eksisterande anlegg) som følgje av vernet vil avhenge av utfallet frå sak til sak ved søknad om dispensasjon, samt avhenge av mellom anna høve for alternativ lokalisering av desse tiltaka, sjå også kap. 5.2.2 og 6.

Opplysningane som er kome inn og vurderingane som er gjort gjennom verneplanprosessen, tilseier at gjennomføring av vern som føreslege i liten grad vil påverke eksisterande bruk og vedtekne planer og løyver/konsesjonar. Kostnadseffektane ved vernet vil i hovudsak gjera seg gjeldande på regionalt og lokalt nivå, gjennom at vern kan legge avgrensingar på framtidig bruk av dei aktuelle areala.

Vurdering av samfunnsøkonomisk lønnsemd

Miljødirektoratet har ikkje grunnlag for å kvantifisere samfunnsøkonomisk lønnsemd av forslaget. Direktoratet si vurdering er at det er betydelege nytteverdiar som blir ivaretatt av verneforslaget, og at desse verdiane i hovudsak er nasjonale. Den største nytta i å opprette desse verneområda ligg i verdien av å bevare eit representativt utval av undersjøisk norsk natur. Kostnadane vert vurdert som avgrensa, og vil først og fremst gjelde på regionalt og lokalt nivå. I tillegg kjem eventuelle kostnader for Forsvaret, jf. nærmare omtale i kap.7.1.

Vurdering av usikkerheit

Den største usikkerheita i Miljødirektoratets vurderingar er knytt til i kva grad vernet vil avgrense mogleg framtidig næringsverksemd, mellom anna for akvakulturnæringa, industri og infrastruktur. Det er også noko usikkerheit knytt til Forsvarets verksemd og til moglege konsekvensar for denne verksemda. Verneforskriftene omfattar dispensasjonsreglar som vil avgrense eventuelle negative verknader, og dermed redusere usikkerheita. Det vil likevel være usikkerheit knytt både til tiltaka som kan verte søkt om i framtida (mellom anna til type verksemd og til kva teknologi og løysningar som skal brukast), korleis den samla belastninga blir i dei tre områda og til utviklinga for verneverdiane i områda.

Usikkerheita vil speglast både i nytten og kostnadene, til dømes ved at avslag på søknad om dispensasjon for ei verksemd vil kunne føre til ein negativ konsekvens, men samtidig vere positivt for nyttesida (verneverdiar). På den andre sida vil aktivitet som ikkje er i strid med verneføremålet og som får dispensasjon, innebære få negative konsekvensar.

Vurdering av moglege fordelingsverknadar

Miljødirektoratet finn ikkje at forslaget gjev fordelingsverknadar av betyding, og har ikkje sett behov for ei særskilt vurdering av slike verknader. Pågåande verksemd vil i liten grad verte påverka, og meirkostnaden av marint vern for aktuelle interessegrupper er vurdert å vere avgrensa relativt til nullalternativet.

4.1.6 Kva er føresetnadene for ei vellykka gjennomføring?

Ei vellukka gjennomføring krev at det vert avsett tilstrekkelege ressursar til gode forvaltningsordningar som støtter opp under arbeidet med langsiktig beskyttelse av verneverdiane i områdene. Dette omfattar utarbeiding av forvaltningsplanar, nødvendige kartleggingar, etablering av oppsyn og overvaking, jf. kap. 4.2. God informasjon til brukarar om verneverdiar og vernereglar er sentralt. Miljødirektoratet føreset vidare at forvaltninga av tilgrensande område støtter opp under målsettingane med vernet av områda.

Miljødirektoratet føreset at tiltaket skal evaluerast, slik at det kan vurderast korleis vern av dei tre områda - saman med andre verneområde og andre bevaringstiltak - bidreg til langsiktig bevaring av marine naturtypar og naturverdiar langs kysten.

Det vil også vere ein del føresetnader knytt til å ivareta verneverdiane i områda som er uavhengig av sjølve verneforslaga. Dette gjeld både mangfaldet av naturtypar og særlege kvalitetar i områda. Dette omfattar mellom anna følgjer av klimaendringar og forsuring og tilførsel av næringssalt og miljøgifter utanfrå, sjå kap. 1.4/4.1.2.

4. 2 Forvaltnings- og budsjettmessige vurderingar

Miljødirektoratet har mynde til å fastsetje kven som skal vere **forvaltningsstyresmakt** for verneområda, og det kan opprettast et rådgjevande utval for forvaltninga. I tråd med oppdragsbrev 08.09.14 frå Klima- og miljødepartementet, vert forvaltningsmynde for mindre verneområde i første omgang tilbydd til den aktuelle kommunen, med unntak for verneområde som i dag grensar inntil område som i dag forvaltast av nasjonalparkstyre eller verneområdestyre. Tilbodet omfattar heller ikkje verneområde som strekkjer seg over fleire kommunar. Her er det lagt til grunn at spørsmålet vil bli vurdert når det er tatt stilling til framtidig kommunestruktur gjennom regjeringa sitt arbeid med kommunereforma. Alle dei tre føreslegne marine verneområda i Hordaland fylke strekkjer seg over fleire kommunar. Miljødirektoratet er derfor innstilt på at Fylkesmannen er forvaltningsstyresmakt for områda..

Forvaltningsplanar for områda må ferdigstillast snarast mogleg etter vernevedtak, slik at ein har eit godt planverktøy for å forvalte verneområda. I samband med dette vil det også vere behov for nærmare **kartlegging av naturmangfaldet** i områda, som grunnlag både for overvaking av tilstand, bruk av områda som referanseområde, vurdering av tiltak for å ivareta verneverdiane og handsaming av dispensasjonssøknader. I sum vil dette bidra til ei meir treffsikker forvaltning av verneområda.

Utarbeiding av forvaltningsplanar vert finansiert over kap. 1420.21. Kartlegging kan finansierast over kap. 1420.33.

Kostnader ved utarbeiding av forvaltningsplanar varierer frå område til område, og avheng mellom anna av områda sin storleik og kompleksitet når det gjelder brukarinteresser. Røynsler frå arbeid med forvaltningsplanar for dei marine verneområda Gaulosen, Rødberget og Saltstraumen, tilseier ein kostnad i storleiksorden 0,2-0,4 mill. kr. Dette tilseier ein samla eingongskostnad i storleiksorden 0,6-1,2 mill. kr. for dei tre føreslegne områda.

Kostnader ved kartlegging av naturmangfaldet varierer også frå område til område, og avheng av områda sin storleik, kompleksitet når det gjelder naturforhold og kor detaljert kartlegging det leggjast opp til. Ein annan faktor er kor godt områda er kartlagt på førehand. For dei fleste vedtekne og føreslegne marine verneområde, har dette omfatta innhenting av eksisterande kunnskap og kartlegging med sikte på å identifisere aktuelle område som kan bidra til eit representativt vern. For å oppnå ei treffsikker forvaltning, krevjast meir detaljerte kartleggingar. Kostnaden ved kartlegging av Saltstraumen marine verneområde, var ca. 1 mill. kr. Noko av denne kartlegginga vil også kunne vere aktuell under nullalternativet.

Eventuelle utgifter til erstatning og gjennomføring av en eventuell erstatningsprosess, samt merking og oppsetting av skilt, vert føresett dekkja innanfor løyving under kap. 1427 post 33. Utgiftene pr. område er no vurdert til 0,2 mill. kr i gjennomsnitt. Dette tilseier ei samla utgift på 0,6 mill. kr for de tre føreslegne marine verneområda. Dei tre føreslegne verneområda omfattar ikkje privat grunn.

5. HØYRING AV VERNEFRAMLEGGA

5.1 Høyringsinstansar

Følgjande 158 organisasjonar og instansar har hatt verneframlegga til uttale:

Lindås kommune, Radøy kommune, Austrheim kommune, Sund kommune, Austevoll kommune, Bergen kommune, Os kommune, Kvinnherad kommune, Tysnes kommune, Stord kommune, 1dykkeklubb, A/S Norske Shell, Artsdatabanken, Audun Jacobsen, Austefjorden Smolt as, Austevoll Fiskarlag, Austevoll Kraftlag SA, Austevoll kyst- og sogelag, Austevoll Seaweed farm AS, Avinor AS, Bellona, Bergen Fiskarlag, Bergen og Omegn Havnevesen, Bergen Seilforening, Bioforsk, BKK, BOF, BSI Padling, Den Norske Turistforening, Direktoratet for mineralforvaltning, DNT Hordaland, Fana Kajakklubb, Fiskarlaget Vest, Fiskebåt, Fiskeri- og havbruksnæringens forskningsfond, Fiskeri- og havbruksnæringens Landsforening, Fiskeridirektoratet, Fitjar Kraftlag, Fjelberg Fjordbruk AS, Fjellvar AS, Fjordfiskernes forening, FMC Biopolymer, Forbundet KYSTEN, Forsvaret, Forsvarsbygg, Fortidsminneforeningen Bergen og Hordaland, Forum for natur og friluftsliv, Framtiden i våre hender, Friluftslivets fellesorganisasjon, Friluftsrådenes Landsforbund, Fritidsfiskeforening, Fylkenes fisk AS, Greenpeace, Hardanger Kajakklubb, Havforskningsinstituttet, Havstril Padleklubb, Hordaland bonde- og småbrukarlag, Hordaland Bondelag, Hordaland fylkeskommune, Hordaland fylkeskystlag, Hordaland Røde kors, Hordvik Padle klubb, IMC Diving AS, Bjørn Isdal, KGL. Norsk Båtforbund, KS, Kvinnherad Energi, Kvinnherad kystlag, Kvinnherad og Hardanger fiskarlag, Kystverket, Lerøy vest as, Lingalaks as, LO, Luftfartstilsynet, Marinbiologisk stasjon Espeland, Mattilsynet, Midthordaland fiskarlag, Milde Båtlag Bergen, Miljødirektoratet, Natur og Ungdom, Naturvernforbundet Hordaland lokallag, Nemo Classic Diving, Nesfossen Smolt AS, NGIR, NHO, NHO Reiseliv, NIVA region vest, NJFF Hordaland, Njård ro og kajakklubb, NOF Hordaland, Norconsult, Nordhordland kraftlag, Nordhordland padleklubb, Nordhordland Seilforening, Nordsjø fjordbruk AS, Norges bondelag, Norges dykkeforbund, Norges fiskarlag hovedadministrasjon, Norges geologiske undersøkelser, Norges handicapforbund, Norges indrettsforbund, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Kystfiskarlag, Norges Luftsportsforbund, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Norges Miljøvernforbund, Norges naturvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges Padleforbund, Norge Seilforbund, Norhordaland fiskarlag, Norsk Biologforening, Norges Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Industri, Norsk institutt for naturforskning NINA, Norsk institutt for vannforskning NIVA, Norsk Ornitologisk Forening, Norsk Surfforbund, Norsk zoologisk forening, Norsk sjømatbedrifters landsforening, Norskjell AS, NTNU, NVE, Oljedirektoratet, Oljeindustriens Landsforening, Onarheim bruk AS, Os padleklubb, Riksantikvaren (Direktoratet for kulturminneforvaltning), Rådgivende Biologer AS, SABIMA, Siviltforsvaret, Sjøfartsdirektoratet, Sjøtroll havbruk AS, SKL, Skog og landskap, Sotra fiskeindustri AS, Statens Kartverk, Statens Kartverk Bergen, Statens Kartverk sjødivisjon, Statens vegvesen region vest, Statkraft, Statnett, Statskog, Stord Seilforening, Studentenes Undervannsklubb, Sund kystlag, Sunnhordaland fiskarlag, Taretrålfiskernes Forening, Telavåg fiskemottak AS, Telavåg fiskeoppdrett AS, Troland lakseoppdrett AS, Tysnes fjordbruk AS, Tysnes kystlag, UiT Norges arktiske universitet, Uni Miljø, Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo Biologisk institutt, Universitetsmuseet i Bergen, Universitetet i Bergen, Vegdirektoratet, Vestnorsk havbrukslag FHL, Viking fjord AS, WWF-Norge, Øygarden havkajakklubb, Øygarden og Sotra fiskarlag, Åsane Seilforening, Asplan Viak.

5.2 Generelle merknader til høyringsframlegga med Miljødirektoratet sine kommentarar

Dette delkapittelet omfattar først og fremst problemstillingar som gjeld fleire område. Merknader til dei einskilte områda er nærmare referert og kommentert i kapittel 7.

5.2.1 Overordna haldningar til framlegg om marint vern

Fylkeskommunen og kommunane

Hordaland fylkeskommune er positiv til prinsippet om å etablere marine verneområde og støtter vern av Lurefjorden og Lindåsosane. Med omsyn til eksisterande og framtidig akvakulturverksemd, tilrår fylkeskommunen likevel ikkje vern av områda Krossfjorden og Ytre Hardangerfjorden. Alternativt kan områda avgrensast til område som ikkje er i konflikt med etablerte akvakulturlokalitetar. Dette må eventuelt konsekvensutgreiast. Fylkeskommunen meiner at konsekvensane for noverande og framtidig akvakultur, skjelsandopptak og tarehausting er ikkje utgreidd i tilstrekkeleg grad.

Når det gjeld området *Krossfjorden*, meiner Sund kommune at verneområdet må avgrensast til dei delane av Sund sitt sjøområde som er djupare enn 100 m. Austevoll kommune går imot verneplanen slik den ligg føre, og peiker mellom anna på at Fylkesmannen må greie ut kva for konsekvensar den tilrådde verneplanen har for samfunnsutvikling og næringsaktivitet. Os kommune kan ikkje stille seg bak verneframlegget slik føresegnene no er utforma, og viser mellom anna til at forslaget i for lita grad tek omsyn til at miljøomsyn allereie er regulert i anna lovverk. Bergen kommune meiner det er svært positivt at det gjerast vernetiltak for å sikre et representativt utval av marin natur, og at Krossfjorden synes å vere ein god kandidat i denne samanheng.

Tysnes kommune kan ikkje sjå at det er trong for etablering av *Ytre Hardangerfjorden* som marint verneområde, og peiker mellom anna på at bruk av området i samsvar med gjeldande lovverk og rutinar truleg vil gi det beste vernet. Kvinherad kommune vil ikkje tilrå vern slik det no ligg føre, og viser mellom anna til at kommunen sjølv forvaltar naturmangfaldet på ein god måte gjennom arealdelen til kommuneplanen, samt ved handsaming av einskildsaker gjennom ulike lovverk. Stord kommune uttrykte seg positivt til vern i oppstartsmeldinga, men bad om at vernet ikkje legg opp til unødige restriksjonar for næringsliv og samfunnsnyttige føremål. Det kom ingen uttale frå kommunen til høyringa.

Radøy kommune har ingen innvendingar til verneframlegget for *Lurefjorden og Lindåsosane*. Austrheim kommune og Lindås kommune er positive til at det marine naturmiljøet med sitt unike økosystem blir tatt vare på.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland kan ikkje tilrå at det no vert gått vidare med planane om marint vern, og meiner mellom anna at konsekvensvurderingane som er gjort i denne fasen av arbeidet, ikkje i tilstrekkeleg grad klarer å vise eventuelle gevinstar med eit særskilt vern av dei aktuelle områda verneplanen legg opp til.

Andre høyringsinstansar

Fiskeridirektoratet region vest har merknader til forskriftene når det gjeld akvakultur og fiske, jf. kapittel 5.2.2 og 5.2.3, og til avgrensinga av områda Krossfjorden og Ytre Hardangerfjorden, jf. kapittel 7.1 og 7.2.

Mattilsynet Region Sør og Vest er i utgangspunktet positive til vern av sårbare naturområde, men har merknader til forskriftene i samband med akvakultur.

Kongelig Norsk Båtforbund er i utgangspunktet positiv til vern av naturområde, men har innspel til avgrensinga av områda mot land.

Kystverket region Vest peiker på at dei i tidlegare uttale uttrykte at vern ikkje måtte bli til hinder for framtidige og naudsynte navigasjonsinstallasjonar eller for ei naturleg og forsvarleg drift og forvaltning av fiskerihamner i områda. Desse forholda meiner dei er godt handtert i føresegnene for dei tre områda.

Bergen og Omland havnevesen kan ikkje sjå at verneframlegga vil kome i konflikt med deira interesser, og har ikkje merknader/innspel i saka.

Forsvarsbygg har merknader til området Krossfjorden, sjå kapittel 7.1, men har ikkje kome med innspel ut over dette.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til sin tidlegare uttale og ser at forskriftene tar omsyn til eksisterande anlegg. NVE har merknader til området Ytre Hardangerfjorden, jf. kapittel 7.2.

Statens vegvesen, region Vest har ingen merknader eller innspel til verneframlegga.

Havforskningsinstituttet meiner det tre føreslegne områda til saman representerer eit rikt mangfald av marine naturtypar i Hordaland, og at alle områda er gode kandidatar til marine verneområde.

Sjømat Norge peiker på at nasjonal marin verneplan er et verktøy som skal beskytte eit representativt utval av område i sjø for å sikre mangfaldet av naturtypar og artar. Samstundes er det også klare politiske føringar på at sjømatproduksjonen skal aukast. Når det gjeld Lurefjorden og Lindåsosane må ikkje vernet innrettast slik at får innverknad på eksisterande smoltanlegg. Sjømat Norge føreslår at området Ytre Hardangerfjorden reduserast i utstrekning. Sjømat Norge og Telavåg Fiskeoppdrett AS ber primært om at framlegget om vern av Krossfjorden vert trekt tilbake, subsidiært at området vert vesentleg redusert i storleik. Lerøy Sjøtroll meiner at arbeidet med vern av Krossfjorden bør stansast, da dette har store konsekvensar for havbruksnæringa i regionen.

Alsaker Fjordbruk AS meiner primært at verneframlegget for Ytre Hardangerfjorden i for stor grad råker lokale og regionale interesser kva gjeld matproduksjon og sysselsetting. Subsidiært meiner dei at planen i større grad bør gjenspegle dei tradisjonane ein har for sameksistens og fleirbruk i områda som er føreslegne.

Linga Laks AS støtter arbeidet med å få etablert ein marin verneplan, men meiner det må takast omsyn til og leggjast til rette for eksisterande og framtidig næringsliv. Dei har innspel til avgrensinga av Ytre Hardangerfjorden.

Fiskarlaget Vest peiker på at fiskarane er avhengig av intakte gyte-, oppvekst- og fiskeområde og eit reint fjord- og havmiljø. Reine sjøområde er òg avgjerande for kvalitet, mattryggleik, omdøme og marknadsvardi for norsk sjømat. Kystsona står i ei særstilling. Det er her ein har dei viktigaste gyteområde, oppvekstområde og fleire av våre viktigaste fiskeri. Om ein forvaltar våre marine økosystem på ei god måte, vil denne fornybare matproduksjonen kunne gå føre seg i eit «evigheitsperspektiv». Fiskarlaget forventar at marin verneplan vil bidra til å ivareta desse verdiane. Fiskarlaget har merknader når det gjeld forskriftene, sjå kapittel 5.2.3.

Austevoll Fiskarlag er sterkt imot verneframlegget for Krossfjorden. I det minste må det ikkje leggjast restriksjonar på bruk av noko slag fiskereiskapar, ut over det som følgjer av havressurslova og andre fiskerilover. Ein må heller ikkje sette i verk avgrensingar på utbygging i og ved sjø.

Naturvernforbundet Hordaland peiker på at dei er glad for at vern av desse unike fjordområda i Hordaland ser ut til å bli realisert.

FMC Biopolymer AS har merknader når det gjeld hausting av tare, sjå kapittel 5.2.4.

Fylkesmannen i Hordaland peiker på at verneframlegga femner om areal i 10 av kommunane i Hordaland. Haldningane til desse kommunane og fylkeskommunen er ganske delte. Fylkesmannen tolkar fire av kommunane til å vere positive til framlegget, medan dei resterande seks i ulik grad er negative og generelt meiner at dei er betre eigna til å forvalte dei marine kvalitetane i sine kommunar sjølve. Haldninga var meir positiv til vern etter oppstartsmeldinga enn etter høyringa, då konkretiserte verneforskrifter vart sendt ut. Det meste av den negative responsen har bakgrunn i otte for at havbruksnæringa skal bli negativt råka av verneframlegga, til tross for at dette vil skje i svært lita grad slik verneforskriftene er utforma, og at dette har vore presisert ved alle høve frå Fylkesmannens side. Bodskapen har anten ikkje nådd fram eller meir sannsynleg ikkje blitt trudd på. Tilbakemeldinga er tilsvarande frå fleire av oppdrettsaktørane i områda, men her finst det også dei som vel å sjå marint vern som ei naturleg samfunnsoppgåve som set rammer som næringa må innrette seg etter. Kandidatområda er store og femnar om geografiske område som i lange tider har vore eit viktig grunnlag for busetjingsmønsteret langs kysten, og som framleis er det. Med bakgrunn i dette er kritiske merknader til verneframlegga ganske små, om ein ser bort ifrå havbruksinteressene. Om verneforskriftene og Fylkesmannens tilhøyrande utgreiing omkring dette temaet hadde vore lest og tolka slik meininga faktisk er, ville uroa kring desse verneframlegga vore relativt liten. Fylkesmannen meiner det er godt grunnlag for å hevde at det store fleirtalet av folk som bur langs denne kysten og som brukar naturen her, ser ei framtidsretta og genuint berekraftig forvaltning av det marine naturmiljøet i Hordaland som ei viktig og høgt prioritert samfunnsoppgåve. Slike grunnhaldningar kjem sjeldan til uttrykk gjennom høyringsprosessar av denne typen.

Miljødirektoratets vurdering er også at forholdet til akvakultur er ei sentral problemstilling knytt til verneframlegga særleg for to av dei tre føreslegne områda, og viser til særskilt omtale i kapittel 5.2.2 og til omtalen av einskildområda i kapittel 7. I møte mellom kommunane, Fylkesmannen og Miljødirektoratet i Bergen 29.01.19, kom det også fram at kommunanes motstand og skepsis i stor grad er knytt til usikkerheit om korleis akvakulturnæringa kan utviklast i dei aktuelle områda i framtida. Vurderingar knytt til dette er gjort i kap. 5.2.2 og 6. Når det gjeld fylkeskommunens merknad om utgreiing av konsekvensar, viser direktoratet til de samfunnsøkonomiske vurderingane i kap. 4.1.

5.2.2 Akvakultur

Med omsyn til eksisterande og framtidig akvakulturverksemd, tilrår Hordaland fylkeskommune ikkje vern av områda Krossfjorden og Ytre Hardangerfjorden, alternativt kan avgrensinga endrast.

Fiskeridirektoratet region Vest rår til at omgrepet akvakultur blir brukt i staden for havbruk, og viser til definisjonen i akvakulturlova. I Krossfjorden og i Ytre Hardangerfjorden er det etablert betydeleg akvakulturverksemd innanfor og i randsona av dei føreslegne verneområda. Slik framlegg til føresegnar til verneområda er utforma, vil dette føre til at alle endringar av arealbruk og biomasse på lokalitetar der det er etablert akvakulturverksemd vert underlagt § 5 spesifiserte dispensasjonsreglar i verneforskriftene. Konsekvensane kan bli store for desse verksemdene ved innføring av eit vern som føreslege. Ifølge verneforskriftene kan forvaltningsstyresmakta etter søknad gi dispensasjon til havbruk som ikkje er i strid med verneføremålet. Regionkontoret peiker på at kva typar akvakultur som ikkje er i strid med verneføremålet, vil vere i kontinuerleg utvikling.

Mattilsynet Region Sør og Vest peiker på at eksisterande akvakulturanlegg i verneområda må få ta i bruk nyvinningar innan ulike teknologiske løysingar, som nye oppankringssystem, nye avlusingsystem osv. Ein kan også til dømes ynskje å utvida arealbruken. I dag skal ein vurdere miljøkonsekvensar ved all bruk av legemiddel i akvakulturanlegg der dette er aktuelt. Det kan koma nye legemiddel i framtida. Eit generelt vern må ikkje vere til hinder for at nye legemiddel kan bli tekne i bruk på eksisterande lokalitetar i verneområda, gitt at miljøkonsekvensane blir vurderte til å vere innanfor det forsvarlege. Dei er positive til at det ikkje blir mogleg å etablere nye anlegg i verneområda utan dispensasjon. Dei føreslegne verneområde har avgrensa storleik, og dette kan ikkje kan skape uhøvelege store vanskar for oppdrettsnæringa.

Sjømat Norge peiker på at det er ei nasjonal målsetjing at akvakulturnæringa skal gis moglegheit til å vokse, og tilgang til nok egna areal er ein svært viktig føresetnad. Dei har merka seg at det må søkast om dispensasjon til utviding og nyetablering av anlegg, og meiner det er mykje som tyder på at det kan bli utfordrande å få auka til dømes utsleppsløyve i eit marint verneområde. Dei støtter at regelen om havbruk i forskriftene har formuleringa "Havbruk som ikkje er i strid med verneføremålet", og at dette omfattar fiskeoppdrett og skjeldyrking/-oppdrett. Sjømat Norge ber om at forslaget om at det må vere avsett areal i kommuneplanen ved vernetidspunkt for at det skal vere mogleg med utviding eller nyetablering i eit marint verneområde, blir fråfalle. Dei etterspør klare kriterium for kva som definerast som akseptabel påverknad (jf. at vernereglane er til hinder for «vesentlege inngrep»). Når det gjeld verneforskriftene, ber dei om at forbodet mot utsetjing av organismar tas ut, då dei ikkje er trygge på at dette ikkje kan gis ei framtidig tolking som inneberer at smoltutsett vert forbudt. Sjømat Norge og Linga Laks AS meiner matproduksjon er ei viktig samfunnsinteresse som bør omtalast særleg under de generelle dispensasjonsreglane (§ 6) i verneforskriftene.

Havforskningsinstituttet meiner at verneforskriftene kanskje i for stor grad opnar for dispensasjonssøknader. Vernereglane forbyr utslepp av konsentrerte forureinande stoff i verneområda. Her bør ein kanskje også presisere forbod mot utslepp av badebehandlingsvann frå merd og brønnbåt.

Naturvernforbundet Hordaland peiker på at oppdrett i opne anlegg kan føre til rømming av oppdrettslaks som øydelegg det genetiske grunnlaget for villaksen, spreining av lakselus og forureining av kjemikaliar i samband med medisinerings av fisk. Avføring frå fisken kan føre til overgjødslings. Skal oppdrettsverksemda halde fram etter at verneområda er oppretta, må det derfor vere et krav at anlegga blir lukka. Nye konsesjonar må ikkje gis i dei verna områda.

Fylkesmannen i Hordaland peiker mellom anna på at drift og vedlikehald av eksisterande anlegg kan halde fram som før, jf. § 4 i verneforskriftene. Utsetjing av smolt til matfiskanlegg vert rekna som ordinær drift, og vert ikkje råka av forbodet om utsetjing av framande artar. Føresetnaden er at aktørane held seg til vilkåra som sektorstyresmaktene har sett. Dersom miljøtilstanden endrar seg i uakseptabel grad kan dei same sektorstyresmaktene — i marine verneområde som elles — endre vilkåra og jamvel trekke løyvet attende, men i så fall skjer ikkje dette etter verneforskrifta og heller ikkje av di området er underlagt marint vern.

Om eit eksisterande anlegg bør flyttast, om ein ønskjer å utvide produksjonskapasiteten eller ser fordel i å endre driftsforma, må ein som før søkje sektorstyresmaktene om dette. Det same gjeld søknadar om nyetableringar. Einaste skilnaden i eit marint verneområde er at ein i tillegg må ha løyve etter verneforskrifta i slike høve, og tiltaket kan då ikkje vere i strid med verneføremålet. Det vil det normalt ikkje vere dersom ein tilfredsstillar dei lovmessige krava som eit løyve etter gjeldande sektorlover føreset.

Eit akvakulturtiltak føreset løyve etter fire vel etablerte lovverk som det er, og dei same miljørettsprinsippa etter naturmangfaldlova skal seriøst vurderast ved kvart av desse løyva. Dersom dette vert gjort etter intensjonen i lovverket, vil det berre vere i heilt særskilde tilfelle at ei handsaming etter verneforskrifta kan kome til eit anna resultat. Dersom miljørettsprinsippa er mangelfullt eller feil handtert under handsaminga etter sektorlovene, eller ikkje handtert i det heile, kan saka stille seg annleis. Også eit løyve etter verneforskrifta skal vurderast etter miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12.

I tillegg til visuelle og estetiske konsekvensar, vil all næringsverksemd ha innverknad på miljøet. Dette gjeld også akvakulturverksemd. Eit sakshandsamingsregime som er skissert ovanfor inneberer at visse konsekvensar er akseptert, også i marine verneområde. Dette gjeld i første rekke:

- (1) Forureining av havbotnen rett under oppdrettsmerdar og i umiddelbar nærleik av desse. Dette er vanskeleg å unngå med dagens teknikk. Så lenge ureininga er lokal og ikkje øydeleggjande for viktige naturfaglege førekomstar kan den akseptast, men vurderinga kan bli annleis om konsekvensane er vidtrekkande. Nye teknikkar kan redusere eller løyse dette problemet, i så fall er det sterkt ønskjeleg å ta dette i bruk i marine verneområde.
- (2) Plassering av ankerfeste. Tilstrekkeleg forankring er naudsynt, men anker må plasserast på stader der dei ikkje øydelegg eller unødig påverkar eksisterande viktige naturfaglege førekomstar. Det vil oftast vere naudsynt å kartleggje havbotnen i influensområdet med ROV for å klargjere dette, men dette vert det ofte stilt krav om uansett i dag.
- (3) Indirekte konsekvensar på villfisk ved spreining av lakselus og rømd oppdrettsfisk. Dette er alvorlege miljøkonsekvensar som må finne vesentleg betre løysingar enn i dag, men vil bli handtert av anna regelverk og er uvedkomande verneforskrifter for marint vern.

Miljødirektoratet viser til at omgrepsbruk knytt til akvakultur vart drøfta i møte mellom Fiskeridirektoratet, Fiskeridirektoratets regionkontor, fylkesmennene og Miljødirektoratet 21.02.18.

Heimel for å gi dispensasjon til havbruksverksemd som ikkje er i strid med verneføremålet, inngår i forskriftene for mange verneområde vedtatt gjennom kystverneplanen for Nordland (vedteken i 2002) og andre seinare planer, f.eks. verneplanen for kystregionen i Troms (2004).

Bakgrunnen for å ta inn ein slik regel var St.meld. nr. 43 (1998-99) Vern og bruk i kystsona (kystmeldinga) og Stortinget si behandling av denne i 2000. Energi- og miljøkomiteen slutta seg mellom anna til at det "... skal være mulig å kombinere vern av et sjøareal og bruk av samme areal i havbruksvirksomhet i større grad enn ved tidligere vernevedtak. Dette forutsetter imidlertid at aktiviteten ikke strider mot verneformålet.". Rådgivende utvalg for marin verneplan peikte på at havbruk i dei fleste tilfelle bør kunne kombinerast med vern, men da under føresetnad av at det ikkje er negativ påverknad i høve til verneføremålet.

Omgrepet "havbruk" har såleis vore brukt i verneforskrifter i lang tid, og det har vore lagt til grunn at dette omfattar fiskeoppdrett og skjeldyrking/-oppdrett. Miljødirektoratet tilrår at omgrepet "havbruk" erstattast med "akvakultur" i forskriftene, og viser til nærmare vurderingar i tilråding om vern av sju marine område i Nordland og Troms, sendt Klima- og miljøverndepartementet 23.05.18. Omgrepet "akvakultur", slik det er definert i akvakulturlova, omfattar meir enn fiskeoppdrett og skjeldyrking/-oppdrett, til dømes omfattar det også tang- og tare dyrking. Det omfattar og "fangstbasert akvakultur" (levandelagring av villfanga fisk i over 12 veker med fôring). Føreslegne forskrifter set ikkje noko krav om at det må vere avsett areal i kommuneplanen.

Når det gjeld spørsmålet om marint vern vil innebære at det vil bli vanskelegare å få løyve til havbruk, medrekna utviding/flytting av eksisterande anlegg og etablering av nye anlegg, viser Miljødirektoratet til at verneforskriftene inneheld ein spesifisert dispensasjonsregel om at forvaltningsstyresmakta etter søknad kan gje dispensasjon til akvakultur som ikkje er i strid med verneføremålet. Ved eventuelle søknader om tiltak, må det gjerast konkrete vurderingar i lys av mellom anna verneføremål. Utfallet av ein søknad vil såleis kunne avhenge både av kva for ein type tiltak det er snakk om, teknologi, storleik/omfang, resipientforhold og lokalisering innanfor eit marint verneområde. Formuleringa "kan etter søknad gje dispensasjon til", betyr ikkje at forvaltningsstyresmakta skal gi dispensasjon, men at forvaltningsstyresmakta kan vurdere om ein søknad gjer grunnlag for dispensasjon, sjå også kap. 6.

Miljødirektoratet viser til Havforskningsinstituttets merknad om at ein kanskje bør presisere forbod mot utslepp av badebehandlingsvann frå merd og brønnbåt. Fylkesmannen har i sitt oversendingsbrev av 11.10.17 peikt på at dette kan vere på sin plass, men at formulering om dette ikkje har vore til høyring.

Utslepp av badebehandlingsvann vil etter Miljødirektoratet si vurdering i utgangspunktet omfattast av forbodsregelen i verneforskriftene § 3 bokstav c, sjølv om "badebehandlingsvann" ikkje er spesielt nemnd. Fiskeridirektoratet har i samarbeid med Miljødirektoratet og Mattilsynet utarbeida ein rettleiar for å informere om regelverket for tømning av badebehandlingsvann tilsett lækjemiddel mot lakselus. Rettleiaren skal klargjere kva kunnskap som ein må hente inn, kva vurderingar som må gjerast og kva omsyn som må takast før tømning av badebehandlingsvann. Ut frå denne rettleiaren inneber løyva som fylkesmennene har gitt til fiskeoppdrett i opne merdar i sjø normalt at oppdrettar har løyve til utslepp av lækjemiddel ved akvakulturanlegget på nærmare vilkår, uavhengig av om utslipp skjer frå merd eller brønnbåt. I rettleiaren frå Fiskeridirektoratet er det også opplyst at utslepp av badebehandlingsvann andre stader enn ved anlegget ikkje er omfatta av oppdrettaren sitt løyve etter forureiningslova. Det er vidare opplyst at slike utslepp likevel er lovlege utan særskild løyve frå Miljødirektoratet dersom dei ikkje medfører nemneverdige skader eller ulemper, jf. forureiningslova § 8 tredje ledd. Regelen i forureiningslova gir ein låg terskel for kva som er lovleg forureining. Det står også at det må takast særleg omsyn til verna område, viktige naturtypar og område med artar av særleg forvaltingsinteresse. I rettleiaren er det

opplyst at ein for verna område må vurdere om eit utslepp vil vere i strid med reglar i den aktuelle verneforskrifta. Det må vidare vurderast om eit utslepp kan påverke dei verdiane som skal ivaretakast gjennom vernet (verneføremålet), også ved utslepp utanfor det verna området. I rettleiaren heiter det vidare at forvaltingstyresmakta for det aktuelle verneområdet bør kontaktast for å avklare forholdet til verneforskrifta. Miljødirektoratet legg til grunn at utslepp som er omfatta av løyve frå fylkesmennene etter forureiningslova, vil vere omfatta av unntaket for drift og vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar i § 4 i verneforskriftene. Det ikkje har vore høyrd på ei innstramming av dette unntaket for utslepp av badebehandlingsvann, og det ikkje er aktuelt å forslå ei slik innstramming no. Når det gjeld utslepp av badebehandlingsvann som ikkje er omfatta av oppdrettaren sitt løyve etter forureiningslova, så fell dette etter Miljødirektoratets vurdering derimot ikkje inn under unntaket for drift og vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar i § 4 i verneforskriftene.

For området Krossfjorden tilrår Miljødirektoratet ein arealreduksjon slik at eksisterande akvakulturverksemd vert halde utanfor verneforslaget, sjå kap. 7.1.

5.2.3 Fiske

Fiskeridirektoratet region Vest viser til unntaket for bruk av registrerte kaste- og låssetjingsplassar i forskriftsframlegga, og rår til at dette endrast til unntak for steng-/låssetjing jf. havressurslova § 27. Regionkontoret viser til den føreslegne dispensasjonsregelen for levandelagring av fisk, og ber om at dette i denne konteksten ikkje forvekslast med lås- og stengsetjing etter havressurslova. Regionkontoret ventar ikkje at innføring av vern vil føre til konsekvensar for utøving av fiske ut over restriksjonar på tråling langs botn i dei to referanseområda for kystreke i Krossfjorden, sjå kapittel 7.1. Å verne om korallar er ein del av føremålet med dei marine verneområda, og regionkontoret sluttar seg til regelen om at Miljødirektoratet av omsyn til korallførekomst ved forskrift kan regulere eller forby verksemd i det marine verneområdet. Samstundes forventar dei at denne føresegna vert aktuell å bruke i område der det ligg føre sikker og vitskapeleg dokumentert kunnskap om førekomst av korallar gjennom Havforskningsinstituttet.

Fiskarlaget Vest peiker på at ein må vere varsam med å krevje totalforbod mot verksemd som ikkje vil koma i konflikt med verneføremålet. Ikkje minst gjeld dette tilhøvet til låssetjing (mellomlagring av levande notfanga vill fisk, først og fremst sei, sild, brisling og makrell). Dette er viktig tradisjonell fiskeriverksemd, som har føregått i lang tid utan å føre til problem. Her er det snakk om mellomlagring av relativt små kvanta fisk i korte periodar einskilde år. Verken notfiske eller stengsetting rører botn, fisken blir ikkje fôra og det blir sjølvstakt ikkje nytta legemidlar og/eller kjemikaliar. Det må kunne gjevast generelt unntak for dette på line med anna fiske som blir utført i samsvar med havressurslova. Fiskarlaget har merknader når det gjeld bruken av reketrålfelta i Krossfjorden, sjå kapittel 7.1. Fiskarlaget meiner at det enno ikkje er fullt ut avklara korleis naturmangfaldlova og havressurslova best kan verke saman, og forventar at dette vil skje gjennom den pågåande prosessen med marin verneplan. Vidare må det vere rom for berekraftig utnytting av eksisterande og nye ressursar, og områda må kunne utnyttast og utviklast med til dømes naust og kaiar.

Fylkesmannen i Hordaland tilrår at verneforskriftene når det gjeld lås- og stengsetjing, vert endra i tråd med regionkontoret sitt føreslag.

Miljødirektoratet noterer at første ledd i havressurslova § 27 om lås- og stengsetjing, lyder slik: *"Alle som haustar med not, har rett til å fortøye slepekast i land når det skjer i rimeleg avstand frå hus der det bur folk, eller hytte som er i bruk, og utan utilbørleg fortrengele eller ulempe for andre."* Miljødirektoratet tilrår at unntaket for bruk av registrerte kaste- og låssetjingsplassar endrast til: *"Tradisjonell låssetjing av fisk."* Miljødirektoratet legg til grunn at dette omfattar mellomlagring av notfanga villfisk i små kvanta og over korte periodar (vanlegvis frå nokre dagar til opp mot éi veke), og at dette inneber liten eller ingen påverknad på sjøbotn og vassmiljø. Når det gjelde levandelagring ut over tradisjonell låssetjing, viser direktoratet til den spesifiserte dispensasjonsregelen for levandelagring. Levandelagring av villfanga fisk i over 12 veker med føring, fell inn under akvakulturomgrepet og vert fanga opp av den spesifiserte dispensasjonsregelen for akvakultur, jf. kapittel 5.2.2. Miljødirektoratet tilrår derfor at dispensasjonsregelen for levandelagring vert endra til: *"Levandelagring av villfanga fisk inntil 12 veker."* Desse endringane er også i tråd med direktoratet si tilråding om vern av sju marine område i Nordland og Troms, sendt Klima- og miljøverndepartementet 23.05.18.

Miljødirektoratet viser til følgjande regel i forskriftene: *"Miljødirektoratet kan av omsyn til korallførekomst ved forskrift regulere eller forby verksemd i det marine verneområdet."* Direktoratet legg til grunn at dette berre vil vere aktuelt å vurdere i tilfelle kor førekomst er dokumenterte og kartfesta. Eventuell fastsetjing av ei slik forskrift må skje på grunnlag av ein prosess som mellom anna omfattar føregåande høyring. I slike tilfelle vil det bli utarbeidd eit nytt vernekart kor dei aktuelle areala er markert, og det vil gå fram av forskrifta kva for restriksjonar som gjeld innanfor desse areala.

Når det gjeld fiskerlaget sin merknad om at områda må kunne utviklast med til dømes naust og kaiar, viser Miljødirektoratet til at det i forskriftene er føreslege spesifiserte dispensasjonsreglar som mellom anna omfattar småbåthamner. Øvre avgrensing av områda er føreslege til to meter under sjøkartnull eller djupare, og direktoratet legg til grunn at bygging av naust i seg sjølv, berre er aktuelt utanfor områda. Når det gjeld verkemiddelbruk, medrekna samverke mellom naturmangfaldlova og havressurslova, vert det vist til kapittel 4.1.2.

5.2.4 Tarehausting

Hordaland fylkeskommune peiker på at områda som allereie er verna mot tarehausting gjennom anna lovverk, er tilstrekkeleg store nok til å ivareta tareskogen som referanseområde for forskning og overvaking.

FMC Biopolymer meiner det ikkje er naudsynt med ytterlegare vern enn kva som allereie er heimla i gjeldande hausteforskrift og i eksisterande verneforskrifter. Eit eventuelt forbod mot taretråling må ikkje vere til hinder for hausting av tare med andre reiskap. Haustevolumet i Hordaland har tradisjonelt vore lågt, på grunn av at eksisterande teknologi ikkje er tilpassa botntopografien. Ein kan likevel ikkje sjå bort frå at det i framtida kan bli aktuelt å hauste av tareressursane i fylket, også i dei føreslegne områda.

Naturvernforbundet Hordaland er positive til at hausting av tang og tare blir forbode.

Fylkesmannen i Hordaland peiker på at heile den ytre kysten av Noreg der stortare veks i tilstrekkelege mengder, er inndelt i soner for taretråling. Det har aldri vore tråla i områda Ytre Hardangerfjorden og Lurefjorden og Lindåsane. Områda er ikkje opna for hausting, då haustingssonene for tare etter taretrålingsforskrifta ligg lenger ute på kysten. Stortare er ein

svært sentral verneverdi i Krossfjorden, og taretråling har knapt funne stad her nokon gong. Fylkesmannen føreslår ingen endring i forskriftene når det gjeld forbodet mot tarehausting.

Miljødirektoratet viser til at føreslegne verneforskrifter ikkje opnar for tarehausting. Tareskog utgjer ein særskild viktig komponent i det undersjøiske naturmiljøet, med tanke på både produksjon av organisk materiale og biologisk mangfald. Samstundes vil eit forbod mot hausting i ubetydeleg grad ha negative konsekvensar for dagens næringsverksemd. Direktoratet noterer elles at ein ved utarbeiding av verneforskrifter vurderer behovet for restriksjonar ut frå verneføremål og –verdiar, uavhengig av korleis/om aktiviteten er regulert gjennom anna lovverk. Dette er viktig mellom anna med tanke på ei langsiktig bevaring av verneverdiane, da anna lovverk kan bli endra. Miljødirektoratet sluttar seg til Fylkesmannens tilråding om at forskriftene ikkje vert endra på dette punktet. Sjå også dei samfunnsøkonomiske vurderingane i kapittel 4.1 og omtalen av dei einskilte områda i kapittel 7.

5.2.5 Avgrensing av områda og bruk av sjøen som rekreasjonsområde

Kongelig Norsk Båtforbund kan ikkje sjå at den type bruk deira medlemmer utøver er i konflikt med verneinteressene i denne saka dersom grensene for områda vert flytta så langt frå land at det er mogleg å tilretteleggje for småbåthamner og båtfeste utan å komme i konflikt med verneområda. Dei kan heller ikkje sjå at den type bruk deira medlemmer har av desse områda vil ha noko negativ påverknad, da det ikkje er snakk om nokon form for utslepp, men berre etablering av brygger/fortøyingar.

Fylkesmannen i Hordaland si vurdering er at vern ikkje vil vere til hinder for at sjøen kan nyttast til rekreasjon, snarare tvert om.

Miljødirektoratet kan heller ikkje sjå at vern i samsvar med dei framlegga som ligg føre, vil ha nemneverdig negativ verknad for dei interessene Kongeleg Norsk Båtforbund tar hand om, og deler Fylkesmannen si vurdering om at vern snarare vil ha positive verknader for desse interessene, jf. de samfunnsøkonomiske vurderingane i kapittel 4.1. I dei føreslegne forskriftene er det unntak for ferdsel med båt eller andre fartøy, og oppankring mot land. Vidare kan forvaltningsstyresmakta etter søknad gje dispensasjon til mellom anna småbåthamner, flytebrygger og fortøyingar.

5.2.6 Namnsetjing og vernekart

Kartverket føresett at Fylkesmannen kontaktar deira namneansvarlege for avklaring av skrivemåten på namna til dei respektive verneområda, og gjer oppmerksam på at miljøstyresmaktene skal senda inn namna på verneområda til Sentralt stedsnavnsregister (SSR) ved Kartverket. Dei føreset vidare at kart over verneområda vert laga og presentert i samsvar med Miljødirektoratets produktspesifikasjon raskast mogleg.

Fylkesmannen i Hordaland peiker på at namnsetjinga må sjekkast ut med Stadnamntenesta på Vestlandet (har ikkje vore høyringsinstans).

Miljødirektoratet viser til at Fylkesmannen i etterkant av si tilråding har kontakta Stadnamntenesta på Vestlandet, og fått tilbakemelding om at dei er einige i namnsetjinga.

Miljødirektoratet noterer elles at verneområdekart vil bli produsert og presentert i samsvar med produktspesifikasjonen i forkant av vernevedtak, og at verneområdenamn vil bli sendt SSR i samband med vernevedtak.

5.2.7 Forvalting

Forvaltingsmynde

Hordaland fylkeskommune meiner at forvaltingsansvaret når vernet er vedteke, må leggjast til regionalt folkevalt nivå, samt at det vert oppretta eit rådgjevande utval for forvalting av verneområda.

Fylkesmannen i Hordaland peiker på at fleire høyringspartar har fremja ønskje om at den framtidige forvaltinga av marine verneområde vert lagt til lokalt eller regionalt nivå. Slike ønskje er truleg fremja med forventning om at det følgjer tilstrekkelege økonomiske ressursar med eit slikt forvaltingsansvar. Dette har ikkje vore gjort for dei kommunar som så langt har fått overført forvaltingsansvar for mindre verneområde. Skal det likevel gjerast, vil det også bryte med gjeldande praksis om at kommunal forvalting ikkje skal gjerast gjeldande når verneområda strekkjer seg over kommunegrenser. Det kan sjølvstast reisast spørsmål om ikkje dei marine verneområda i Hordaland er så store at dei vanskeleg kan karakteriserast som «mindre verneområde». Ei liknande ordning som norske nasjonalparkar i dag har, med interkommunale forvaltingsstyre og eigne forvaltarar, bør kanskje kunne vurderast. Dette er ei kostbar ordning, som i så fall krev ekstra løyvingar frå staten.

Fylkesmannen har gode røynsler med eit slikt forvaltingsstyre for Folgefonna nasjonalpark, og er open for at ei liknande ordning kan fungere også for dei marine verneområda. Den daglege forvaltinga skal styrast etter verneforskrift og forvaltingsplan og ikkje initiativ som går på tvers av dette, så utfallet bør såleis bli ganske likt uavhengig av kva instans som fattar vedtaka. Talet på saker som skal handterast treng ikkje bli så stort, men det er stor trong for å utvikle kunnskapsgrunnlaget for dei marine verneområda og mykje tid vil gå med til planlegging og organisering av slike tiltak og omsette resultata i praktisk forvalting. God marinbiologisk kompetanse bør såleis vere ein viktig kvalifikasjon for å kunne ta forvaltingsansvaret for slike område i vare.

Ingen har gjort framlegg om dette under høyringa, men ei høveleg løysing kan kanskje vere ein felles forvaltarstilling for dei tre marine verneområda i Hordaland, som mellom anna har sekretariatsfunksjon for eit felles forvaltingsstyre og/eller rådgjevande utval. Ei slik løysing vil då krevje at økonomiske ressursar vert sett til rådvelde, også om funksjonen skulle bli lagt til Fylkesmannen. Det er uansett lite sannsynleg at slike store marine område vil få ei god og aktiv forvalting om ikkje forvaltingsorganet vert tilført ekstra ressursar.

Miljødirektoratet kan på prinsipielt grunnlag ikkje sjå at det er noko i vegen for at store marine verneområde vert forvalta av eit styre, men ordninga med nasjonalpark-/verneområdestyre gjeld for nasjonalparkar samt andre store verneområde med landareal. Spørsmålet om forvaltingsmynde er nærmare omtalt i kapittel 4.2.

Kartlegging

Havforskningsinstituttet peiker på at rådgjevande utval anbefalte at det blir gjennomført grundig kartlegging av dei enkelte områda så snart som mogleg etter vedtak om vern. Dette er

viktig i ein større samanheng med tanke på overvaking av eventuelle endringar i fauna og flora og ein analyse av påverknadsfaktorar.

Sjømat Norge meiner at naturmangfaldet i områda bør kartleggast nærmare som grunnlag for ei best mogleg forvalting av områda. Såleis vil ein få eit klarare bilete av kva som skal beskyttast og kva som kan akseptast av aktivitet. Dei ber også om at det definerast klare kriterium som beskriv kva slags påverknad som kan akseptast.

Fylkesmannen i Hordaland er samd i at det er behov for nærmare kartlegging. Betre kunnskap vil også kunne gjere forvaltinga meir presis. Dette er eit ressursspørsmål som føreset ekstra løyvingar i tilstrekkeleg grad. Når det gjeld spørsmålet om kriterium for kva som definerast som akseptabel påverknad, kan dette konkretiserast i ei forvaltingsplan.

Miljødirektoratet sluttar seg til at det er behov for nærmare kartlegging av naturmangfaldet som grunnlag for god forvalting av områda. Kva slags påverknad som kan akseptast i eit verneområde, følgjer langt på veg av verneforskrifta. Innanfor dei rammene verneforskrifta set, kan dette konkretiserast nærmare i ei forvaltingsplan. For tiltak som er omfatta av dei spesifiserte dispensasjonsreglane i forskriftene, er det vanskeleg på førehand å utarbeide klare kriterium for kva slags påverknad som kan akseptast. Dette vil variere etter kva for type tiltak det er snakk om, teknologi, storleik/omfang, verneføremål, lokalisering og til dømes resipientforhold, sjå også kap. 5.2.2 og 6. Behovet for kartlegging og forvaltingsplanar vert nærmare omtalt i kapittel 4.2.

6. MILJØDIREKTORATETS GENERELLE MERKNADER TIL AVGRENSING OG VERNEFORSKRIFTER

6.1 Direktoratets generelle merknader til avgrensing av områda

Øvre avgrensing av områda er føreslege til to meter under sjøkartnull (referansenivået i alle norske sjøkart) eller djupare, og det inneber at privat grunn ikkje vert omfatta.

De aller fleste av områda som vart anbefalt av Rådgivende utvalg for marin verneplan, overlappar med eksisterande verneområde. Alle dei tre føreslegne marine verneområda i Hordaland fylke, overlappar med sjødelen av eksisterande naturreservat kor verneføremålet er knytt til sjøfugl, men dette utgjer berre små areal (om lag 0,6 km²).

6.2 Direktoratet sine generelle merknader til verneforskriftene

Dei føreslegne verneforskriftene har følgjande oppbygning:

§ 1: Føremålet med vernet, medrekna om det er knytt til overflata, vassøyla, sjøbotnen eller ein kombinasjon av desse.

§ 2: Gir opplysningar om eigedomsforhold, storleiken på området og avgrensing, samt kart. Det vert og opplyst at verneområdet omfattar overflata, vassøyla og sjøbotnen. Sjølv om verneføremålet til dømes er knytt sjøbotnen, kan tiltak på overflata eller i vassøyla påverke sjøbotnen.

§ 3: Gjeld kva for vernereglar (restriksjonar) som gjeld i området.

§ 4: Gjeld generelle unntak frå vernereglane, dvs. tiltak/aktivitetar som er tillate utan at det er nødvendig å søke om løyve.

§ 5: Gjeld tiltak/aktivitetar som kan det kan gis dispensasjon til etter søknad.

§ 6: Inneheld generelle dispensasjonsreglar, tilsvarende naturmangfaldlova § 48, og er teke med i forskrifta av opplysningsomsyn.

§ 7: Gjeld iverksetjing av tiltak for å oppretthalde eller nå den tilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47, og er tatt med i forskrifta av opplysningsomsyn.

§ 8: Gir reglar om utarbeiding av forvaltingsplan for verneområdet.

§ 9: Gir reglar om fastsetjing av forvaltingsstyresmakt.

§ 10: Gir reglar om at det kan opprettast rådgjevande utval for området.

§ 11: Gjeld tidspunkt for iverksetjing av forskrifta.

Miljødirektoratet viser til at § 5 i dei føreslegne forskriftene inneheld ei rekkje spesifiserte dispensasjonsreglar, mellom anna for legging av kablar og røyrleidningar og for akvakultur som ikkje er i strid med verneføremålet.

Spesifiserte dispensasjonsreglar viser til konkrete aktivitetar eller tiltak som forvaltningsstyresmakta etter søknad kan gi dispensasjon til. Slike reglar er ofte uttrykk for konkrete avvegingar av brukarinteresser i eit føreslege verneområde, og dette er også tilfelle i denne saka. I dette ligg også ei vurdering av at det skal kunne være mogleg å gi dispensasjon for tiltak som er spesifikt nemnt § i 5. Spesifiserte dispensasjonsreglar vert nytta der det ikkje er vurdert som aktuelt med eit totalforbod, men der det er naudsynt å kunne regulera aktivitet ut i frå omsynet til verneverdiar og verneføremål.

Det er berre aktiviteten eller tiltaket som direkte følgjer av den aktuelle dispensasjonsregelen det kan gis dispensasjon til. Sjølv om eit tiltak det er søkt om er innanfor ramma av ein spesifisert dispensasjonsregel, må det likevel gjerast ei sjølvstendig vurdering av om ein skal gje dispensasjon i einskildtilfelle. Sjølv om ordlyden i regelen er det klare utgangspunktet for tolkinga, må dispensasjonen også vurderast i lys av verneføremålet, naturforholda i det enkelte område, lokalisering innanfor området, teknologi, storleik/omfang av tiltak mv. I tillegg vil mellom anna forarbeid til vernet og forvaltingspraksis vera sentrale tolkingsmoment

Føreslegne verneforskrifter inneheld ein spesifisert dispensasjonsregel for akvakultur, til dømes fiskeoppdrett. Denne regelen skil seg frå dei andre dispensasjonsreglane ved at det ligg inne eit vilkår om at det tiltaket det blir gitt løyve til ikkje er i strid med verneføremålet. Dette eit såleis eit vilkår for å kunne gi dispensasjon, men bakgrunnen for ein slik ordlyd er kystmeldinga og Stortinget si behandling av denne, jf. kap. 5.2.2.

Det er stilt spørsmål ved om det som står i verneforskrifta § 1 (verneføremålet) om at det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, i praksis alltid vil vere ein skranke for å gi dispensasjon for akvakulturverksemd etter den spesifiserte dispensasjonsregelen. Dette fordi det er eit vilkår for å gi dispensasjon etter denne regelen at

akvakulturtiltaket ikkje er i strid med verneføremålet. Etter Miljødirektoratets vurdering kan ikkje dette tolkast som ein slik absolutt skranke. Det som står om ytre påverknad er sjølvsagt relevant i den konkrete vurderinga av om noko er i strid med verneføremålet, men må sjåast i samanheng med resten av verneføremålet. For dei tre verneforslaga i Hordaland er ikkje sjøoverflata ein del av verneføremålet. Det visuelle landskapsbildet er heller er heller ikkje ein del av verneføremålet for det marine vernet. Ein må også leggje vekt på at det er tatt inn ein dispensasjonsregel for akvakultur, og at ein på vernetidspunktet har lagt til grunn at det etter ei konkret vurdering kan vere aktuelt å dispensasjon til akvakulturverksemd. Direktoratet vil også peike på at det elles i forskriftene er opna for å gje dispensasjon til tekniske inngrep, som til dømes røyrleidningar.

I samband med diskusjonen om korleis dispensasjonsreglane i verneforskrifta skal tolkast, har det blitt vist til at det er vanskeleg å få dispensasjon etter reglane i plan- og bygningslova. Til dette vil vi peike på at dei enkelte dispensasjonsreglane i ulike regelverk må tolkast kvar for seg. For forståinga av dei spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskrifter, viser vi til det som er sagt ovanfor. Dispensasjonssaker i verneområde kan ikkje utan vidare sidestillast med dispensasjonssaker etter t.d. plan- og bygningslova. I arealplansaker er dispensasjonsreglane mynta på spesielle omstende. I verneområde er det altså snakk om spesifiserte dispensasjonsreglar for ulike typar aktivitetar og tiltak. For eit verneområde er dispensasjonsbehandling ei prosedyre for å vurdere konkrete tiltak eller aktivitetar som i mange, men ikkje nødvendigvis alle tilfelle, kan gjennomførast sjølv om området er verna.

Naturmangfaldlova § 48, jf. § 6 i forskriftsutkasta, er ein generell dispensasjonsregel. Regelen inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak. Regelen opnar for at det kan gis dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtakets føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Det følgjer av forarbeida til naturmangfaldlova at den generelle dispensasjonsregelen i § 48 i første alternativ ikkje kan brukast for å utvide den ramma som er trekt opp i vernevedtaket. Regelen skal være en sikkerheitsventil for tiltak som ein ikkje kunne føresjå eller spesielle/særskilde tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet. Med "vesentlege samfunnsinteresser" i tredje alternativ meinast tungtvegande omsyn av nasjonal tyding. Dette kan for eksempel vere viktige kommunikasjonsanlegg som flyplassar, jernbaner eller større samferdselsprosjekt. Saker som har stor lokal interesse eller regional tyding er ikkje tilstrekkeleg som grunnlag for å gi dispensasjon etter denne dispensasjonsregelen. Dersom det let seg gjere å ta vare på samfunnsinteressa på ein anna måte, for eksempel ved val av ein annan trasé, er ikkje kriteriet "nødvendig" oppfylt. Alternative løysingar vil derfor vere ein sentral del av vurderinga av kva som er "nødvendig".

Ved behandling av søknader om dispensasjon frå vernereglane skal ein vurdere dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12..

Ved overlapping mellom marint vern og anna vern, vil det vere to eller fleire sett med verneforskrifter som gjeld. Det er slik at dei strengaste reglane vert lagt til grunn ved vurdering av kva som er tillate og ved handsaming av dispensasjonssøknader.

Formuleringa "Dyrelivet i sjø er vernet ..." er brukt for dei marine verneområda Framvaren og Gaulosen, der føremålet er knytt til sjøbotnen og vassøyla. Det må altså leggst til grunn at "dyrelivet i sjø" omfattar dyrelivet både på sjøbotnen og i vassmassane. Denne formuleringa

er også brukt i forskriftene for dei føreslegne områda, kor verneføremålet er knytt til sjøbotnen og vassøyla.

Ulike reglar i dei foreslegne verneforskriftene, medrekna omgrepsbruk, er nærmare omtalt i kapittel 5 og i gjennomgangen av dei einskilte områda i kapittel 7.

7. MERKNADER TIL DEI EINSKILDE OMRÅDA

7.1 Krossfjorden, Sund, Austevoll, Os og Bergen kommunar, Hordaland fylke

7.1.1 Særskilde verneverdiar

Området omfattar eit sjøareal på om lag 192,8 km² og ligg i ytste del av Krossfjorden. Dette er ein open og djup fjord (ned mot 700 m) der det biologiske mangfaldet er betre kartlagt enn dei fleste andre stader. Oppunder 50 000 ulike artar er påvist i norsk natur. Av desse lever meir enn 6000 på havbotnen i Hordaland, og fleirtalet av desse er påvist i Krossfjorden.

Området femner om eit stort tal ulike naturtypar. Ytst mot Nordsjøen er området avgrensa av 200 meters djupnekote. Inne i fjordbassenget til Krossfjorden går grensa ved 100 m djupne, medan grensa følgjer 2 m djupne i dei ytre delane av Krossfjorden i Sund og Austevoll.

Det finst eit viktig og fagleg svært interessant korallrev (veggrev) på nordskrenten av Austevoll. I Skårasundet er det dei siste åra påvist gode førekomstar av spesielle kalkalgar, og fjorden er kjend for gode førekomstar av den sterkt truga pigghåen delar av året. Fjorden er også rik på marine kulturminne. Stortare veks i store mengder langs den ytre kyststripa i dette området, og førekomstane har aldri vore kommersielt hausta, i alle fall ikkje ved bruk av botntrål slik vanleg er mange plassar der stortare veks på Norskekysten. Dette skuldast at den undersjøiske topografien er for krevjande for teknikken som vert nytta ved tarehausting. Taren veks ned til om lag 20 meters djupne i store skogar her. Tareskogen er viktige leveområde for eit stort tal marine dyr, og dermed også viktig oppvekst- og næringssøkområde for mange fiskeslag og sjøfugl. Tareskogen er biologisk høgt produktiv, og er svært effektiv til å lagre CO₂. Ettersom førekomstane av stortare i Krossfjorden ikkje blir eller har vore kommersielt hausta, kan dette vere eit viktig referanseområde for framtidig forskning.

7.1.2 Planstatus og inngrepsstatus

Arealplan for Sund kommune (2010-2020) omfattar størstedelen av verneforslaget. Her er sjøareala delt opp i fiskeområde som gytefelt, trålfelt og kaste- og låssetjingsplassar. Andre viktige fiskeområde er med i planen som fleirbruksområde NFFF (natur, ferdsel, fiske og friluftsliv). Elles er nokre avmerkete område sett av til akvakultur og hamner. I kommuneplan for Austevoll 2011-2021 inngår viktige fiskeområde i kombinasjon med andre typar arealbruk. Det er sett av sone for militær verksemd og område for bruk og vern av vassdrag med tilhøyrande strandsone, som overlappar med deler av verneforslaget.

I Bergen og Os kommunar er det berre havareal djupare enn 200 m som er med i kandidatområdet. Det er berre område avsett til fiske og fleirbruk som vert omfatta av kandidatområdet i kommuneplanane for desse kommunane.

Fylkesdelplan for kysten i Hordaland frå 2001 har ikkje nokon arealdel, men dreg opp mål, retningslinjer og tiltak for bruk og vern av kystsona. Det overordna målet med planen er mellom anna at kystsona skal nyttast med balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursane og samstundes sørge for ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling. Måla og retningslinjene for planen er ført vidare i gjeldande Fylkesplan for Hordaland frå 2008. Parallelt med arbeidet med marint vern har Hordaland fylkeskommune også arbeidd med ein regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Sjøareala i Austevoll kommune er inkludert i denne planen, også den delen av Austevoll som grensar til Krossfjorden. Det har vore jamnleg kommunikasjon mellom Fylkesmann og fylkeskommune under vegs i desse planarbeida, og planverka står i samsvar med kvarandre. Kystsoneplanen har vore til høyring og møtt til dels sterk lokal motbør frå fiskeri- og havbruksnæringa. Planen vart vedteke av Hordaland fylkesting hausten 2017, men vart påklaga og ligg til behandling i Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Ein slik plan vil vere retningsgjevande og skal leggjast til grunn i kommunal planlegging, men er ikkje juridisk bindande.

Det ligg to sjøfuglreservat i kandidatområdet, begge i sørvestlege delar av Sund kommune. Begge er primært stormåsekoloniar og har vist stabile og til dels positive bestandstrender dei seinare åra. Området har også ein vesentleg hekkebestand av ærfugl, og er eit viktig vinteropphaldsområde for skarv og havdukkender.

Kystsona i indre delar av Sund, i Bergen og Os er prega av spreidd busetjing, hytter og naust med tilhøyrande båtplassar. Lenger ute i Krossfjorden er strandlina påfallande lite nedbygd, ikkje minst gjeld dette øyriket vest av Tofterøy i Sund, som vert rekna som eit kjerneområde i framlegget for marint vern. Sjølv om det er mykje menneskeleg aktivitet knytt til Krossfjorden, er området som er aktuelt for marint vern lite påverka av tekniske inngrep. Det er omfattande akvakulturverksemd i fjorden, men ingen anlegg ligg per i dag innanfor verneforslaget.

I Sund ligg to nedlagde fiskerihamner som i gjeldande kommuneplan er sett av til dels landbasert akvakultur. Det ligg føre planar om konkret aktivitet i desse områda. Utsiktene til oppdrett av drøbakkråkebolle synest å vere lite aktuelle her i dag, men andre framlegg kan kome. I det andre området har ein interessant lagt fram interessante tankar om eit testanlegg for oppdrett av sekkedyr. Konseptet har vore lagt fram for Fylkesmannen og synest å kunne vere innanfor rammene av kva som kan akseptast inne i og tett opp mot eit marint verneområde, men planane må konkretiserast meir.

Frå Korsneset og eit stykke utover i Krossfjorden har Forsvaret eit vel etablert skyte- og øvingsfelt. Kva som ligg på havbotnen etter tidlegare øvingar er uvisst, men undervasssprenging har ofte vore ein del av desse øvingane. Feltet ligg mellom anna inne i gjeldande kommuneplanar.

Teinefiske etter krabbe og hummar er populært, og også lokale kystfiskarar nyttar området i næringa si. Det ligg to reketralingsfelt i området, eitt i Sund og eitt i Austevoll. I ein tidleg fase av verneplanarbeidet vart desse områda føreslegne som referanseområde av Fiskeridirektoratet. Trålfelta er nytta av to lokale fiskarar — ein tilhøyrande i Austevoll og den andre i Os. Desse samarbeider allereie med Havforskningsinstituttet ved at dei samlar inn forskingsdata under fangsten. Forslaget til verneforskrift inneheld ein spesifisert dispensasjonsregel for dette.

Heile den ytre kysten av Noreg der stortare veks i tilstrekkelege mengder, er inndelt i soner for taretråling. Dette gjeld også ytre delar av Krossfjorden, men her har Havforskningsinstituttet to definerte forskingsområde der taretråling er forbode. Her har det aldri vore tråla etter tare, men det har det heller ikkje i resten av kandidatområdet ettersom undersjøisk topografi ikkje høver for haustingsteknikken. Ved revidering av taretrålingsforskrifta i Hordaland er kandidatområdet halde formelt utanfor trålingsregimet, inntil prosessen omkring marint vern er formelt avklart.

7.1.3 Merknader til høyringsframlegget

Generelle merknader

Hordaland fylkeskommune tilrår ikkje vern av Krossfjorden av omsyn til eksisterande og framtidig akvakulturverksemd.

Sund kommune er negativ til vern, særleg med utgangspunkt i at dei meiner vern vil bli eit stort problem for eksisterande og framtidig akvakulturverksemd. Kommunen meiner at verneområdet må avgrensast til dei delane av Sund sitt sjøområde som er djupare enn 100 m. Verneframlegget inkluderer mykje av kystsona i denne kommunen, noko som har generert ein del spørsmål og problemstillingar. Kommunen uttrykker at dei er positive til den informasjonen som Fylkesmannen har medverka til i høyringsperioden.

Austevoll kommune er negativ til vern slik verneframlegget ligg føre og meiner handsaminga har skapt strid mellom kommune, lokalsamfunn og næringsliv på den eine sida, og vernestyresmakter på den andre sida. Dei meiner at Fylkesmannen ikkje har lytta til lokale styresmakter, lokalsamfunn og råka næringsinteresser undervegs i arbeidet. Tilhøvet til eksisterande og framtidig næringsverksemd bør konsekvensutgreiast.

Bergen kommune er svært positiv til vern og hadde helst sett at vernegrensene vart trekt nærmare land enn 100 m djupne, av omsyn til naturførekomstane.

Os kommune er kritisk til verneplanen ettersom dei meiner at den på ingen måte tek inn over seg at nye produksjonsmåtar og –system er i utvikling i oppdrettsnæringa.

Fiskeridirektoratet region Vest har ein rekke merknader, der det vert presisert av eit vern ikkje må gå ut over akvakulturverksemd og tradisjonelt fiske.

Fylkesmannen viser til at mange av høyringspartane framhevar at det er viktig at forvaltingsstyresmakta må halde nær og god kontakt med kommunar, instansar og etablerte verksemdar i området dersom vern vert ein realitet. Fylkesmannen vil så langt som råd ta med interesserte partar i forvaltninga av kysten og det marine verneområdet, også medrekna arbeidet med forvaltingsplan. Austevoll kommune meiner at Fylkesmannen ikkje har halde god nok kontakt gjennom utgreiingsprosessen, men kommunen har hatt same tilbod om informasjon, kontakt og medverknad som mellom anna Sund kommune, og Sund kommune seier seg godt nøgde med den kontakten. Bergen kommune sitt framlegg om utvida vern er interessant, men kan ikkje etterkomast utan ei ny og revidert høyring.

Akvakultur

Hordaland fylkeskommune, Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Sund kommune, Os kommune og Austevoll kommune meiner at verneforskrifta vil få store konsekvensar for akvakulturverksemdar i området.

Fiskeridirektoratet region Vest viser til at det er eit betydeleg omfang av akvakulturverksemd som er etablert i Krossfjorden, og reknar med at framlegg til vern vil få store konsekvensar for akvakulturverksemd i området. Dei legg fram kart som viser at det er eit betydeleg omfang av akvakulturverksemd som er etablert innanfor og i randsona av framlegget til verneområde.

Sjømat Norge ber primært om at framlegget om vern av Krossfjorden vert trekt attende i sin heilskap, subsidiært at området vert vesentleg redusert i Krossfjorden og i havet utanfor.

Lerøy Sjøtroll har fem eksisterande fiskeoppdrettsanlegg i kandidatområdet eller i randområda til dette, og er negativ til vern. Dei meiner å vite at alle dispensasjonssøknadar frå havbruksnæringa vil bli avslegne etter plan- og bygningslova, og er sterkt urolege for at det vil bli uråd å drive oppdrett i kandidatområdet i framtida. Mellom anna meiner dei at det vil vere umogleg å innføre produksjon med integrert akvakultur (IMTA), og at verneforskrifta vil gjere det vanskeleg å kunne dyrke tare i tilknyting til etablerte oppdrettsanlegg. Dei viser også til punktet i forskrifta om at Miljødirektoratet kan gi forskrift som forbyr verksemd i det marine verneområdet av omsyn til korallførekomstar, og meiner ein må presisere kva avstand ein akvakulturlokalitet skal ha frå ein korallførekomst.

Telavåg Fiskeoppdrett AS har eitt oppdrettsanlegg i kandidatområdet og eit anna i Austefjorden like utanfor. Sistnemnde ligg på ein ugunstig lokalitet, og ein har ambisjonar om å flytte dette lenger ut og vil då kome inn i kandidatområdet. Planane har ikkje kome så langt at dei er konkretisert som søknad etter anna lovverk, men har vore drøfta med Sund kommune og Fylkesmannen med tanke på marint vern.

Austevoll Seaweed Farm AS er imot vern, av di dei meiner at vern vil hemme vidareutvikling med dyrking av tare.

Fylkesmannen noterer at langt dei fleste innvendingane mot verneframlegget er relatert til akvakultur — dels av otte for at eksisterande anlegg skal bli pålagt strenge vilkår på grunn av marint vern, dels av uvisse om korleis søknadar om nye anlegg vil verte handterte, og også otte for at det ikkje vil bli lov å ta nye teknikkar i bruk i framtida. Fylkesmannen har heile tida gitt uttrykk for at akvakultur i området ikkje vil bli råka så lenge det ikkje er i strid med verneføremålet. Om nye anlegg skulle kome i strid med verneføremålet, kvalifiserer dei heller ikkje til løyve etter eksisterande lovverk ved at rimelege miljøkrav ikkje er stetta. At nye teknikkar ikkje kan takast i bruk er ein urimeleg påstand, ettersom utviklinga i fiskeoppdrettet vanskeleg kan gå andre vegar i framtida enn at driftsmetodane vert meir miljøforsvarlege enn i dag. Dersom dagens teknikk kan forsvare seg i eit marint verneområde, kan sjølvstendig ein teknikk med høgare miljøstandard forsvare seg.

Fylkesmannen er samd med Telavåg Fiskeoppdrett at det ut frå generelle miljøomsyn kan synest riktig å flytte anlegget, og vernegrensa utanfor Austefjorden er noko justert for å kome denne utfordringa betre i møte.

Når det gjeld omsyn til korallførekomstar, meiner Fylkesmannen at det er uråd å setje ei fast avstandsgrense mellom korallførekomstar og oppdrettsanlegg, her vil lokale tilhøve vere heilt avgjerande. Vern av korallrev og andre store korallførekomstar er fundamentalt i dette verneområdet. Det er lite truleg at det vert naudsynt med spesiell forskrift om dette. Omsyn til korallrev, både direkte og indirekte, er allereie sterkt fokusert etter anna lovverk i det marine miljøet, og har allereie påverka lokaliseringa av fiskeoppdrettsanlegg i fylket.

Fylkesmannen har tidlegare endra grensa i Austevoll slik at eitt av Lerøy sine 5 anlegg kjem heilt utanfor kandidatområdet. Etter høyringa er også grensa justert i Sund for å gjere mogleg flytting av Telavåg Fiskeoppdrett sitt anlegg i Austefjorden lettare, men korkje desse eller dei andre anlegga i eller ved kandidatområdet vil få ekstra pålegg som følgje av eit marint vern. For tida vert det lansert mange ulike idear om dyrking av tare i tilknytning til etablerte fiskeoppdrettsanlegg, som mellom anna vil kunne ta opp noko av næringsstoffa kring anlegga. Slik verksemd vil kanskje legge beslag på store areal og kan skape konflikt i høve til andre interesser, men ikkje i høve til marint vern med mindre tung oppankring vil vere naudsynt.

Fylkesmannen noterer elles at Ocean Bergen ikkje har skrive høyringsuttale, men at dei har lagt fram tankar om eit testanlegg for oppdrett av sekkedyr på vestsida av Tofterøy i Sund. Konseptet er drøfta med kommunen og Fylkesmannen i særskilt møte, og høyrerest umiddelbart ikkje ut til å vere i stor motstrid til marint vern. Tiltaket må søkjast om på ordinært vis dersom det vert aktuelt. Delar av anlegget er landbasert i ein fiskerihamn som i dag har status som område for akvakultur i kommuneplanen, og grensa for marint vern er noko justert rundt dette området slik at tekniske inngrep i stor, eller full, grad vil kome utanfor verneområdet.

Fiske og tarehausting

Hordaland fylkeskommune meiner at hausting av tare i Krossfjorden må tillatast, på lik linje med hausting av andre villevande marine ressursar.

Austevoll fiskarlag er imot verneplanen. Dei krev å kunne bruke snurpenot og all annan reiskap som kan tenkjast nytta på dette kystavsnittet, og dei vil behalde og bruke dei registrerte reketrålfelta og ha retten til å finne nye. Dei vil heller ikkje ha restriksjonar på taretråling.

FMC Biopolymer erkjenner at det ikkje vert tråla etter tare i området i dag då undersjøisk topografi er krevjande. Men nye teknikkar kan kome i framtida, og då vil området kunne bli aktuelt. Dei meiner det ikkje er naudsynt med ytterlegare vern enn det som allereie er heimla i gjeldande hausteforskrift og eksisterande verneforskrifter.

Fylkesmannen registrerer at mange er opptekne av fiskeressursane i området, og er ottefulle for framtidige restriksjonar på å kunne utnytte ressursane. Slike restriksjonar kan kanskje kome, men då etter heilt anna lovverk og ikkje etter verneforskrifta. Det er ingen motstrid mellom marin verneplan og tradisjonelt fiske. To lokale kystfiskarar nyttar i dag dei to registrerte reketrålfelta. Ingen av dei har gitt uttale til høyringa, men Fylkesmannen har hatt kontakt med dei ved fleire høve. Dei er ikkje tilhengjarar av fleire restriksjonar, men begge gir uttrykk for at kravet i verneforskrifta om samarbeid med forskingsinstans ved haustinga er i samsvar med måten trålinga her vert utført på i dag. Dei store førekomstane av stortare er ein svært sentral verneverdi i dette området, og Fylkesmannen tilrår ingen endring i verneforskrifta når det gjeld forbodet mot tarehausting.

Skjelsandopptak

Hordaland fylkeskommune føreslår å ta ut forbodet mot uttak av masse i verneforskrifta § 3c, og erstatte dette med eit nytt punkt 3d: «Det kan berre søkjast om konsesjon for uttak av skjelsand for førekomstar som det er opna for å søkje om konsesjon på i forvaltingsplan for verneområdet, og på vilkår som er sett i forvaltingsplanen i tillegg til dei generelle konsesjonsvilkåra».

Fylkesmannen meiner dette er unødvendig. Ein er samd i at rammene for aktivitet som er lovleg eller som kan tillatast etter dispensasjon eller eige løyve skal klarerast i forvaltingsplan, men opptak av skjelsand i eit marint verneområde bør vere heilt forbode. Framtidige konsesjonar bør lokaliserast utanfor verneområdet. Då er den opphavlege formuleringa i verneforskrifta fullt tenleg.

Forsvarets verksemd

Forsvarsbygg viser til at verneforslaget for Krossfjorden i stor grad er samanfallande med Forsvarets skyte- og øvingsfelt V11. Vestlandet er eit av dei viktigaste områda for Forsvaret. Feltet blir brukt av fartøy frå Haakonssvern og aktiviteten her skal vidareførast. Det er eit etablert sprengingsfelt ved Korsneset, der det er etablert eit behov. Forsvarsbygg ber derfor om at det vert tatt inn ein unntaksregel som synleggjer at Forsvarets bruk og behov kan vidareførast i øvingsfeltet. I utgangspunktet meiner ein at det ikkje nødvendigvis er konflikt mellom det marine verneområdet og øvingsområdet, med unntak av sprengingsfeltet. Forsvarsbygg føreset at verneplanen ikkje vil legge nokon restriksjonar på Forsvarets bruk av området.

Fylkesmannen viser til at Forsvaret sitt øvingsområde er vel kjent og femner om det meste av kandidatområdet, dermed er det ikkje naturleg å markere øvingsområdet på vernekartet. Det må klarerast at området for undervasssprenging faktisk ligg utanfor vernegrensene.

Namnsetjing og kart

Kartverket er usikker på «Krossfjorden» som nemning på verneområdet, og ber om at dette vert sjekka opp med stadnamntenesta. Dei føreset at Fylkesmannen tar kontakt for avklaring av skrivemåten på namna til dei respektive verneområda, og dei saknar teiknforklaring på karta.

Fylkesmannen ser at det kan reisast tvil om området bør heite «Korsfjorden» eller «Krossfjorden». Dette vart eit diskusjonstema under det første informasjonsmøtet i Sund. Krossfjorden er nok den naturlege nemninga for lokale folk i storparten av det geografiske arealet. Andre stadnamn er det ikkje på vernekartet ut over det som følgjer av kartgrunnlaget. Reketrålfelta vil få meir sjølvforklarande teiknforklaring, elles er det vanskeleg å sjå at anna teiknforklaring er naudsynt.

7.1.4 Fylkesmannens tilråding

Fylkesmannen tilrår at grensa endrast i Sund kommune, for å unngå område med mykje eksisterande eller planlagt aktivitet. Dette utgjer ein arealreduksjon på omlag 3 km².

Fylkesmannen viser elles til vurderingane under dei einskilte tema, og rår til at verneframlegget vert ført vidare som føreslege. Innspela vil bli vidare vurdert i arbeidet med mellom anna forvaltingsplan. Det er ein klar føresetnad at vidare arbeid etter eit eventuelt vern skal skje i nært samråd og samhandling med involverte kommunar, relevante sektorstyresmakter og aktuelle næringsaktørar i området, men instansen som vert forvaltingsstyremakt må ha tilstrekkeleg kapasitet til å kunne utføre dette arbeidet i samsvar med intensjonane.

7.1.5 Sakshandsaming i etterkant av Fylkesmannens tilråding

Miljødirektoratet har spurt Forsvarsbygg om nærmare opplysningar om Forsvarets verksemd i området, medrekna lokalisering av sprengingsfelt og eventuelle aktivitetar som ikkje fell inn under dei generelle unntaka i § 4 i forslaget til verneforskrift.

Forsvarsbygg påpeiker i brev av 03.05.19 at verneforslaget kjem i konflikt med Forsvarets skyte- og øvingsfelt V11, som nyttast til øving og trening og er eit unikt område som ikkje vil kunne erstattast med tilsvarande øvingsfasilitetar i denne delen av landet, mellom anna på grunn av nærleik til Haakonssvern orlogsstasjon. I motsetnad til mange andre skyte- og øvingsfelt, gir Korsnes fort rom for kombinert aktivitet mellom sjø og land. Behovet kan og vil bli utvida, både når det gjeld øving og trening og aktivitetar som kjem inn under omgrepet militær operativ verksemd, som definert i brev frå Klima- og miljødepartementet 03.04.19. Forsvarsbygg ber om at verneplanen avgrensast slik at den ikkje kjem i konflikt med felt V11.

Fylkesmannen har på bakgrunn av møte med kommunane 29.01.19 og førespurnad frå Miljødirektoratet, ved brev av 31.05.19 oversendt et nytt avgrensingsforslag for Krossfjorden, kor eksisterande akvakulturverksemd vert halde utanfor forslaget. Fylkesmannen peiker mellom anna på at denne endringa ikkje skal forståast slik at akvakulturverksemd ikkje vert akseptert innanfor dei reviderte grensene. Fylkesmannen opplyser at ein no har motteke søknad om flytting av eit eksisterande anlegg i Austefjorden til ein lokalitet som ligg innanfor dei reviderte grensene. Dette gjeld Telavåg Fiskeoppdrett sitt anlegg som er omtalt i kap. 7.1.3. I si tilråding foreslo Fylkesmannen grensejustering, for å ta høgde for ei slik flytting. Fylkesmannen peiker på at firmaet no søker om å flytte til eit noko anna område enn det som vart diskutert under høyringa. Fylkesmannen har meint at denne lokaliteten er meir kontroversiell, ikkje nødvendigvis i høve til de eventuelle marine verneområdet, men av meir allmenne miljøfaglege årsaker. Fylkesmannen har såleis rådd i frå at det vert gitt dispensasjon, og at saka i staden vert handtert i den nye kommuneplanen som er under arbeid.

I brevet peiker Fylkesmannen også på den negative bestandsutviklinga for ærfugl, og set dette i samanheng med næringstilgangen, som for ærfuglen sin del i stor grad er blåskjel. Det har vore store negative endringar i blåskjelbestanden dei seinare åra mange stader i landet. Fylkesmannen oppmodar sentrale miljøstyresmakter om å sette i verk relevant forskning på dette feltet, og meiner delar av Krossfjorden kan være eit eigna referanseområde i samband med dette.

7.1.6 Miljødirektoratets vurderingar og tilråding

Omsynet til eksisterande og framtidig akvakulturverksemd samt Forsvarets verksemd, utgjør sentrale problemstillingar i arbeidet med verneframlegg for Krossfjorden.

Akvakultur

Miljødirektoratet viser til uttalen frå Fiskeridirektoratet region Vest om at vern vil få store konsekvensar for akvakulturverksemd i området. Fleire eksisterande akvakulturanlegg ligg like innanfor/i randsona av verneforslaget. Det er mogleg å halde desse anlegga utanfor ved ein relativt liten arealreduksjon, og som etter Miljødirektoratets vurdering ikkje har vesentleg betydning for føremålet med vernet. Miljødirektoratet tilrår at avgrensinga vert endra i tråd med nytt forslag frå Fylkesmannen slik at eksisterande verksemd vert halde utanfor verneforslaget. Dette vil innebære at arealet reduserast frå 207 til 192,8 km².

Miljødirektoratets vurdering er at dette kan redusere moglege negative verknader for akvakulturnæringa.

I møte mellom kommunane, Fylkesmannen og Miljødirektoratet i Bergen 29.01.19, kom det fram ønske om at direktoratet ser nærmare på avgrensinga mot land, særleg i Austevoll og Sund kommunar. Endringa som inneberer at eksisterande anlegg vert tatt ut, imøtekjem delvis desse ønska.

Miljødirektoratet viser til høyringsuttalen frå Sund kommune, kor det vert peika på at området må avgrensast til dei delane av kommunen sitt sjøområde som er djupare enn 100 m. Miljødirektoratet noterer at grensa i indre del av Krossfjorden allereie er trekt eit stykke frå land, da grensa Fylkesmannen har tilrådd går ved djupnekote 100 meter i denne delen av fjorden. I dei ytre delane av Krossfjorden er det mellom anna betydelege areal med stortareskog, både i Sund kommune og i Austevoll kommune. Stortareskogen er ein sær artsrik og viktig naturtype i Krossfjorden, og tareskogen utgjer også ein viktig del av føremålet med vernet. Tare veks på djupner mellom to og 30 meter. Dei grunne områda i verneforslaget femner også om andre viktige naturtypar, medrekna eit relativt stort område med kalkalgar i Skårsundet i Austevoll kommune (Rapport fra havforskningen Nr. 24-2015). Miljødirektoratet sluttar seg til Fylkesmannen sitt avgrensningsforslag, som inneber at øvre avgrensing mot land i dei ytre delane av Krossfjorden vert trekt ved to meter under sjøkartnull.

Det er lagt fram tankar om eit testanlegg for oppdrett av sekkedyr i området. Miljødirektoratet viser til at framlegget til verneforskrift inneheld ein spesifisert dispensasjonsregel for akvakultur som ikkje er i strid med verneføremålet. Den spesifiserte dispensasjonsregelen gjeld ny verksemd og til dømes utviding eller flytting av eksisterande verksemd. Akvakulturomgrepet femner ikkje berre om fiskeoppdrett, men også til dømes dyrking av tang og tare, sjå kapittel 5.2.2.

Søknad om flytting av eit eksisterande anlegg frå Austefjorden, jf. kap. 7.1.5, må handsamast på vanleg måte av sektorstyresmaktene. Dersom det ligg føre eit vernevedtak før søknaden er ferdig handsama, må tiltaket også handsamast som ein dispensasjonssak etter verneforskrifta. Eventuell bruk av delar av Krossfjorden som referanseområde i samband med forskning på blåskjel, må vurderast som ledd i forvaltninga av området og gjerne i samband med utarbeiding av forvaltingsplan, sjå også kap. 4.2.

I likskap med Fylkesmannen, kan heller ikkje Miljødirektoratet sjå at vern vil hindre at nye teknikkar kan bli tekne i bruk. Framlegg til verneforskrift set ingen restriksjonar når det gjeld kva for teknikkar/driftsmetodar som kan nyttast i akvakulturverksemd. Dette er noko som må vurderast konkret ved eventuelle søknader om løyve/dispensasjon. Generelt vil det vere større moglegheit for at det kan gis løyve, dersom det er snakk om teknikkar/driftsmetodar som gir mindre påverknad på verneføremål- og verdiar. Når det gjeld spørsmålet om marint vern vil kunne innebære at det blir vanskelegare å få løyve til akvakultur, medrekna også forholdet mellom vurdering av søknader etter ei verneforskrift og vurdering av søknader etter eksisterande lovverk, viser direktoratet til kap. 5.2.2 og kap. 6.

Miljødirektoratet er samd med Fylkesmannen i at det ikkje er mogleg å setje ei fast avstandsgrense mellom korallførekomstar og oppdrettsanlegg. Dette vil avhenge av lokale tilhøve som mellom anna straumtilhøve. Dersom det skulle bli aktuelt å vurdere å regulere

eller forby verksemd av omsyn til korallførekomst, vil dette gjelde klart definerte og avgrensa delar av eit område, sjå også kap. 5.2.3.

Fiske og tarehausting

Direktoratet viser også til fylkesmannens kommentarar om reketråling over, som innebær at gjennomføring av vern vil gjere at denne aktiviteten kan fortsette gjennom framlegget til spesifisert dispensasjonsregel. Etter vår vurdering vil verneframlegget berre få små/ubetydelege konsekvensar for dagens fiske. Dersom det i framtida skulle bli aktuelt å vurdere restriksjonar av omsyn til korallførekomst, må moglege verknader for fiske vurderast konkret, sjå også kapittel 5.2.3.

Krossfjorden har store førekomst av stortare. Miljødirektoratet noterer at det ikkje går føre seg tråling etter tare i Krossfjorden i dag. Tareskog utgjer ein sær viktig komponent i det undersjøiske naturmiljøet. Det framkjem av verneføremålet at området skal tene som referanseområde mellom anna for tarehausting, og det er spesifikt nemnt at området har store areal med tareskog som aldri har vore kommersielt hausta. Ifølge Havforskningsinstituttet (2015)¹⁶ har det foreslegne verneområdet seks område med stortareskog som er verdsett som nasjonalt svært viktig (A-område), og som totalt dekker et område på omtrent 100 km². I tillegg finst det fleire mindre område som er verdsett som nasjonalt viktige (B-område). Et forbod mot tarehausting er difor vurdert å få stor positiv betydning for verneføremål og -verdiar, samstundes som vurderinga er at det ikkje får negative konsekvensar for dagens tarenering. Nytteverknadene er klart større enn kostnadsverknadene. FMC Biopolymer AS skriv i sitt høyringsinnspel at ein ikkje kan sjå bort i frå at det i framtida vil kunne vere aktuelt med hausting av stortare ved nye teknologiar. Sjø også omtalen av tarehausting i kapittel 5.2.4.

Skjelsandopptak

Miljødirektoratet viser til at skjelsand er delvis nedbrote kalkskall frå skjel og andre marine organismar. Rogaland og Hordaland er sannsynlegvis dei fylka med høgast førekomst av skjelsand. Skjelsandførekomst er ein viktig naturtype som ofte er rik på blautbotnfauna, og tener som gyte- og oppvekstområde for fleire fiskeartar. Skjelsand vert rekna som ein ikkje-fornybar ressurs fordi oppbygginga av ressursen går svært seint. Det er ikkje noverande uttak av skjelsand i området, da det ikkje har blitt gitt konsesjonar for skjelsanduttak sidan 1993. Bevaring av sjøbotnen er ein heilt sentral del av verneføremålet for Krossfjorden. Skjelsandopptak fører til direkte inngrep i sjøbotnen. Eit forbod mot skjelsandopptak, i tråd med høyringsframlegget og Fylkesmannen si tilråding, er vurdert å ha stor positiv betydning for verneføremål og -verdiar, og utgjer eit viktig element i arbeidet med å bevare et utval av naturområde som viser variasjonsbreidda i norsk natur.

Forsvarets verksemd

Miljødirektoratet viser til den nye uttalen frå Forsvarsbygg, der det vert bede om at verneplanen vert avgrensa slik at den ikkje kjem i konflikt med Forsvarets skyte- og øvingsfelt V11.

Ei avgrensing som gjer at skyte- og øvingsfelt V11 vert halde utanfor verneforslaget, vil i praksis innebære at heile den indre delen av forslaget må takast ut, dvs. den delen av forslaget som kan seiast å høyre til sjølve Krossfjorden. Den indre delen utgjer ein sentral del av grunnlaget for verneforslaget og føremålet med vern. Denne delen av området er viktig for

¹⁶ Husa mfl. (2015) "Kandidatområder for marint vern i Hordaland - Oppdatert kunnskap om det foreslåtte verneområdet i Krossfjorden, Hordaland", Havforskningsinstituttet rapport Nr. 24–2015

variasjonsbreidda når det gjeld naturtilhøve og naturtypar innanfor verneforslaget, og femner om spesielle verneverdiar som mellom anna korallrev og kalkalgar. Den ytre delen er også viktig, men har andre kvalitetar enn den indre delen, mellom anna viktige stortareskogar, sjå kap. 1.3 og 7.1.1. Redusert areal i den indre delen vil i betydeleg grad svekke måloppnåinga når det gjeld representativ bevaring av marin natur, og Miljødirektoratet finn ikkje å kunne tilrå ei slik endring. Avgrensa delar av dei areala som overlappar med skyte- og øvingsfeltet vert likevel tilrådd likevel tatt ut frå verneforslaget av omsyn til eksisterande akvakulturverksemd, sjå vurderingane ovanfor.

Miljødirektoratet har førespurt Forsvarsbygg om lokalisering av sprengingsfelt, men i den nye uttalen frå Forsvarsbygg kjem det ikkje fram nærmare opplysingar om dette. Vernereglane i forslaget til verneforskrift for Krossfjorden inneheld forbod mot mellom anna sprenging.

Forslaget til verneforskrift inneheld generelle unntak for mellom anna militær operativ verksemd og ferdsel med båt eller andre fartøy. For å fange opp eventuelle aktivitetar som ikkje fell inn under unntaka i § 4, tilrår Miljødirektoratet at det vert tatt inn en spesifisert dispensasjonsregel slik at tiltaka kan vurderast i lys av mellom anna verneføremålet. Miljødirektoratet registrerer at Klima- og miljødepartementet vurderte dette annleis ved sluttbehandlinga av verneforslag for Jærkysten, jf. kgl. res. 17.06.16, kor det i verneforskrifta vart tatt inn eit generelt (direkte) unntak for eksisterande bruk av militært skyte- og øvingsfelt. Spørsmålet om korleis dette skal handterast, bør avklarast i samband med sluttbehandlinga av verneforslaget for Krossfjorden. Når det gjeld omgrepet "militær operativ verksemd" viser vi elles til Klima- og miljødepartementet sitt brev av 03.04.19, som er utarbeidd i samarbeid med Forsvarsdepartementet.

Miljødirektoratet tilrår følgjande endring i avgrensinga samanlikna med Fylkesmannen si tilråding:

- *Avgrensinga vert justert ytterlegare slik at eksisterande akvakulturverksemd vert halde utanfor verneframlegget. Dette utgjer ein arealreduksjon på 14,2 km².*

Miljødirektoratet tilrår følgjande endring i verneforskrifta samanlikna med Fylkesmannen si tilråding:

- *I § 5 tas det inn en spesifisert dispensasjonsregel for: "Bruk av eksisterande skyte- og øvingsfelt som ikkje fell inn under § 4 bokstav a."*

Med de føreslegne endringar i avgrensing, vurderer Miljødirektoratet at vern av Krossfjorden ikkje har vesentlege negative verknader for andre samfunnsinteresser. Dei største negative verknadene er knytt til at akvakulturturnæringa må søke om dispensasjon for etablering av nye anlegg o.a., samt at Forsvaret eventuelt må søke om dispensasjon, jf. vurderinga ovanfor. Samtidig vil vern av området bidra til at nasjonale mål og internasjonale forpliktingar vert oppfylt, jf. kap. 1.1.

Miljødirektoratet viser elles til Fylkesmannen sine kommentarar og tilråding, dei generelle kommentarane i kapittel 5 og 6 og tilrår at Krossfjorden vert verna i tråd med vedlagte forskrift og kart.

7.2 Ytre Hardangerfjorden, Tysnes, Stord og Kvinnherad kommunar, Hordland fylke

7.2.1 Særskilde verneverdiar

Området omfattar eit sjøareal på om lag 67,8 km² og ligg tvers over Hardangerfjorden frå Ånuglo og ut mot Klosterfjorden. Det femner om terskelen til Hardangerfjorden, som er ein stor morene (undersjøisk del av Raet) som strekk seg frå søre spissen av Huglo og til øya Hille vest av Halsnøy. Over ein slik terskel er det sterk straum som gir gode næringstilhøve for eit rikt og mangfaldig dyreliv.

Området femner om eit stort tal ulike naturtypar. Med unntak av nærområda til industristaden Husnes og indre og ytre kryssing av Hardangerfjorden følgjer avgrensinga utan unntak 2 m djupne. Den undersjøiske moreneryggen har mellom anna førekomstar av korallar og svampar i skråninga ned mot Langenuen og i skråningane vest og sør for Hille. Moreneryggen er ein avsetnad frå siste istid og er stor i nasjonal målestokk. Ved Huglhammaren vart det i 2016 påvist eit større veggrev med minimum 13 ulike korallartar og 17 artar svampar. Dette kaldvasskorallrevet er tilsynelatande i god økologisk tilstand, og vert rekna som eitt av dei aller viktigaste i sitt slag i landet. Det er augekorallen *Lophelia pertusa* som dannar korallrev i våre farvatn. Noreg er heimstad for 25 % av dei kjende førekomstane av denne arten i verda. Inne i Husnesfjorden er fjorden meir enn 500 m djup og har store førekomstar av fjørstjerna lofotsjølilje *Rhizocrinus lofotsensis*, ein djupvassart som veks på blaut botn. I tillegg finn vi den sjeldne hornkorallen *Isidella lofotensis* på botnen her. Begge desse artane er meir vanlege i arktiske havområde.

Området husar brislingbestanden i Hardangerfjorden i delar av året. Bestanden av denne raudlista arten — som er ein nøkkelorganisme i eit slikt fjordsystem — er i dag historisk låg. Kandidatområdet har også gode førekomstar av sjøkreps *Nephrops norvegicus*, ein ressurs som fleire kystfiskarar haustar kommersielt.

7.2.2 Planstatus og inngrepsstatus

Gjeldande område er handsama i kommunedelplanen for Huglo (Stord kommune) frå 2010. Størstedelen av området er sett av til fiske-, ferdsel-, natur- og friluftsområde. Eitt område er sett av til akvakultur nord for Tveitaøyane og nokre mindre område er sett av til fiske. Kandidatområdet er handsama i kommuneplan for Tysnes (2003-2015). Områda ligg her med arealkategori fleirbruksområde for akvakultur, ferdsel, fiske, natur og friluftsliv og natur- og friluftsområde i sjø.

Kvinnherad sende første generasjon kommuneplan til høyring i 2016. Det er her mellom anna markert eit område for akvakultur i kandidatområdet for marint vern. Einaste gjeldande kommunedelplan som synest å vere aktuell er Ranavik-Eidsmarka. Verneframlegget for Ytre Hardangerfjorden er i kommunedelplanen mellom anna avsett med planføre mål fiske og fleirbruk, samt akvakultur.

Gjennom arbeidet med regional plan for kystsona i Sunnhordland, er det samla og samanstillt eit stort kunnskapsgrunnlag som òg vil ha relevans for den marine verneplanen. I den regionale planen sitt plankart er høyringsområdet for marint vern ikkje vist. Det er likevel omtala og vist i temakart. Vidare er det utforma retningslinjer som skal medverke til å sikre ein berekraftig bruk i det framtidige verneområdet.

Det ligg tre sjøfuglreservat i kandidatområdet, og eitt til like utanfor. Vedvarande næringssvikt i fleire tiår gjer at desse reservata ikkje er nytta av sjøfugl i særleg stor grad i dag, men ein ser visse teikn til at næringstilbodet kan ha betra seg noko dei seinaste åra. Det er i tillegg to andre verneområde som grensar ned mot kandidatområdet, mellom anna skogreservatet Ånuglo naturreservat der Miljødirektoratet er grunneigar. For 50-60 år sidan var denne delen av Hardangerfjorden eit sær s viktig overvintringsområde for lomvi frå britiske hekkekoloniar. Denne funksjonen er heilt fråverande i dag, truleg på grunn av den same næringssvikten. Likevel er det godt med sild i fjorden i delar av året, og då er niser vanlege å sjå i området.

Kystsona langs kandidatområdet er prega av spreidd busetjing, hytter og naust med tilhøyrande båtplassar. Sjølv om det er mykje menneskeleg aktivitet knytt til denne delen av Hardangerfjorden, er området som er aktuelt for marint vern lite påverka av tekniske inngrep. Det fanst tre fiskeoppdrettsanlegg innanfor høyringsframlegget, men eitt av desse blir liggjande utanfor med den avgrensing som no vert tilrådd. Tillaten produksjonskapasitet (berre laks) for desse anlegga er i dag 10 100 tonn til saman.

Denne delen av Sunnhordland har stor industriell aktivitet, som mellom anna inneber nedsetjing av større maritime konstruksjonar på havbotnen. I samband med dette trengst eigna sjøareal. Dette skjer mellom anna i delar av Klosterfjorden.

Teinefiske etter krabbe, sjøkreps og hummar er populært, og også lokale kystfiskarar nyttar området i næringa si. Det ligg ingen reketrålingsfelt i området. Heile den ytre kysten av Noreg der stortare veks i tilstrekkelege mengder, er inndelt i soner for taretråling. Desse sonene går ikkje så langt inn i fjorden som her, så områda har aldri vore tråla for tare. Like fullt er det gode førekomstar av stortare i kandidatområdet.

7.2.3 Merknader til høyringsframlegget

Generelle merknader

Hordaland fylkeskommune tilrår ikkje vern av Ytre Hardangerfjorden av omsyn til eksisterande og framtidig akvakulturverksemd. Alternativt kan området avgrensast for ikkje å kome i konflikt med etablerte lokalitetar for akvakultur (dette må eventuelt konsekvensutgreiast).

Stord kommune uttrykte seg positivt til vern i oppstartsmeldinga, men bad om at vernet ikkje legg opp til unødige restriksjonar for næringsliv og samfunnsnyttige føremål. Det kom ingen uttale frå kommunen til høyringa. Fylkesmannen tolkar dette som at standpunktet frå oppstartsmeldinga er gjeldande.

Tysnes kommune er negativ til vern og meiner at dagens arealforvalting er god nok. Kommunen vil ikkje at næringsutviklinga i området skal bli hemma.

Kvinnherad kommune var positive til vern under oppstartsmeldinga, på ei rekke vilkår. Haldninga vart meir negativ under høyringa, ved at dei meiner at kommunen sjølv kan forvalte naturmangfaldet på ein god måte gjennom arealdelen til kommuneplanen, samt ved handsaming av einskildsaker gjennom ulike lovverk. Det er særskilt otte for at havbruksnæringa skal bli negativt råka som er grunnlaget for kommunens haldning, og dessutan at eit vern kan gjere det vanskelegare å realisere betre kommunikasjon mellom Kvinnherad og Stord/Tysnes.

Fiskeridirektoratet region Vest har ein rekke merknader, der det vert presisert at eit vern ikkje må gå ut over akvakulturverksemd og tradisjonelt fiske.

Fylkesmannen viser til at mange av høyringspartane framhevar at det er viktig at forvaltingsstyresmakta må halde nær og god kontakt med kommunar, instansar og etablerte verksemdar i området dersom vern vert ein realitet. Fylkesmannen vil så langt som råd ta med interesserte partar i forvaltinga av kysten og det marine verneområdet, også medrekna arbeidet med forvaltingsplan.

Akvakultur

Hordaland fylkeskommune, Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Tysnes kommune og Kvinnherad kommune meiner at verneforskrifta vil få store konsekvensar for akvakulturverksemdar i området.

Fiskeridirektoratet region Vest viser til at det er eit betydeleg omfang av akvakulturverksemd som er etablert i Ytre Hardangerfjorden, og reknar med at framlegg til vern vil få store konsekvensar for akvakulturverksemdar i området. Dei legg fram kart som viser at det er eit betydeleg omfang av akvakulturverksemd som er etablert innanfor og i randsona av framlegget til verneområde.

Sjømat Norge ser at det kan vere behov for å verne om korallførekomstane i området, men ber om at grensene vert justerte slik at eksisterande akvakulturanlegg vert haldne utanfor eit marint vern.

Lerøy Sjøtroll er imot framlegget om marint vern ettersom dette legg beslag på viktige produksjonsareal for sjømat.

Salmon Group AS er oppteken av at havbaserte næringar skal kunne utvikle seg i takt med andre næringar, til liks med tilsvarende verksemd i resten av landet.

Alsaker Fjordbruk AS har to oppdrettsanlegg i kandidatområdet og er imot vern, med mindre vernegrensa vert justert slik at desse anlegga kjem utanfor verneområdet. Om ein ikkje kan innfri dette, meiner dei at havbruk og andre viktige samfunnsinteresser bør handterast i verneforskrifta på linje med det som gjeld for straumforsyning.

Linga Laks AS støttar etablering av marin verneplan dersom ein tek omsyn til — og legg til rette for — eksisterande og framtidig næringsliv. Firmaet har eitt oppdrettsanlegg i kandidatområdet, og ber om at grensa vert justert slik at i det minste den overflatiske delen av anlegget fysisk kjem utanfor vernegrensene.

Fylkesmannen noterer at langt dei fleste innvendingane mot verneframlegget er relatert til akvakultur — dels av otte for at eksisterande anlegg skal bli pålagt strenge vilkår på grunn av marint vern, dels av uvisse om korleis søknadar om nye anlegg vil verte handterte, og også otte for at det ikkje vil bli lov å ta nye teknikkar i bruk i framtida. Fylkesmannen heile tida har gitt uttrykk for at akvakultur i området ikkje vil bli råka så lenge det ikkje er i strid med verneføremålet. Om nye anlegg skulle kome i strid med verneføremålet, kvalifiserer dei heller ikkje til løyve etter eksisterande lovverk ved at rimelege miljøkrav ikkje er stetta. At nye teknikkar ikkje kan takast i bruk er ein urimeleg påstand, ettersom utviklinga i fiskeoppdrettet vanskeleg kan gå andre vegar i framtida enn at driftsmetodane vert meir miljøforsvarlege enn

i dag. Dersom dagens teknikk kan forsvare seg i eit marint verneområde, kan sjølvsagt ein teknikk med høgare miljøstandard forsvare seg. Fylkesmannen er på ingen måte usamd i at akvakultur er ei viktig samfunnsinteresse som må takast godt i vare gjennom eit eventuelt vern, noko det også vert lagt opp til. Men ei god og framtidsretta forvaltning av naturgrunnlaget er den viktigaste samfunnsinteressa av alle, og må ligge til grunn for alle viktige forvaltningsvedtak i framtida, inne i eit verneområde som utanfor.

Fylkesmannen har tidlegare endra grensa i nærleiken av Husnes for å unngå at sterkt påverka område vart omfatta av verneframlegget. Linga Laks AS sitt ønske om grensejustering er kurant å innfri ved ein avgrensa tilleggsjustering i nett dette området. Tilsvarende ønske frå Alsaker Fjordbruk kan ikkje innfriast på same vis, då dette ville redusert omfanget av det marine reservatet sterkt. Endringane i verneforskrifta som dette firmaet føreslår kan heller ikkje innfriast, men dei bør uansett ha lite å uroe seg over om vern vert ein realitet.

Fiske og tarehausting

FMC Biopolymer registrerer at taretråling vert forbode i kandidatområdet. Dei kan ikkje sjå at det er trong for ytterlegare vern enn det som allereie er heimla i gjeldande hausteforskrift. Denne hausteforskrifta gjeld berre lenger ute på kysten, så industriell hausting av tare er faktisk allereie forbode i området i dag.

Fylkesmannen registrerer at mange er opptekne av fiskeressursane i området, og er ottefulle for framtidige restriksjonar på å kunne utnytte ressursane. Slike restriksjonar kan kanskje kome, men då etter heilt anna lovverk og ikkje etter verneforskrifta. Det er ingen motstrid mellom marin verneplan og tradisjonelt fiske. Det er ingen registrerte reketrålingsfelt i området. Kaste- og låssetjingsplassar har lang tradisjon i området, og det er ikkje aktuelt å legge ekstra restriksjonar på desse. Området ligg godt utanfor det vedtekne regimet med haustingssonar for tare etter taretrålingsforskrifta. Like fullt finst det gode førekomstar av tare i store delar av dette området. Dette er ein viktig naturfagleg kvalitet her, der forbod mot hausting ikkje er omstridt.

Oppankring

Kystverket viser til at dei sporadisk mottek søknader om oppankring av riggar og andre offshoreinstallasjonar i det aktuelle området, og at dette området er spesielt gunstig med tanke på botnforholda og lokalisering i forhold til sjøtrafikk, då dette ligg skjerma og det er liten kollisjonsfare. Dette gjeld ein bestemt del av området som Kystverket har kartfesta. Dei påpeiker vidare at det er eit stort behov for gode oppankringsplassar i Sunnhordland, og at kapasiteten i dei utpeikte rigg- og oppankringsområda er i mange tilfelle nådd. Det kan derfor vere få andre alternative stader kor slik verksemd eignar seg, både regionalt og nasjonalt.

Undersjøiske kablar

Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) stadfestar at verneframlegget ikkje har konsekvensar for kjende energiressursar, og heller ikkje rører ved definerte utgreiingsområde for havvind. Dei saknar nokre lokale områdekonsesjonærar på høyringslista, og dei minner om at NorthConnect KS har interesser i området.

Fylkesmannen viser til at det går ein undersjøisk straumkabel tvers over Hardangerfjorden frå Ånuglo til Kvinnherad. Denne er eigd av Sunnhordland Kraftlag (SKL), som ikkje har gitt uttale til planen. Drift og vedlikehald av ein slik kabel vert ikkje påverka av eit eventuelt vern. I 2017 pågår dessutan eit utgreiingsprosjekt for NorthConnect, som er ein planlagd straumkabel på botn av Hardangerfjorden frå Sima i Eidfjord til Skottland. Tiltakshavar har

vore i nær dialog med Fylkesmannen ettersom ein slik kabel vil passere sentralt i verneområdet, på store djup. Fylkesmannen har gitt samtykke i at ein i 2017 kan gjere undervassstekniske undersøkingar av havbotnen ved hjelp av sonar og prøvetaking av sediment, for å finne ein mogleg trase som er tenleg, men til minst mogleg ulempe for naturmiljøet. Konesjonssøknaden frå NorthConnect om likestrømsforbindelse mellom Norge og Storbritannia ligg til behandling hos NVE. Tiltakshavar er innforstått med at ein må søke om løyve etter gjeldande regelverk og også om dispensasjon frå ei verneforskrift om marint vern, der naturmangfaldlova § 48 må nyttast (tiltak av «vesentleg samfunnsinteresse»). NVE sin merknad om lokale områdekonesjonærar er relevant, men ingen av desse har anlegg i området.

Framtidig infrastruktur

Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner at samfunnsnyttige tiltak skal gå framfor vernestatus, med referanse til tankane om eit framtidig vegsamband mellom Kvinnherad og Stord/Tysnes.

Fylkesmannen viser at det dei siste åra er lansert tankar om ein framtidig tverrforbindelse med bru/veg/tunnel mellom Halsnøy i Kvinnherad og Huglo på Stord. Dette vil endre kommunikasjonslinene mellom Kvinnherad, Stord og Tysnes vesentleg. Prosjektet er enno ikkje planlagt og ikkje finansiert, men vil – om det vert realisert – krysse det marine verneområdet. Fleire instansar har i høyringa kommentert at denne visjonen ikkje må hindrast av eit marint vern. Planane er enno ikkje så konkrete at det er mogleg å ta dei inn som eit særskilt punkt i verneforskrifta, men må – om det vert aktuelt i framtida – handsamast som ein dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48. Eit så stort prosjekt er unekteleg eit tiltak av «vesentleg samfunnsinteresse», problemstillinga vil då truleg bli å greie ut ein trase og ei teknisk løysing som er til minst mogleg skade for miljøet, både marint og på land.

Industriell aktivitet i Klosterfjorden

Det er stor industriell aktivitet i denne delen av Sunnhordland, ikkje minst ved verksemdar som har spesialisert seg på store og krevjande oppgåver innan offshoreteknologi. Det siste året har fleire slike oppgåver ved store industribedrifter i Leirvik vore i fokus, ved at dei monterer saman store modular i open sjø. Klosterfjorden og særleg områda utanfor Hille vert rekna som særskilt vel eigna for slike oppdrag. Fenomenet er nytt, difor har dei aktuelle industribedriftene ikkje vore høyringspartar. Noko av denne aktiviteten kan kome i konflikt med planane om marint vern. Fylkesmannen har difor teke kontakt med industrien for å sjå korleis dette best kan løysast.

Namnsetjing

Kartverket har innvending mot den opphavlege nemninga «Ytre Hardangerfjord» og meiner at verneområdet bør namnsetjast i bunden form.

Fylkesmannen er samd i at «Ytre Hardangerfjorden» høver betre enn «Ytre Hardangerfjord» som namn på eit eventuelt verneområde.

7.2.4 Fylkesmannens tilråding

Fylkesmannen tilrår at grensa vert endra ved Husnes, slik at et eksisterande oppdrettsanlegg blir liggjande utanfor området. Dette utgjer ein arealreduksjon på omlag 1 km².

Fylkesmannen viser elles til vurderingane under dei einskilte tema, og rår til at verneframlegget vert ført vidare som føreslege. Innspela vil bli vidare vurdert i arbeidet med mellom anna forvaltingsplan. Det er ein klar føresetnad at vidare arbeid etter eit eventuelt vern skal skje i nært samråd og samhandling med involverte kommunar, relevante sektorstyresmakter og aktuelle næringsaktørar i området, men instansen som vert forvaltingsstyremakt må ha tilstrekkeleg kapasitet til å kunne utføre dette arbeidet i samsvar med intensjonane.

Fylkesmannen vil dessutan peike på at det nye Folgefonnsenteret (opna 2017) har vatnet sitt kretsloop som hovudtema. Dette omfattar også kystvatnet i Hardangerfjorden. Dersom eit marint verneområde vert realisert i denne delen av Hardangerfjorden, vil det vere naturleg å utvikle eit samarbeid med Folgefonnsenteret i den daglege forvaltinga av området.

7.2.5 Sakshandsaming i etterkant av Fylkesmannens tilråding

Ved brev 21.06.18 bad Miljødirektoratet om at Fylkesmannen gjorde ei ny vurdering av avgrensinga av Ytre Hardangerfjorden, i lys av den industrielle verksemda i området. Dette gjeld spesielt verksemdar som arbeider med store modular i open sjø, kor Klosterfjorden og områda utanfor Hille vert rekna som særskilt vel eigna for slike oppdrag.

I samband med dette har Fylkesmannen hatt dialog med Kværner. Fylkesmannen har ved brev av 11.04.19, motteke 06.05.19, føreslege ny avgrensing av området Ytre Hardangerfjorden av omsyn til den industrielle verksemda. Kværner har kartfesta fire aktuelle område for nedsetting av offshore strukturar. Fylkesmannens nye avgrensningsforslag inneber at tre av desse områda blir liggande utanfor verneforslaget, medrekna et nytt nedsetjingsområde for framtidige prosjekt. Forslaget inneber at arealet vert redusert frå 78 til 67,8 km² samanlikna med høyringsframlegget. Fylkesmannen viser mellom anna til at denne endringa ikkje kjem i konflikt med kjende korallførekomststar og heller ikkje den undersjøiske moreneryggen. Når det gjeld verksemd knytt til det nye nedsetjingspunktet, som no blir liggande utanfor avgrensningsforslaget, er Fylkesmannen likevel uroa over at kjemikalier som blir slept ut ved demolering av konstruksjonar kan påverke kjende korallførekomststar som ligg berre vel to kilometer unna. Fylkesmannen påpeker at ein ved vurdering av utsleppsløyve etter foureinningslova, må vurdere om strukturen kan tømmeast for skadelege stoff ein annan stad lenger ute i fjorden. Er ikkje dette mogleg, må ein stille særstrengt krav til kva utslepp og kva utsleppsgrensar som kan tolererast.

I samband med det nye avgrensningsforslaget, har Fylkesmannen også gjort ei ny vurdering av spørsmålet om å endre avgrensinga av omsyn til to eksisterande akvakulturanlegg. Fylkesmannen viser til at det tidlegare er foreslått endring slik at eit anlegg på den andre sida av fjorden blir liggande utanfor. Ei tilsvarande endring av omsyn til dei to andre anlegga, finn ikkje Fylkesmannen å kunne tilrå. Dette vil redusere området sterkt i areal, utover det som allereie er tilrådd.

7.2.6 Miljødirektoratets vurderingar og tilråding

Omsynet til eksisterande og framtidig akvakulturverksemd utgjer ei sentral problemstilling i arbeidet med verneframlegg for Ytre Hardangerfjorden. I tillegg kjem industriell aktivitet, medrekna operasjonar som mellom anna krev nedsetjing av store konstruksjonar på sjøbotnen.

Akvakultur

Miljødirektoratet viser til uttalen frå Fiskeridirektoratet region Vest, kor det vert peika på at eit betydeleg omfang av akvakulturverksemd er etablert innanfor og i randsona av framlegget til verneområde. Direktoratet viser til at det er tre eksisterande anlegg innanfor framlegget som vart send på høyring. Innanfor avgrensinga Fylkesmannen har føreslege etter høyring, er det to anlegg som ligg relativt langt innanfor føreslegne ytre avgrensing. Direktoratet viser til Fylkesmannens nye vurdering, og legg til at ei avgrensing som inneber at desse anlegga vert haldne utanfor, vil innebere ein relativt større arealreduksjon enn tilfellet er for Krossfjorden, sjå kap. 7.1. Ei slik endring vil mellom anna innebere at ein betydeleg del av skråningane ned mot fjordbotnen i nordvestre del av området må takast ut, og ein mister da noko av variasjonen i området.

Miljødirektoratet viser også til at føreslegne verneforskrift inneheld eit generelt (direkte) unntak for drift og vedlikehald av eksisterande anlegg, og ein spesifisert dispensasjonsregel for akvakultur som ikkje er i strid med verneføremålet. Den spesifiserte dispensasjonsregelen gjeld ny verksemd og til dømes utviding eller flytting av eksisterande verksemd.

I likskap med Fylkesmannen, kan heller ikkje Miljødirektoratet sjå at vern vil hindre at nye teknikkar kan bli tekne i bruk. Føreslegne verneforskrift set ingen restriksjonar når det gjeld kva for teknikkar/driftsmetodar som kan nyttast i akvakulturverksemd. Dette er noko som må vurderast konkret ved eventuelle søknader om løyve/dispensasjon. Generelt vil det vere større moglegheit for at det kan gis løyve, dersom det er snakk om teknikkar/driftsmetodar som gir mindre påverknad på verneføremål- og verdier.

Fiske og tarehausting

Verneframlegget vert vurdert å berre ha små/ubetydelege konsekvensar for dagens fiske. Dersom det i framtida skulle bli aktuelt å vurdere restriksjonar av omsyn til korallførekomstar, må moglege verknader for fiske vurderast konkret, sjå også kapittel 5.2.3.

Miljødirektoratet noterer at det ikkje er tråling etter tare i Ytre Hardangerfjorden i dag. Det finst det gode førekomstar av tare i store delar av dette området. Tareskog utgjer ein særskild viktig komponent i det undersjøiske naturmiljøet, med tanke på både produksjon av organisk materiale og biologisk mangfald. Et forbod mot tarehausting er difor vurdert å få positiv betydning for verneføremål og -verdier. Eit forbod mot hausting vil i ubetydeleg grad ha negative konsekvensar for dagens næringsverksemd. Samstundes skriv FMC Biopolymer AS i sitt høyringsinnspel at ein ikkje kan sjå bort i frå at det i framtida vil kunne vere aktuelt med hausting av stortare ved nye teknologiar.

Miljødirektoratet vurderer det slik at dei langsiktige verneverdiane bør vege tyngst, og viser til at føreslegne verneforskrifter ikkje opnar for tarehausting. Sjå også omtalen av tarehausting i kapittel 5.2.4.

Oppankring

Når det gjeld Kystverkets merknad, noterer Miljødirektoratet at forskrifta opnar for oppankring mot land, men ikkje oppankring ut over dette.. Oppankringsområdet som Kystverket har kartfesta, ligg utanfor det nye avgrensningsforslaget.

Undersjøiske kablar

Det ligg fleire sjøkablar på botnen gjennom området. Drift og vedlikehald av eksisterande kablar vert ikkje påverka av vern. Legging av nye kablar og røyrleidningar må det søkjast om, i tråd med verneforskrifta.

Ein ny, større kabel på langs av Hardangerfjorden kan bli aktuelt i nær framtid, da NorthConnect har planlagt straumkabel på botn av Hardangerfjorden frå Sima i Eidfjord til Skottland. Trase for sjøkabelen ligg sentralt i verneområdet, på store djup. Konesjonssøknaden med konsekvensutgreiing vart sendt frå NorthConnect KS til NVE i januar 2018. Fylkesmannen skriv i si tilråding at tiltakshavar er innforstått med at ein då må søke om løyve etter gjeldande regelverk og også om dispensasjon frå ei verneforskrift om marint vern, der naturmangfaldlova §48 må nyttast (tiltak av «vesentleg samfunnsinteresse»).

Konesjonssøknaden frå NorthConnect om likestrømsforbindelse mellom Norge og Storbritannia ligg til behandling hos NVE. Fylkesmannen i Hordaland skreiv i sin høyringsuttale¹⁷ til konesjonssøknaden at saka må vurderast i lys av naturmangfaldlova § 44, for å sikre at vernekvartetar ikkje går tapt medan den formelle verneprosessen pågår. Det er vedtaksinstansen, i dette tilfellet NVE, som må gjere denne vurderinga. Vidare skriv Fylkesmannen at *"For å avgrense moglege skade og/eller belastning på sårbar natur må naturmangfaldslova § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar takast i bruk. Tiltakshavar skal bruke beste tilgjengelege teknologi når kabelen skal gravast ned og dekkast til. Dette kan til dømes vere å minimere oppvirvling av sediment ved å «suge opp» undervegs og deponere massane lengre i frå dei sårbare områdene. Steinmassar som skal brukast til å dekke til kabelen kan vaskast før bruk slik at finpartiklar vert fjerna. Når det gjeld omsynet til kandidat område for marint verneområde legg vi soleis til grunn at ein vil justere traseen for å unngå spesielle førekomstar på havbotnen, også ved passering av israndavsetninga. Det er og viktig å ta omsyn til korallreva som er registrert ulike stader i fjorden. Vidare planlegging må skje i nært samarbeid med Fylkesmannen, men NVE må som vedtaksinstans handtere saka i samsvar med naturmangfaldlova § 44."*

Miljødirektoratet viser til at framlegget til verneforskrift inneheld ein spesifisert dispensasjonsregel om at forvaltingsstyresmakta etter søknad kan gi løyve til legging av kablar og røyrleidningar. Dersom det kjem ein søknad om legging av kabel etter eit eventuelt vernevedtak, er det denne regelen som må nyttast, og ikkje naturmangfaldlova § 48.

Framtidig infrastruktur

Miljødirektoratet viser til Fylkesmannen sine kommentarar når det gjeld eit framtidig tverrsamband mellom Halsnøy og Huglo. Eit slikt samband med bru- eller tunnelloysing mellom Halsnøy og Huglo er diskutert og kan bli ein realitet i framtida. Bygging av nye tekniske tiltak må det søkjast dispensasjon om etter verneforskrifta. Prosjektet er enno ikkje planlagt eller finansierte, og er ikkje prioritert i Nasjonal Transportplan 2018-2029. Om prosjektet vert realisert, vil tverrsambandet krysse det marine verneområdet.

I samsvar med naturmangfaldlova § 48 kan forvaltingsstyresmakta gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Når det gjeld tolking av denne dispensasjonsregelen,

¹⁷ Brev frå Fylkesmannen i Hordaland - Uttale til konesjonssøknad om ny straumkabel frå Sima i Eidfjord til Peterhead i Skottland. <http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201101044/2445503>, side 217-221.

medrekna kva som kan reknast som vesentlege samfunnsinteresser, viser vi til kapittel 6. Sidan det ikkje ligg føre konkrete planar for ein slikt tverrsamband, er det ikkje mogleg å vurdere korleis og i kva for grad eit slikt tiltak vil kunne påverke det føreslegne verneområdet.

Industriell aktivitet i Klosterfjorden og oppankring

Den maritime skipsindustrien i regionen er i ferd med å spesialisere seg på monteringsoppdrag av spesielt store modular. Nokre slike nedsettings- og monteringsoppdrag har vore utført i delar av Ytre Hardangerfjorden, og spesielt området rundt Hille og Klosterfjorden, kor djup fjord, flat botn, samt faste morenemassar og fjell, gjer at området eignar seg særers godt til slike føremål. Kystverket skriv i sitt høyringsinnspel at dei sporadisk mottek søknader om oppankring av riggar og andre offshoreinstallasjonar, og at det aktuelle området er spesielt gunstig med tanke på botnforholda og lokalisering i forhold til sjøtrafikk, då dette ligg skjerna og det er liten kollisjonsfare. Dei skriv vidare at det er eit stort behov for gode oppankringsplassar i Sunnhordland, og at kapasiteten i dei utpeikte rigg- og oppankringsområda er i mange tilfelle nådd.

Miljødirektoratet viser også til Fylkesmannen sitt nye forslag om grenseendring av omsyn til den industrielle aktiviteten i den søndre delen av området, jf. kap. 7.2.5. Kværner har kartfesta fire aktuelle område for nedsetting av offshore strukturar. Fylkesmannen sitt nye avgrensingsforslag inneber at tre av desse områda blir liggande utanfor verneforslaget, medrekna et nytt nedsetjingsområde for framtidige prosjekt. Når det gjelde det eine området som ligg innanfor forslaget, har Kværner gitt uttrykk for at ein ser at det vil vere utfordrande å ta ut dette frå det føreslegne verneområdet da det ligg rett på moreneryggen.

Miljødirektoratet sluttar seg til Fylkesmannen sitt nye avgrensingsforslag. Miljødirektoratet forstår Kværner sine merknader slik at ein er tilfreds med den avgrensinga Fylkesmannen no har føreslege. Moreneryggen er en heilt sentral komponent i verneforslaget og inngår i verneføremålet. Direktoratet legg vekt på at moreneryggen, som i naturtypesamanhang er klassifisert som ei israndavsetjing og er vurdert som ein viktig naturtype, framleis blir liggjande innanfor verneforslaget. Det same gjelde spesielle førekomstar som til dømes korallar. Miljødirektoratet legg vidare til grunn at dei aktuelle industrielle operasjonane krev heilt spesielle botn- og djupnetilhøve, og at det er svært vanskeleg å finne alternative område. Det same vart lagt til grunn da Miljødirektoratet 12.06.18 på visse vilkår ga Saipem Norge AS løyve etter forureiningslova til kutting av eit plattformunderstell ved Søre Hillegrunn. Løynet gjaldt eit område som ligg sørvest for øya Hille og like innanfor avgrensingsforslaget i Fylkesmannens tilråding, men utanfor det nye avgrensingsforslaget. Plattformunderstellet inneheldt eit korrosjonshemmande biocid. Det aktuelle biocidet er særers giftig for levande organismar, men er biologisk nedbryteleg og akkumulerast ikkje i organismar. Samstundes viser ein sluttrapport frå oppkuttingsprosjektet at utslepp av biocidet kan ha hatt giftige effektar opp til tre kilometer frå utsleppsstaden. Det er derfor viktig at moglege innverknader på verneverdiane i området vert vurdert grundig ved framtidige søknader, jf. også naturmangfaldlova § 49.

Det nye avgrensingsforslaget tek også omsyn til Kystverkets merknad, da det nye nedsetjingsområdet ligg i same del av Ytre Hardangerfjorden som oppankringsområdet.

Når det gjeld namnsetjing viser Miljødirektoratet til kap. 3.3 og 5.2.7.

Miljødirektoratet tilrår følgjande endring samanlikna med Fylkesmannen si tilråding:

- *Avgrensinga mot sør endrast av omsyn til industriell aktivitet. Dette utgjer ein arealreduksjon på 9,2 km²*

Med dei føreslegne endringane i avgrensing, vurderer Miljødirektoratet at vern av Ytre Hardangerfjorden ikkje har vesentlege negative verknader for andre samfunnsinteresser. Dei største negative verknadene er knytt til at akvakulturnæringa må søke om dispensasjon for etablering av nye anlegg og utviding og flytting av eksisterande anlegg. Vidare vil Kværner vil miste eit nedsetjingsområde dei i dag nyttar for si verksemd, men eit nytt område som er avsett for framtidige prosjekt bli liggande utanfor forslaget. Samtidig vil vern med den avgrensinga som no vert tilrådd sikre viktige verneverdiar og dermed bidra til at nasjonale mål og internasjonale forpliktingar vert oppfylt, jf. kap. 1.1.

Miljødirektoratet viser elles til Fylkesmannens kommentarar og tilråding, dei generelle kommentarane i kapittel 5 og 6 og tilrår at Krossfjorden vernast i tråd med vedlagte forskrift og kart.

7.3 Lurefjorden og Lindåsosane, Lindås, Radøy og Austrheim kommunar, Hordaland fylke

7.3.1 Særskilde verneverdiar

Dette kandidatområdet omfattar heile Lurefjorden og Lindåsosane i Nordhordland, og er om lag 71 km² stort i eit relativt flatt kystlandskap med strandflater og låge åsar med skog, lynghei og noko jordbruksland. Lurefjorden er ein markert terskelfjord, der all utskifting av vatn skjer ved tidevasstraumar over fire grunne sund. Dette gjer fjorden svært spesiell. Det er særpreget ved desse hydrologiske tilhøva som gjer at Lurefjorden er kandidatområde for marint vern. Fjordsystemet er relativt lukka, men likevel ganske djupt – på det meste ned til 440 meter. Dei grunne tersklane gjer likevel at utskiftinga av vatn går tregt. Det vil ta 193 dagar å skifte ut alt vatn i fjorden over tersklane om utskiftinga var total. Utskiftinga er langt frå total, så mykje av vatnet mot botnen vert verande vesentleg lenger enn dette. Det gjer Lurefjorden til ein dårleg resipient, og dette er grunnen til at det i dag ikkje finst eitt einaste fiskeoppdrettsanlegg i denne fjorden.

Botnvatnet i Lurefjorden er relativt kaldt, og artane som lever her er tilpassa kaldare vatn. Fleire relikter etter siste istid er å finne i fjorden, i godt monn. Ishavsåte er eit vanleg dyreplankton her, og ein må til det nordlege Barentshavet for å finne tilsvarande mengder av arten. Også pungreke og kommakreps kan reknast som slike istidsrelikter. Dette er artar som var vanlege i Hordaland under istida, men som forsvann på grunn av gradvis aukande vassstemperatur. I Lindåsosane har desse artane funne ein tilfluktsstad med tilstrekkeleg låge temperaturar året rundt.

Den spesielle sildestamma i Lindåsosane er velkjend og godt dokumentert. Endå meir kjent er dei rike førekomstane av kronemaneten *Periphylla periphylla*. Denne arten er vidt utbreidd i verda, men oftast på store havdjup. Lurefjorden utmerkar seg med uvanleg sterk førekomst av arten, på grunnare vatn enn det som elles er vanleg. Ei viktig årsak er truleg at det er svært lite lys på botnen av Lurefjorden. På 200 meters djup i Lurefjorden er det 10 000 gongar mørkare enn i andre fjordar.

Dette favoriserer kronemaneten, men er eit problem for fisk. Fisk klarar ikkje sjå byttet sitt under slike tilhøve. Det er ikkje mangel på mat på botnen av Lurefjorden, for talet på byttedyr

er langt høgare her enn i andre fjordar. Men sidan fisken ser så dårleg når det er mørkt, har manetene nærast monopol på dei store byttedyrførekomstane.

Dei første manetene vart observert i fjorden på midten av 1970-talet. Sidan har omfanget berre auka, og dei siste åra har dei totalt utkonkurrert fisken i fjorden. Det kan vere så mykje som 50 000 til 60 000 tonn kronemanetar i Lurefjorden, som synest å ha påverka heile næringskjeda og har drive vekk alle konkurrentar.

Lurefjorden, Lindåsosane og nærområde til desse områda på land har elles store landskapsmessige kvalitetar. Området står difor på Riksantikvarens liste over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Rapporten framhevar 9 slike landskap i Hordaland, og Lurefjorden har her fått nemninga «Indre farleia».

7.3.2 Planstatus og inngrepsstatus

I Lindås kommune gjeld kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011-2023 som overordna plan for store delar av verneområdet. Rundt Keila gjeld kommunedelplanen for Lindåsneset og Mongstad 2010-2022. Kommuneplanen 2011-2023 gjeld per i dag for området inst i Seimsfjorden og området mellom Lygra og Feste. Kandidatområdet er ikkje utheva i nokre av desse plankarta, men ingen føreliggjande kommunal plan synest å vere i strid med verneframlegget.

Kommuneplan 2006-2017 i Austrheim kommune dekker nordvestre delar av kandidatområdet. Arealbruk i sjø er i hovudsak fiske-, ferdsel-, natur- og friluftsområde. I tillegg er små areal sett av til akvakultur, kaste- og låssetjingsplassar, gyteområde, småbåthamner, næringsområde i sjø og hamneområde i sjø. Ny kommuneplan for Austrheim har vore på høyring i 2016.

I Radøy dekker kommuneplan 2011-2023 ein liten del av Lurefjorden rundt Fesøy. Her er havområda avsett til naturområde vatn, med eit mindre trålefelt for reker avmerkt. Det er ukjent for Fylkesmannen at dette trålefeltet er i bruk.

Fylkesdelplan for kysten i Hordaland frå 2001 skildrar mål, retningslinjer og tiltak for bruk og vern av kystsona. Det overordna målet er at kystsona i Hordaland skal nyttast med ein balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverke til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling. Måla og retningslinjene for planen er ført vidare i gjeldande Fylkesplan for Hordaland frå 2008. Fylkesdelplanen kapittel 8.2 og 8.3 inneheld arealpolitiske føringar som er relevante for planarbeidet.

Det ligg fem mindre sjøfuglreservat i Lurefjorden. Desse vart oppretta i 1987 for å verne om hekkeplassar for sjøfuglane. Bestandane av dei fleste sjøfuglartane har gått sterkt tilbake i området dei siste tiåra, og i dag er berre eitt av desse sjøfuglreservata livskraftig. Kystsona i kandidatområdet er prega av spreidd busetjing, hytter og naust med tilhøyrande båtplassar. Sjølv om det er mykje menneskeleg aktivitet knytt til denne delen av Hordaland, er området som er aktuelt for marint vern lite påverka av tekniske inngrep. Dårlige resipienttilhøve gjer at det ikkje finst eitt einaste matfiskanlegg i kandidatområdet. Ved Nesfossen ligg eit setjefiskanlegg. Det fekk løyve til å mangedoble produksjonen for få år sidan, med tilhøyrande pålegg om mindre forbruk av ferskvatn og strenge krav til utslepp. Omsynet til eit mogleg framtidig vern vart sterkt inne i den vurderinga.

7.3.3 Merknader til høyringsframlegget

Generelle merknader

Hordaland fylkeskommune er positive til marint vern av dette kandidatområdet. Dette er særeige og representativt for norsk natur og ein god kandidat for vern.

Radøy kommune har ikkje respondert skriftleg til korkje oppstartsmelding eller høyringa. Saka har vore handsama av formannskapet, og ein hadde der ikkje merknader til saka. Ut i frå kommunikasjon med lokale politikarar og representantar i Nordhordlandsrådet legg Fylkesmannen til grunn at ein kan rekne kommunen som positiv til verneframlegget.

Austrheim kommune og Lindås kommune uttalte seg i etterkant av fylkesmannens tilråding, , sjå kap. 7.3.5.

Nordhordlandsrådet har ikkje gitt skriftleg uttale, men saka har vore lagt fram for dette regionrådet. Fylkesmannens inntrykk er at instansen ser på marint vern av kandidatområdet som eit godt argument i kommunane sin eigen uavhengige prosess om å søkje status som eit UNESCO Man and Biosphere Reserve.

Fylkesmannen viser til at fleire av høyringspartane framhevar at det er viktig at forvaltingsstyresmakta må halde nær og god kontakt med kommunar, instansar og etablerte verksemdar i området dersom vern vert ein realitet. Fylkesmannen vil så langt som råd ta med interesserte partar i forvaltinga av kysten og det marine verneområdet, også medrekna arbeidet med forvaltingsplan.

Akvakultur

Fylkesmannen viser til at spørsmål knytt til akvakultur ikkje er framtreddande i dette kandidatområdet – her finst det ikkje matfiskproduksjon i dag, og det vil det neppe kunne gjere i framtida heller med dagens rådande teknologi. Dette er nok hovudårsaka til at planane om marint vern langt på veg synest å vere akseptert her, samanlikna med dei to andre kandidatområda i Hordaland.

Fiskeridirektoratet region Vest meiner på generell basis at verneforskriftene vil få store konsekvensar for akvakulturverksemdar. Direktoratets uttale er felles for tre område.

Fylkesmannen viser til at dei ikkje nemner Lurefjorden og Lindåsosane spesielt, men det er neppe grunn til å tru at dei meiner at konsekvensane vert så store i nett dette området.

Sjømat Norge erkjenner at dette kandidatområdet ikkje er særleg aktuelt for merdbasert akvakulturproduksjon i sjø med dagens teknikk, men meiner at verneforskrifta må innrettast slik at det vil vere mogleg å ta i bruk nye teknikkar også her. Vernet må ikkje innrettast slik at får innverknad på eksisterande smoltanlegg.

Salmon Group AS er oppteken av at havbaserte næringar skal kunne utvikle seg i takt med andre næringar, til liks med tilsvarende verksemd i resten av landet.

Mattilsynet Region Sør og Vest peiker på at med omsyn til vidareutvikling av eksisterande settefiskanlegg, bør forbodet mot utføring av "avløpsvatn" i verneforskriftene endrast til "ufiltrert" avløpsvatn.

Fylkesmannen registrerer at det er allmenn aksept for at desse områda ikkje er aktuelle for merdbasert matfiskproduksjon med dagens teknikk, og at motstanden mot marint vern frå desse næringsinteressene såleis er langt mindre enn elles. Fleire av høyringspartane tek til orde for at interessene til smoltanlegget på Nesfossen ikkje må bli råka. Det vert dei heller ikkje. Dette settefiskanlegget har fått løyve til å produsere 8-9 gongar meir smolt enn tidlegare, ved å ta i bruk ny teknikk og innfri krav om lågare utslepp til miljøet. Fylkesmannen har vore med på å utvikle denne løysinga, mellom anna med bakgrunn i at resipienten er sårbar og området er kandidat for marint vern.

Fiske og tarehausting

FMC Biopolymer registrerer at taretråling vert forbode i kandidatområdet. Dei kan ikkje sjå at det er trong for ytterlegare vern enn det som allereie er heimla i gjeldande hausteforskrift. Denne hausteforskrifta gjeld berre lenger ute på kysten, så industriell hausting av tare er allereie forbode i området i dag.

Fylkesmannen viser til at verneforskrifta ikkje vil sette nye restriksjonar på tradisjonelt fiske, korkje næringsfiske eller fritidsfiske. Taretråling er allereie forbode etter anna forskrift i dag, og det finst ikkje store mengder tare i kandidatområdet.

Sjøkablar

Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) stadfestar at verneframlegget ikkje har konsekvensar for kjende energiressursar, men har i oppstartmeldinga nemnt planane om kraftleidning mellom Mongstad og Kollsnes som vil krysse Lurefjorden i kabel.

Fylkesmannen viser til at den aktuelle straumkabelen mellom Mongstad og Kollsnes er klarert etter planane om marint vern, og vart akseptert ved at framføring i kabel gjennom kandidatområdet var ei betre heilskapleg løysing enn framføring i luftleidning rundt Lurefjorden. Tilsvarande konklusjon vart akseptert for petroleumsleidning frå Johan Sverdrup-feltet i Nordsjøen til Mongstad, men her valde tiltakshavar til slutt ei anna løysing etter eiga vurdering. I 2017 vart også ein undersjøisk leidning for prosessvatn til Mongstad klarert og vedteken gjennom nordaustre delar av kandidatområdet. Det er ikkje så mykje hardbotn i Lurefjorden, noko som gjer det lettare å akseptere denne typen inngrep.

Anlegg

Fylkesmannen viser til at fleire høyringspartar (privatpersonar) gir uttrykk for otte for at utslepp og sig frå NGIR sitt avfallsdeponi i Kjevikdalen i Lindås vil føre til uforsvarleg ureining av Lurefjorden. Tilsvarande argument vert også nytta om smoltanlegget ved Nesfossen. Fylkesmannen er medviten utfordringar av denne typen. Plassering av eit større avfallsdeponi er sjølv sagt ikkje ein ønskesituasjon i nedslagsfeltet til eit marint verneområde, men anlegget i Kjevikdalen vart bygd lenge før planane om marint vern vart aktualiserte. Det er ikkje aktuelt å stenge eit slikt anlegg. Vilkåra som er sett til anlegget for utslepp vert jamleg vurdert og revidert, og gjeldande krav tilpassa den føreliggjande situasjonen. Dette skjer etter sektorlov og ikkje etter verneforskrifta om marint vern, men dei som forvaltar sektorlovene vil sjølv sagt vere medvitne om at det marine livet i Lurefjorden er sårbart for tilførsle av ureining.

Undersjøiske kablar

Fylkesmannen viser til at det er fleire slike kablar i kandidatområdet i dag, og fleire kan kome. Det vil krevje spesiell søknad og spesifikk vurdering, men slik botntilhøva er her

mange stader er truleg Lurefjorden og Lindåsosane mindre sårbart for slike tekniske inngrep enn mange andre marine område i regionen.

Andre forhold

Fylkesmannen viser til at dei 3 kommunane som soknar til Lurefjorden og Lindåsosane er mellom 10 kommunar som har samla seg om eit interkommunalt initiativ for å søke om status som eit UNESCO Man and Biosphere Reserve. Slike biosfæreservat skal byggjast kring eksisterande verneområde med tilhøyrande buffersoner. Søknad skal etter planen sendast i nær framtid, og skal vurderast i løpet av det næraste året. Søknaden kan sentrerast omkring andre større verneområde enn Lurefjorden, men dersom eit vern av Lurefjorden og Lindåsosane vert ein realitet, bør dette heilt klart vere ein styrke for kommunane sin søknad om biosfæreservat. Motsett vil ein status som biosfæreservat på ingen måte ha negative konsekvensar for det marine miljøet i Lurefjorden og Lindåsosane.

7.3.4 Fylkesmannens tilråding

Fylkesmannen viser til vurderingane under dei einskilte tema, og rår sterkt til at verneframlegget vert ført vidare som føreslege. Innspela vil bli vidare vurdert i arbeidet med mellom anna forvaltingsplan. Det er ein klar føresetnad at vidare arbeid etter eit eventuelt vern skal skje i nært samråd og samhandling med involverte kommunar, relevante sektorstyresmakter og aktuelle næringsaktørar i området, men instansen som vert forvaltingsstyremakt må ha tilstrekkeleg kapasitet til å kunne utføre dette arbeidet i samsvar med intensjonane.

7.3.5 Sakshandsaming i etterkant av fylkesmannens tilråding

Austrheim kommune og Lindås kommune er positive til at det marine naturmiljøet med sitt unike økosystem blir tatt vare på.

Lindås kommune har merknader til framlegget til verneforskrift:

- Formuleringa av direkte unntak for drift og vedlikehald av andre eksisterande anlegg og innretingar i § 4, må endrast slik at den gjelde tiltak som ligg innanfor verneforskrifta sitt verkeområde. Det er unaturleg at forskrifta viser til tiltak på land, der verneforskrifta ikkje skal gjelde.
- Forskrifta bør ha døme på kva som fell inn under tilretteleggingstiltak til for friluftsliv, jf. spesifisert dispensasjonsregel i § 5.
- For separate utslepp etter forureiningslova kapittel 12 må det være direkte unntak i forskrifta, eventuelt ein spesifisert dispensasjonsregel.

Fylkesmannen viser til at endring i § 4 verkar unødvendig, ettersom alle element i verneforskrifta berre gjeld innanfor området si geografiske avgrensing. Det er vanskeleg å konkretisere kva som ligg i tilretteleggingstiltak for friluftsliv, og det bør heller ikkje være naudsynt. Når det gjeld forholdet til forureiningslova, antar fylkesmannen at dette er knytt til gamle utslippsleidningar for kloakk, der det kanskje blir kopla på ein ekstra husstand som følge av godkjende tiltak utanfor verneområdet. Ein kan være einig i at dette bør avklarast ein stad, men ikkje nødvendigvis i verneforskrifta.

7.3.6 Miljødirektoratets vurderingar og tilråding

Akvakultur

Det finst ingen akvakulturverksemd i området i dag, da Lurefjorden og Lindåsosane er ein dårleg resipient med vassutskifting. Dette gjer det også mindre sannsynleg med matfiskproduksjon i området også i framtida, med mindre ny teknikk eller teknologiske løysningar for akvakultur utviklast. Forslaget til verneforskrift inneheld ein spesifisert dispensasjonsregel for akvakultur.

Miljødirektoratet viser til merknadene frå Mattilsynet og Fylkesmannen når det gjeld eksisterande settefiskanlegg. Anlegget ligg på land. Fylkesmannen har overfor direktoratet bekrefta at anlegget har avløp innanfor det føreslegne verneområdet. Vernereglane i § 3 i forskriftsforslaget set forbod mot mellom anna utføring av avløpsvatn. Miljødirektoratet tilrår at det i forslaget til verneforskrift vert tatt inn eit generelt (direkte) unntak for utslepp av filtrert avløpsvatn frå settefiskanlegg.

Taretråling og fiske

Taretråling er allereie forbode i området, og det finst ikkje store mengder tare i kandidatområdet. Framlegget til verneforskrift set ingen restriksjonar på fiske.

Sjøkablar og røyrleidningar

Det er fleire *sjøkablar* i kandidatområdet i dag, og fleire er under planlegging. Drift og vedlikehald av eksisterande kablar vert ikkje påverka av vern, mens legging av nye kablar og røyrleidningar må søkjast om i tråd med verneforskrifta. Det er blant anna planar om kraftleidning mellom Mongstad og Kollsnes som kan krysse Lurefjorden i kabel. Fylkesmannen skriv i si tilråding at den aktuelle straumkabelen mellom Mongstad og Kollsnes er klarert etter planane om marint vern, og vart akseptert ved at framføring i kabel gjennom kandidatområdet var eit betre heilskapleg løysing enn framføring i luftleidning rundt Lurefjorden. I 2017 vart også ein undersjøisk leidning for prosessvatn til Mongstad klarert og vedteken gjennom nordaustre delar av kandidatområdet. Det er ikkje så mykje hardbotn i Lurefjorden, noko som gjer det lettare å akseptere denne typen inngrep. Konsekvensane ved eit verneområde blir derfor også avgrensa. Fylkesmannen nemner tilfelle knytt til gamle utslippsleidningar for kloakk, der det blir kopla på ein ekstra husstand utanfor verneområde som følge av godkjende tiltak. Slike tilfelle vil etter Miljødirektoratet si vurdering kome inn under unntaket for drift og vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar i § 4. Nye avløpsleidningar inne i verneområdet vil, sjølv om det berre er frå ein husholdning, krevje dispensasjon frå verneforskrifta. Oppgradering av avløpsleidningar, for eksempel utskifting til større dimensjon, fell utanfor unntaket for drift og vedlikehald og eksisterande anlegg og innretningar. Søknader om dispensasjon må handsamast etter den spesifiserte dispensasjonsregelen i § 5 bokstav a. Miljødirektoratet vil ikkje tilrå direkte unntak slik Lindås kommune primært ber om. Dette fordi det er viktig at forvaltingstyresmakta kan vurdere tiltaket med tanke på verneføremål og verneverdiar og eventuelt sette vilkår av omsyn til dette.

Andre forhold

Spørsmålet om UNESCO Man and Biosphere Reserve er omtalt i kap. 1.1.

Når det gjeld Lindås kommune sin merknad om at forskrifta bør gi døme på kva som fell inn under tilretteleggingstiltak til for friluftsliv, er Miljødirektoratet si vurdering at dette er noko som kan avklarast i ei forvaltingsplan for området.

På bakgrunn av omtalen av særskilte verneverdiar ovanfor, må Lurefjorden og Lindåsosane kunne karakteriserast som eit særeige økosystem utan tyngre naturinngrep, jf. naturmangfaldlova § 39 bokstav a, og Miljødirektoratet tilrår at ordlyden i verneforskrifta § 1 (føremål) vert justert slik at dette kjem frem.

Miljødirektoratet tilrår følgjande endring i forskrifta samanlikna med Fylkesmannen si tilråding:

- *I § 1 vert formuleringa "... spesielt kystområde ..." erstatta med " ...særeige økosystem som er " ...utan tyngre naturinngrep ...".*
- *I § 4 vert det tatt det inn en ny generell unntaksregel for "Utslepp av filtrert avløpsvatn frå settefiskanlegg."*

Vern av Lurefjorden og Lindåsosane er ikkje vurdert å ha vesentlege negative verknader for andre samfunnsinteresser. Samtidig vil vern av området bidra til at nasjonale mål og forpliktingar vert oppfylt, jf. kap. 1.1

Miljødirektoratet viser elles til Fylkesmannens kommentarar og tilråding, dei generelle kommentarane i kap. 5 og 6, og tilrår at Lurefjorden og Lindåsosane vernast i tråd med vedlagte forskrift og kart.